

ÅRSMELDING OG REKNESKAP

2024





Banksjefen sine tankar

2024 vart eit godt år for Voss Sparebank. Banken sine produkt og tenester står seg godt i konkurransen med andre bankar, og me opplevde god vekst i både innskot og utlån gjennom året. Voss Sparebank er eigd av lokalsamfunnet og i 2024 gav me 6 millionar kroner attende i gåver til frivillige lag og organisasjonar lokalt. I tillegg støtta me kultur og idrott med sponsormidlar på om lag 3 millionar kroner. Dette gjer at livet på Voss vert betre for alle som bur og lever her.

Banken gav òg ei stor gåva til investeringsstiftinga for Hardanger Voss. Stiftinga sitt føremål er å bidra til nyskaping og vekst i regionen, gjennom såkornfondet HardangerVossfondet.

Det er ei gleda for oss å kunna vera bygda sin eigen bank på dette viset, og det vil me halda fram med i komande år. Me takkar alle kundar og samarbeidspartar, og gler oss til framhaldet.



Jørund Rong
Adm. banksjef
Voss Sparebank

EIT NASJONALT IKON VENDER HEIM

OM «BIRKEBEINERNE» AV KNUD BERGSLIEN

Fortalt av Dr.philos. Knut Ljøgårdt, Direktør, Nordic Institute of Art



Det var ei nasjonal hending då Knud Bergslien sitt hovudverk, «Birkebeinerne på ski over fjellet fører Håkon Håkonsson som barn til Trondheim» (1869), kunne avdukast i Voss Sparebank i august 2024. Måleriet, som inntil nyleg har vore i utanlandsk eige, er kjøpt attende av Voss Sparebank med tanke på det planlagde Bergslien Kunstmuseum. Måleriet er eit av dei mest kjende måleria frå norsk kunst i andre halvdel av 1800-talet; eit nasjonalt ikon.

Knud Bergslien

Knud Larsen Bergslien (1827–1908) vaks opp i Bergslitræet på Voss saman med broren, bilethoggaren Brynjulf Bergslien, som mellom anna er kjend for rytarmonumentet av Karl Johan på Slottsplassen i Oslo. Knud Bergslien sjølv verva seg fyrst som soldat. Ved den lokale teikneskulen i Bergen fekk han undervising av landskapsmålaren Hans Reusch, som i si tid hadde vore elev av J.C. Dahl i Dresden. Takk vere støtte frå ei gruppe borgarar i Bergen kunne Bergslien reisa til Antwerpen for å studera ved Kunstakademiet frå 1849 til 1852, avbrote av eit kort studieopphold i Paris.

I 1855 drog han vidare til Düsseldorf, der han budde og arbeidde i nærmere femten år. Her høyрde han til krinsen rundt Adolph Tidemand, og det ser ut til at han hovudsakleg arbeidde på eiga hand. Ei tid delte han atelier med ein annan norsk målar, historiemålaren Peter Nicolai Arbo.

Under romantikken på 1800-talet vart det sett på som viktig å definera dei einskilde folka og landa sine eigne kulturar og historie. For ein ung nasjon som Noreg var det særleg viktig å skildra motiv av nasjonal karakter. Kunstnarar og forfattarar her til lands spesialiserte seg innan landskapsmåleri og folkelivsskildringar. Historiemåleriet hadde ikkje like stort fotfeste i Noreg som i våre skandinaviske naboland eller elles i Europa. Knud Bergslien var ein av få norske kunstnarar som søkte å spesialisera seg innan historiemåleriet. Det var særleg motiv frå norrøn mytologi og sagatida si historie som interesserte dei.

I 1869 vende Bergslien heim til Noreg og slo seg ned i hovedstaden Christiania. Her byrja han å undervisa på Eckersbergs Malarskule, som han frå 1872 overtok og dreiv under namnet «Bergsliens Malerskole». Som målar konsentrerte han seg om motiv frå sagatida og mellomalderen i norsk historie, samt folkelivsscener. Bergslien utførte òg ei rekke portrett.

«Birkbeinerne»

Bergslien har utført tre måleri som me kjenner til av «Birkebeinerne på ski over fjellet fører Håkon Håkonsson som barn til Trondheim». To av desse finst i private samlingar i Noreg. Det tredje måleriet er no innkjøpt av Voss Sparebank. Både denne versjonen og eitt av dei andre er daterte og stadfesta «Christiania 1869», medan det tredje måleriet stammar frå 1873. Bileta vart truleg måla i atelieret i Christiania, men kunstnaren kan sjølv sagt ha byrja å arbeida med motivet i Düsseldorf-tida.

Motivet er henta frå borgarkrigstida i Noreg i tidleg mellomalder (1100-talet). På den tida låg birkebeinarane – kong Sverre sine menn – i strid med baglarane – adelen og den høgare geistlege standen sitt parti. I måleriet ser me den heroiske flukta der to birkebeinarkrigarar reddar det vesle kongsbarnet Håkon Håkonsson, barnebarnet til Sverre og seinare ein mektig monark, frå fienden. Scena tek utgangspunkt i den kjende skildringa frå sagaene:

«Det ble en vond ferd med mye styggevær og frost og snø. De var stundom ute om nettene i skoger og ubygde strøk. En kveld ble det så følt et vær at de ikke visste hvor de var. Da lot de to av dem som var best til å fare på ski, dra av sted med gutten; den ene het Torstein Skeivla, den andre Skjervard Skrukka.»

I måleriet sitt la Bergslien stor vekt på ein realistisk gjengiving av våpen, klede og anna utstyr. Samstundes klarte han å skildra både dramatikken i hendinga og det intense alvoret i situasjonen. Birkebeinarane er derfor ikkje berre eit storstått historiemåleri, men òg ei gripande forteljing om lojalitet og mot i møte med overmakta.

Bergslien sleppte aldri heilt taket i historiemåleriet, sjølv om han òg hadde andre kunstnarlege oppgåver. I tillegg til Birkebeinarane laga han ei rekke andre historiemåleri, mellom dei «Kong Sverre og hans menn i snestormen på Vossefjellene» (1870). Han måla òg fleire folkelivsbilete i historiske omgivnader.

Eit nasjonalt ikon

Allereie i Bergslien si eiga levetid vart Birkebeinarane rekna som eit meisterverk. Måleriet vart tidleg kopiert og spreidd gjennom grafiske trykk og har sidan vorte trykt i mange historiebøker. På 1900-talet vart det ikoniske biletet av dei to krigarane på ski eit symbol for OL på Lillehammer. I nyare tid har birkebeinarane til og med inspirert ein spelefilm – Birkebeinerne (2016) – som tek utgangspunkt i den same historiske hendinga. Motivet er så kjent at me med rette kan kalla det eit nasjonalt ikon.



Arne Morten Lirhus og adm.banksjef Jørund Rong pakkar ut måleriet i banken.

Bergslien Kunstmuseum

Nordic Institute of Arts samarbeider med Voss Sparebank og Bergslien Kunstmuseum for å byggja opp ei samling av verka til brørne Bergslien. Oppkjøpet av dette hovudverket er ein svært viktig del av dette arbeidet og vil generelt lyfta interessa for desse kunstarane. Frå før har banken sikra seg fleire måleri av Knud Bergslien og verk av Brynjulf Bergslien til samlinga.

Måleriet vil, saman med andre verk av Knud og Brynjulf Bergslien, få ein sentral plass i det planlagde Bergslien Kunstmuseum på Voss. Dette vil utan tvil styrkja det framtidige museet sin status som ein nasjonal attraksjon og truleg òg vekkja internasjonal interesse.

No er det viktig å få samla gode krefter lokalt, regionalt og nasjonalt, slik at museumplanane kan setjast ut i livet. I mellomtida kan me berre gratulera lokalsamfunnet med at dette nasjonale klenodiet endeleg har kome heim.



Me gjev attende til lokalsamfunnet



Udlabu Omsorgsbustad

Hausten 2024 fekk bebruarane på Udlabu Omsorgsbustad heilt nye moglegheiter i kvardagen.

Voss Sparebank gav bidrag på 100 000 kroner til elsykkel som alle på avdelinga kan bruka. Denne gava gjev mosjon, glede og meistring for brukarane.



Vossa Ponni Aktivitetsstall

Som sparebank og bygda sin bank er det naturleg at me gjev vekk deler av overskotet til ålmennytig gåver. Voss Sparebank gav til saman ut omtrentleg 6 millionar kroner i gåver i 2024.

Mellom dei ålmennytige gåvene fekk Vossa Ponni Aktivitetsstall gåve til aktivitet.



Voss Skulemusikklag

Voss Skulemusikk er eit av mange lag Voss Sparebank sponsrar kvart år. Bidraget frå banken gjer at laget kan halde god aktivitet og kvalitet på øvingane for medlemmene.

I 2024 gav Voss Sparebank ut omlag 3 millionar kroner i sponsorstøtte til lag og organisasjonar.

Eldsjel i bygda

I 2008 stifta Voss Sparebank Eldsjelprisen, ein pris som skal tildelast eit prosjekt, eit lag, ein organisasjon eller ein enkeltperson som som gjer ein nyttig innsats for utvikling av lokalsamfunnet eller næringslivet.

Utdrag frå innstillinga i 2024: "Vinnaren av årets Eldsjelpris får prisen for jamn, trufast og ueigennyttig innsats over mange år. Dei frivillige redningsorganisasjonane er ein av berebjelkane for redningstenesta i Noreg. Samfunnet er heilt avhengig av at frivillige organisasjonar har kompetanse og at enkeltpersonar er førebudde på å trena seg opp og rykkja ut når uhellet er ute. Norske Redningshunder (NRH) er ein av desse frivillige organisasjonane.

Årets prisvinnar har vore ei viktig drivkraft som leiar i organisasjonen lokalt, men også ein sentral aktør i den regionale redningsberedskapen. Me som nyt godt av tryggleiken redningsberedskapen gjev, tenkjer kanskje ikkje på at det ligg bak uendeleg mange timer med trening og sertifiseringar for å inngå i denne beredskapsorganisasjonen. Prisvinnaren har vore ein uvurderleg ressurs også innan trening og sertifisering av hundeekvipasjar som skal inngå i den nasjonale redningsberedskapen."



Jan Erik Grande og redningshunden Noddi Margarit

Eldsjelprisen 2024 gjekk til
Jan Erik Grande og Norske Redningshunder.

Banken bidreg

"Lyden av Voss"



I samband med kommunesamanslåinga mellom Voss kommune og Granvin herad fekk "nye" Voss herad hardingfela som kommunevåpen i 2020.

I den samanhengen vart det stilt eit spørsmål i 2018: "Har det noko å sei at hjorten blir bytta ut med ei hardingfele?"

Sjølv sagt, var svaret. Det vart eit ynskje å laga lyden til Voss, for lyd er like mykje identitet som målform, grafisk profil, tekst og foto.

Voss Sparebank vart med som hovudsponsor og den ferdige produksjonen vart første gong framført under Vossadagane 2024; Eit musikalsk bilette som gav ei kjensle av heile heradet.



Voss Ski og Tursenter

Då den gamle trakkemaskina skulle bytast ut, var det naturleg for Voss Sparebank å bidra til at ny maskin kunne kjøpast inn.

Voss Ski og Tursenter er ikkje berre ein arena for idrottsutøverer på langrenn og skiskyting, men også ein arena for folkehelse, vossingar, hyttefolk og tilreisande som bruker området heile året.

**BANKEN ER MED PÅ
FESTIVALANE**

VOSS SPAREBANK



Osafestivalen 30 år



Foto: Per Finne

Voss Sparebank er stolt generalsponsor av Osafestivalen

I 2024 var det 30 år sidan Osafestivalen vart arrangert for første gong, etter å ha sprunge ut frå Strykarfestivalen som vart etablert på Voss to år tidlegare.

Osafestivalen vil syne norsk folkemusikk og kultur med eit spanande program som kombinerer tradisjonelle tonar med moderne uttrykk. Festivalen byr på ei rekke konserter, workshops, og aktiviteter for både unge og gamle.

Festivalen vert arrangert siste helga i oktober kvart år med kring 40-50 arrangement fordelt over tre dagar. I tillegg står festivalen ansvarleg for heilårsscena Osascena og helgesamlinga UngOsa.

Voss Sparebank er også inne med sponsorstøtte til dei andre store musikkfestivalane på Voss som Vossa Jazz, Heidrafest, NordAccordion og Den Forvitnelege Countryfestivalen.

Banken



**KVEN SIT I GENERALFORSAMLINGA
I BANKEN?**

Generalforsamlinga i Voss Sparebank

Generalforsamlinga er øvste avgjerdsmakta i Voss Sparebank.

Generalforsamlinga har tolv medlemar og fem varamedlemar. Ni medlemar og fire varamedlemar er valt av og mellom innskytarane i Voss Sparebank. Tre medlemar og ein varamedlem skal veljast av og mellom dei tilsette i Voss Sparebank. Generalforsamlinga vel styre og valnemnd i banken.

Generalforsamlinga, etter kundevalet 25. februar 2025, er satt saman av:

Medlemar

Kunde-/innskytarvalde

Anita Traa
Audun Brekke
Mari Aker
Leif Johan Skjervheim
Gunn Iren Hovda Engvold
Olav Terje Rio
Bjarte Mørkve
Trude Tronerud Andersen
Margrethe Alm

Valde av dei tilsette
Ann Sissel Kvåle
Martin Hindenes
Solveig Stråtveit Gravning

Varamedlemar

Kunde-/innskytarvalde

Synnøve Haugland
Egil Holven
Heidrun Reime Johnsson
Sondre Skeie

Valde av dei tilsette
Asle Bakka



**KVEN SIT I VALNEMNDA I
BANKEN?**

Valnemnda i Voss Sparebank

Valnemnda vert valt av generalforsamlinga, og er samansett av fem medlemar og to varamedlemar.

Fire medlemar og eitt varamedlem vert valt av generalforsamlinga.
Eitt medlem og eitt varamedlem vert valt av og mellom dei tilsette i banken.

Medlemar

Rolf Abrahamsen - Leiar
Fredrik Skaarer Fjose
Trude Storheim
Hilde Lussand Selheim
Vigleik Lie (tilsett)

Varamedlemar
Anita Traa
Inger Anne Halrynjø (tilsett)



**KVEN SIT I STYRET I
BANKEN?**

Styret i Voss Sparebank



Trond Syversen	styreleiar
Helene Stråtveit	nestleiar
Knut Olav Nestås	styremedlem
Gunn Irene Hommedal Kvitne	styremedlem
Olav Bjørgum	styremedlem
Rolf Haukås	styremedlem tilsett
Åshild Kvarekvål	varamedlem
LiV Randi Flesvik Øvsthus	varmedlem tilsett

Styret i Voss Sparebank vert valt av generalforsamlinga. Styret er ansvarleg for den daglege drifta av banken, og at drifta er i samsvar med lover, vedtekter, og instruksar som generalforsamlinga gjev.

Nykeltal 2024

(morbank)

125,6 mill.

I 2024 hadde banken eit **driftsresultat** før tap og skatt på kr 125,6 mill.

90,9 mill.

I 2024 hadde banken eit **resultat** etter tap og skatt på kr 90,9 mill.
Totalresultatet enda på kr 110,9 mill.

1.177 mill.

Banken sitt **eigenkapitalfond** er på kr 1.177 mill. Av dette utgjer teljande eigenkapital kr 1.018 mill.
Heile eigenkapitalen er rein kjernekapital.

32,4 %

Voss Sparebank er ein solid bank med ei rein **kjernekapitaldekning** på 32,4 %.

5.022 mill.

Banken har **innskot** frå kundane sine på kr 5.022 mill. Dette er fordelt med **23,4 %** frå bedrifter og **76,6 %** frå privatkundar.

5.512 mill.

Banken har **lånt ut** kr 5.512 mill. til kundane sine. Dette er fordelt med **26,3 %** til bedrifter og **73,7 %** til private.
Kr 272 mill av dette er overført til Verd Boligkreditt.

7,9 %

Innskotsveksten siste 12 månadane er på 7,9 %. Av dette ein auke frå bedrifter på **16,8 %** og ein auke på **5,5 %** frå privatkundar.

5,8 %

Det er ein **auke i utlån** siste 12 månadane på 5,8 %.
Av dette **5,70 %** til bedrifter
Og **5,84 %** til privatkundar.
Veksten inkluderer endringar i lån overførde til Verd Boligkreditt.

6.573 mill.

Banken sin **rådveldekapital** var ved utgangen av 2024 på kr 6.573 mill. I tillegg til innskot frå kundar og eigenkapital, har banken finansiert kr 300 mill. i pengemarknaden.

37,1 %



Kostnadar over inntekter var på **37,1 %** i 2024.

Hovudtrekk i rekneskapen (morbanks) for 2024

2024 vart eit godt år for Voss Sparebank. Dei økonomiske vilkåra for å driva bank held seg gode gjennom året. Voss Sparebank er solid og har godt med overskotskapital, og i kombinasjon med god innskotsdekning la dette grunnlaget for eit godt resultat for 2024. Styringsrenta var stabil på 4,5 % gjennom året, medan prisstiginga kom ned att på meir normale nivå. Banken har gjennom året hatt fin vekst i både utlån og innskot. Gode tilbod, spesielt til dei unge i etableringsfasen, har vore prioritert og det har gitt resultat. Banken fekk god avkasting på anleggaksjane sine, med fin verdistiging og gode utbytte. Dette var med på å lyfta resultatet. Flott innsats i frå dei tilsette, markert satsing på lokal marknadsføring og posisjonering har gitt god effekt. Banken har gjennom gode og relevante produkt posisjonert seg godt i konkurransen om kundane.

Hovudtal for 2024:

- Kr 125,6 mill. kr i driftsresultat.
- Kr 90,9 mill. i årsresultat etter skatt.
- Totalresultatet etter skatt, kr 110,9 mill.
- Kostnad/inntekt-tal på 37,1 %
- Rein kjernekapital på 32,4 % av risikovekta balanse, 15,7 % på ikkje-vekta balanse (ikkje konsolidert).
- Voss Sparebank er ein stor skatteyarar. For rekneskapsåret 2024 er skattekostnaden kr 29,1 mill. I tillegg kjem kr 4,5 mill. i finans- og formuesskatt. Denne kostnaden vert ført som driftskostnad og ikkje som skattekostnad.
- Disponering av overskot med kr 14 mill. til ålmennytige gåver og gavefondet.



Samanstilling av nykelta, 2024-2021

Resultat i mill. kr:	2024	2023	2022	2021
Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter	174	159,2	120,9	86,3
Netto andre driftsinntekter	24,4	20,0	19,2	21,8
Sum driftsinntekter	198,3	179,3	140,1	108,1
Driftskostnader	72,7	66,9	54,1	50,2
Driftsresultat	125,6	112,3	86,0	57,9
Nedskrivningar og tap på utlån	5,7	6,7	8,9	-0,6
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	2,2	1,9	-1,1	1,2
Resultat før skatt	120,0	105,6	77,1	58,5
Skatt	29,1	25,8	18,0	12,1
Resultat etter skatt	90,9	79,8	59,1	46,4
Verdiendringar over utvida resultat (oci)	20,0	12,2	13,1	13,2
Resultat etter verdiendringar oci (totalresultat)	110,9	92,0	72,2	59,6

Resultat i prosent av gjennomsnittleg rådveldekapital:

	2024	2023	2022	2021
Netto renteinntekter	2,73	2,67	2,17	1,64
Netto andre driftsinntekter	0,38	0,34	0,34	0,41
Sum driftsinntekter	3,11	3,01	2,51	2,04
Driftskostnader	1,14	1,12	0,97	0,95
Driftsresultat før tap	1,97	1,89	1,54	1,10
Nedskrivningar og tap på utlån	0,09	0,11	0,16	-0,01
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	0,03	0,03	-0,02	0,02
Resultat før skatt	1,88	1,77	1,38	1,11
Skatt	0,46	0,43	0,32	0,23
Overskot	1,43	1,34	1,06	0,88

Nykelta:

	2024	2023	2022	2021
Rådveldekapital	6.573,0	6.055,0	5.708,0	5.344,7
Brutto utlån til kundar	5.239,7	4.941,0	4.583,3	4.501,0
Brutto utlån til kundar inkl. Verd bustadkredit	5.512,0	5.209,6	4.824,0	4.713,6
Innskot frå kundar	5.021,8	4.655,0	4.403,0	4.113,0
Eigenkapital (rein kjernekapital)	1.176,6	1.081,7	995	923
Uvekta kjernekapitalandel (leverage ratio)	15,7	15,5	15,3	15,6
Eigenkapital i prosent av veka balanse (kapitaldekning - morbank)	32,4	29,7	30,0	29,8
EK-avkasting før skatt	10,6 %	10,2 %	8,0 %	6,5 %
EK-avkasting etter skatt	8,1 %	7,7 %	6,2 %	5,2 %
LCR (krav til 100 % frå 31.12.2017)	396	273	109	195
Lån overført til Verd bustadkredit	272,3	268,6	240,3	212,3
Årsverk (gjennomsnittleg)	26,5	26,2	24,4	25,2
Kostnader i % av inntekter, eksklusive kursendringar verdipapir	37,1	37,4	38,2	47,9
Gjennomsnittleg rådveldekapital	6.371	5.956	5.584	5.286

VOSS SPAREBANK – FOR KUNDANE OG LOKALSAMFUNNET I 181 år

Styret i banken legg fram eit godt resultat for året 2024, med eit overskot etter tap og skatt på kr 90,9 mill. Resultatet er prega av eit stabilt rentenivå der styringsrenta har vore 4,5 % gjennom året. Banken har god kapitaldekning, og vil med eit høgare rentenivå få betre avkasting på denne kapitalen. God underliggende bankdrift med god kostnadsstyring, moderate tap og gode utbyte i frå finansielle investeringar, lyfta resultatet. Verdiauke på anleggaksjor på om lag kr 20 mill. fører totalresultatet etter tap og skatt til kr 110,9 mill.

Konkurransen i bankbransjen er hard. Utviklinga av nye digitale løysingar har ført til at konkurransen mellom bankane i stor grad er nasjonal. Samstundes har Voss tre ulike bankar med fysiske kontor, og dette gjev kundane gode vilkår og sunn konkurranse. Styret i Voss Sparebank er godt nøgde med at lokalbanken sine løysingar for kundane framleis står seg godt i denne konkurransen. Banken har ei kostnadseffektiv drift, noko som er viktig for å levera konkurransedyktige tenester.

Heilt sidan starten i 1843 har Voss Sparebank vore Vossabygda sin eigen bank. Banken er ein tradisjonell bygdabank, som ikkje har eksterne eigarar. Banken er sjølveigande, dvs. at det er Vossabygda som eig banken, og det er bygda og dei områda der banken er aktiv, som skal ha avkastinga av den verdiskapinga banken gjev. Ingen investorar får utbytte frå banken, det er berre lokale lag og foreiningar som tek i mot åmennene gáver eller sponsormidlar frå banken. På det viset vil eit kundeforhold med Voss Sparebank ikkje berre gje deg konkurransedyktige vilkår og gode tenester, men også skapa meirverdiar for deg sjølv og dine nærmeste. Banken ynskjer å ha ei aktiv rolle i lokalsamfunnet og vera med å gjera Voss og områda rundt, til ein betre plass å bu og leva. Me vil soleis nyitta sparebankmodellen aktivt, og gje attende til gode føremål i lokalsamfunnet. Me skal samstundes vera konkurransedyktige på pris og vilkår over tid mot dei aktørane me naturleg tevlar med.

Det er rekneskapstala for morbanken som er omtala i årsmeldinga. Vesentlege tal for konsernrekneskapen er kommenterte. Konsernrekneskapen omfattar Voss Sparebank (mor) og datterselskapa Voss Invest AS og Voss Sparebank Eigedom AS. Selskapet AS Jernvangen er òg konsolidert inn i rekneskapen til banken. Dette er eit heileigd selskap av Voss Invest AS. I tillegg har Voss Invest AS datterselskapet Hanguren AS.

Rekneskapen er utarbeidd i samsvar med rekneskapsstandarden IFRS® Accounting Standards (IFRS), forskrift om årsrekneskap for bankar m.m. og etter god rekneskapsskikk. I samsvar med rekneskapslova stadfestar styret at grunnlaget for vidare drift er til stades og at rekneskapen er sett opp under denne føresetnaden. Etter styret si meinings, gjev årsrekneskapen og årsmeldinga rett oversikt over gjelda og eignelutane til banken, den finansielle stillinga og resultatet.

Banken har sidan 2020 ført rekneskapen etter IFRS, medan ein før dette nyitta standarden NGAAP. Overgang til IFRS har mellom anna ført til ei vesentleg auke i banken sin balanseførde eigenkapital. Årsaka til dette er i hovudsak at banken si behaldning av aksjar og eigenkapitalbevis tidlegare vart bokført til lågaste verdi av kostpris og marknadsverdi, medan IFRS krev at det vert nyitta marknadsverdi.

ØKONOMISKE TILHØVE

Lokalmarknaden

Aktivitetsnivået på Voss og i lokalområdet vårt har vore på det jamne gjennom 2024. Turistnæringa har hatt ein rekordsesong, der spesielt sommarhalvåret var sterkt. Veksten har kome i frå både innland og utland. Svak valuta gjer Noreg til eit rimeleg land å reisa i. For andre næringar har det vore tyngre. Byggjenæringa hatt eit utfordrande år, med låg aktivitet og svekka lønsemelding. Kombinasjonen av auka råvareprisar og eit høgare rentenivå har råka næringa relativt hardt. Det har soleis vore relativt lite aktivitet lokalt, spesielt for større utbyggingar. Regionale nettverk melder framleis om relativt svake utsikter, men med noko variasjon. Det er forventa rentenedgang gjennom 2025 og soleis høgare kredittvekst og etterspurnad. Lokalt på Voss vert det bygt biogassanlegg for mottak av matavfall og husdyrgjødsel. Anlegget vil stå klart i 2026 og er lokalisert på Bjørkemoen. Ein arbeidar med å få ytterlegare etableringar i samband med anlegget og har eit ynske om å få skipa ei sirkulær industrikklyngje rundt nysatsinga. Landbruksnæringa har fått det merksamt tøffare gjennom dei siste åra, då både straum, diesel og gjødning har fått kraftig prisauke og langt meir enn råvareprisane som produsenten får attende. For Voss er landbruket viktig og det er ei næring som banken satsar på. Næringa står framfor ny omstilling og trøng for investeringar i komande tider, samstundes som lønsemeldinga er låg. Det er difor avgjerande med politisk vilje for å styrke næringa og sikra rekruttering for framtidia.

Nasjonale forhold og internasjonal økonomi

Året 2024 vart prega av den pågående krigen i Ukraina og meir geopolitisk uro. Kronekursen har vore svak gjennom året og inflasjonen har kome ned både ute og heime etter periodar med relative høge renter og strammere finanspolitikk. I 2024 enda inflasjonen i Noreg på 3,1 % godt over Norges Banks inflasjonsmål som er på 2 %. Sentralbanken har signalisert rentenedgang i frå mars 2025, men det er framleis usikkert kor fort og kor langt renta skal ned. Renteaukuen har ført til tydeleg lågare gjeldsvekst hjå både næringsdrivande og private hushald. Tal i frå SSB syner at 12-månadars kredittvekst til publikum fall til 3,3 % ved utgangen av 2024. Norges Banks utlånsundersøking for fjerde kvartal synte at etterspurnaden etter bustadlån om lag er uendra, medan etterspurnaden etter næringslån auka noko. Det er forventa høgare kredittvekst i 2025, då rentenivået er forventa ned samstundes som at bankane får lettingar i kapitalkrava.

Arbeidsløysa var om lag 4,1 % (AKU) ved utgangen av 2024. Dette er om lag 0,4 % høgare enn året før. Ledige stillingar er noko ned, medan yrkesdeltakinga gjekk ned med heile 2,9 %-poeng gjennom året. Brutto nasjonalprodukt for fastlands-Noreg hadde ei heller svak utvikling i frå 2023 til 2024, og vaks om lag 0,6 %. Prisane på brukte bustadar steig i fylge SSB med 4,8 % på landsbasis i 2024. Det var noko betring i næringseigedom gjennom året, etter fleire svake år for bransjen. Bankane fekk eit noko høgare tapsnivå, men nivået er lågt og ligg om lag på 0,15 % av utlånsvolum.

Samfunnsaktivitetar - litt om mangfaldet vårt

Den viktigaste oppgåva til Voss Sparebank er hjelpe kundane til å ta gode økonomiske val gjennom livet og å driva banken på ein god måte og soleis skapa verdi for lokalsamfunnet. Å gjera Voss, og bygdene rundt, til ein endå betre stad å bu og leva, er soleis eit hovudmål for banken. Me engasjerer oss difor mykje i utviklinga av lokalsamfunnet. Voss Sparebank skal vera ein framtidsrettet lokal sparebank, der personleg kontakt, fleksible løysingar og snogge svar til kundane skal kjenneteikna oss. Me ynskjer å ha ein stil der me er imøtekommende, smilande, venlege og truverdige. Dette er forankra i visjonen om å vera det naturlege fyrstevala for bank på Voss og i bygdene rundt.

Frivillige lag, kulturlivet, bedrifter og menneske som bur og verkar i lokalmiljøet har behov for ein aktiv lokalbank som bryr seg og som skapar verdiar for kundane og samfunnet. Ved støtte til lag og frivillige organisasjonar prioriterer me aktivitetar til born og unge som har verdi over tid, og som skapar aktivitet og vert utført med frivillig innsats.

Lags- og organisasjonslivet i bygda fekk i 2024 kr 6 mill. i ålmennytige gåver, og om lag kr 3 mill. i sponsorstønad og støtteannonsering. Midlane er fordelt mellom meir enn 120 lag og organisasjonar. Mellom prosjekta som banken støtta i 2024 var nytt medisinsk utstyr til Fylkessjukehuset på Voss. Banken kjøpte testutstyr for oksygenopptak og kondisjonsmåling til ein samla verdi på om lag kr 1 mill.

I tillegg til dette løvvde banken kr 10 mill. til investeringsstiftinga for Hardanger og Voss. Stiftinga skal investera i fleire såkornfond som skal vera med å sikra næringsetablering i distriktet vårt. Satsinga vert gjort saman med Sparebankstiftinga Hardanger og dei fem kommunane i indre Hordaland. Kapitalen i stiftinga er på kr 100 mill.

Voss er ein bra stad å bu. Med eit rikt aktivitetstilbod som høver dei fleste. Dette skal me vera stolte av, og det er viktig å verdsetja den dugnadsinnsatsen som vert lagt ned for å halda dette aktivitetstilboden oppe. For å stø opp om eldsjelene, som er viktige for å oppretthalda kultur- og friluftsmangfaldet vårt, stifta Voss Sparebank eldsjelprisen i 2008.

SAMFUNNSANSVAR OG ENGASJEMENT

Både globalt og nasjonalt er berekraft høgt på agendaen, og berekraftsutfordringane blir stadig meir komplekse. Banken har som del av finansnæringa stor påverknadskraft på samfunnet si grøne omstilling, gjennom allokering av ressursar og styring av finansielle midlar. Banken vedkjenner denne viktige rolla, og ser på berekraft som både ein finansiell risiko og ein forretningsmoglegheit. Me må oppfylla noverande og komande lovkrav og forventningar, og parallelt med dette vere framoverlente og opne for nye tilpassingar som kan gje auka konkurranseskraft – både på kort og lang sikt.

For banken er ikkje berekraft berre ei kjensle av ansvar, men òg ein del av vår identitet og kjerneverksem. Sparebankmodellen er i kraft av seg sjølv eit viktig bidrag til ei berekraftig samfunnsutvikling. Som sparebank i lokalsamfunnet har banken vesentleg påverknad, både gjennom drift og prosjekt me engasjerer oss i. Dette er bidrag som kjem både privatpersonar, næringsliv og samfunnet til gode.

For å vera den beste støttespelaren for våre kundar og interesserantar, meiner me at det er viktig å ta ansvar for eigen praksis. Me har vore sertifisert som Miljøfyrtaårn sidan 2013. Miljøfyrtaårn er anerkjend av EU, som vil seie at ordninga har standard og kvalitet på linja med internasjonale merkeordningar. Det er viktig for banken å vere Miljøfyrtaårnsertifisert, då dette er eit tydeleg kvalitetsstempel på arbeidet som vert gjort innan klima, miljø og arbeidsmiljø. I det store biletet bidreg det til at me reduserer miljøbelastninga og auker konkurranseskrafta.

Banken stiller strenge krav til seg sjølv og samarbeidspartar i verdikjeda. Rapportering på Openheitslova er ein viktig del av dette arbeidet. Banken aksepterer ingen brot på menneskerettar og anständige arbeidsforhold, verken i eige verksemder eller hjå våre samarbeidspartnarar. Me arbeider kontinuerleg for å forbetra metodar for leverandøroppfølging, og ynskjer å gjera arbeidet meir risikobasert, slik at rapporteringa kan bli så treffsikker og påliteleg som mogleg. Banken publiserte i juni rapport knytt til Openheitlova. Der ikkje registrert vesentlege brot gjennom kartlegging i 2024.

Finansnæringa er, gjennom lovgevinga, pålagde å arbeida mot kvitvasking og terrorfinansiering. Det gjer me mellom anna gjennom etterleving av kvitvaskingslova og -forskrifta. Banken er her pålagd å avklara mistenkjelege transaksjonar og gjennomføra kundetiltak etter prinsippet «kjenn kunden din». Mistenkjelege transaksjonar vert rapporterte til Økokrim.

FN har definert 17 berekraftsmål for å sikra ein felles arbeidsplan fram mot 2030, med mål om å utrydda fattigdom, kjempa mot ulikskap og stoppa klimaendringane. Gjennom banken sin ESG-strategi, støttar Voss Sparebank opp om alle 17 berekraftsmåla. Banken er likevel bevisst på at grad av påverknadskraft er ulik innanfor kvart av måla. Voss Sparebank ynskjer difor å rette sitt strategiske fokus inn mot dei fire måla der banken meiner påverknadskrafta er størst. Dette er mål om *God helse og livskvalitet* (3), *anstendig arbeid og økonomisk vekst* (8), *berekraftige byar og lokalsamfunn* (11) og mål om å *stoppe klimaendringane* (13). Samstundes ynskjer banken å påverka kundane til å tenka miljøvenleg og fremja «grøne prosjekt».



Nynorskbanken

Voss Sparebank er stolt brukar av nynorsk, og ynskjer å vera bank for dei som er glad i språk og er opptekne av nynorsk. Me nyttar nynorsk i all vår eigen kommunikasjon mot kundane våre, og me freistar å omsetja mest mogleg av den kommunikasjonen som andre utviklar for oss. Voss Sparebank vart tildekt målpisen for 2019 frå Voss Mållag. I 2020 lanserte banken www.nynorskbanken.no retta mot språkmedvitne kringom i landet.

Informasjon om personleg økonomi i vidaregåande skulane

Dei vidaregåande skulane og Voss Sparebank har gjennom fleire år samarbeidd godt for å gje skuleungdomen betre kunnskap om personleg økonomi. Personleg økonomi er meir enn tal og reknestykke og gjev relevant kompetanse knytt til fleire skulefag. Banken har fast undervisning i faget «personleg økonomi» ved gymnasiet på Voss.

SAMARBEIDSPARTNARAR - kundane får alle finanzielle tenester på same staden

Gjennom samarbeidspartnerar leverer me gode totalprodukt innan betalingsformidling, forsikring, sparing og plassering, kredittkort og objektfinansiering. Voss Sparebank får årlege provisjonsinntekter for formidla sal.

Kundane gjev positive tilbakemeldingar og tykkjer det er enkelt og lettvint å få ordna alle tenestene på same staden.

For dei selskapa der banken har eigarskap, er eigarandelen per årsskifte vist i note 17.

Lokalbanksamarbeidet

Lokalbanksamarbeidet vart skipa 20. august 2024, då seks DSS-bankar og ti bankar i Lokalbank fann saman. Gjennom hausten 2024 vart det gjennomført eit integrasjonsarbeid mellom DSS AS og LB Selskapet AS som enda ei ein fusjon mellom selskapa. Samarbeidet er basert på ein kontraktfesta samarbeidsavtale og er eit strategisk samarbeid etter finansføretakslova § 17-11 (2) mellom 16 frittståande lokale sparebankar i Noreg. Desse er:

- Aasen Sparebank
- Askim & Spydeberg Sparebank
- Drangedal Sparebank
- Flekkefjord Sparebank
- Lillesands Sparebank
- Luster Sparebank
- Nidaros Sparebank
- Selbu Sparebank
- Sparebanken DIN Telemark
- Sparebank 68 grader Nord
- Spareskillingsbanken
- Stadsbygd Sparebank
- Søgne og Greipstad Sparebank
- Tolga – Os Sparebank
- Voss Sparebank
- Ørland Sparebank

Selskapet har ein administrasjon lokalisiert i Trondheim, med avdelingar i Haugesund og Bergen, som vert leia av Bent Eidem.

Frendegruppen

Frendegruppen vart formelt skipa i 2024 av Sparebanken Vest, Sparebanken Sør, Sparebanken Øst, Lokalbanksamarbeidet, Varig Hadeland Forsikring, Varig Orkla Forsikring og Varig Forsikring Nordmøre og Romsdal. Frendegruppen skal ytterlegare styrka konkurransekrafta og forhandlingsposisjonen til medlemsbankane i Lokalbanksamarbeidet. Me har felles eigarskap i selskapa; Frende Forsikring, Brage Finans, Borea Asset Management, Verd Boligkreditt og Balder Betaling. Frendegruppen skal arbeida med å sikra ei felles teknologi-plattform på tvers av bankane og skapa ein god struktur for å驱ra fram nye produktutsatningar. Frendegruppen er lokalisiert i Bergen og har fem tilsette som arbeidar tett inn mot både eigarbankar og produktelskapa.

Tietoevry AS

Banken har saman med andre av dei tidlegare DSS-bankane ein avtale med Tietoevry om leveranse av bankløysingar og drift av banken sin IT-plattform. Samarbeidsavtalen sikrar bankane tilgang til nye, innovative og framtidsretta løysingar. Dette samarbeidet bidreg til å styrkja banken si konkurransekraft gjennom felles forretningsutvikling og innkjøpsavtalar innan sentrale verksemderområde.

LOKALBANK sin IT-strategi er i størst mogleg grad å nyta fellesløysingar framfor eigenutvikling for å halda kostnadene lågast mogleg. IT-kompetanse er styrkja i alliansebankane, samstundes som LB Selskapet AS innehavar medarbeidrar med spisskompetanse innanfor IT-området.

Finans Norge

Organisasjonen representerer heile finansnæringa i Noreg og tek vare på både det næringspolitiske og arbeidsgjevermessige samarbeidet. Finans Norge har om lag 50 medarbeidrar med høg kompetanse på ulike fagområde.

Frende Forsikring

Voss Sparebank distribuerer skadeforsikring for Frende Forsikring og eig saman med andre samarbeidspartnarar morselskapet Frende Holding AS. Dei største eigarane i selskapet er Sparebanken Vest, Sparebanken Sør og Sparebanken Øst. Dei andre bankane i LOKALBANK er òg medeigarar i selskapet og distributør av Frende sine produkt. Frende Holding AS er 100 % eigar av Frende Skadeforsikring AS og Frende Livsforsikring AS. Me opplever at kundane våre er svært tilfredse med produkta og ikkje minst den raske responsida til Frende ved skade og skadeoppgjer.

Brage Finans AS

Voss Sparebank er medeigar i Brage Finans AS som leverer leasing til bedriftsmarknaden og salspantelån til privatmarknaden. Dei største eigarane i selskapet er Sparebanken Vest, Sparebanken Sør. Dei andre bankane i LOKALBANK er òg medeigarar i selskapet og distributør av Brage sine produkt.

Eiendomskreditt AS og Kredittforeningen for Sparebanker AS

Eiendomskreditt AS og Kredittforeningen for Sparebanker AS, er samarbeidspartnere som kan nyttast til deling av større låneengasjement, fastrentelån og til innlån av pengar.

Norne Securities AS

Voss Sparebank tilbyr, på same måte som dei andre LOKALBANK-bankane, kundane sparing og plassering gjennom Norne Securities AS. Banken er òg deleigar i selskapet. Norne Securities er ein solid aktør som leverer produkt innanfor eit breitt investeringsunivers på spareområdet. Banken sine kundar får på denne måten tilbod om eit rikt utval av fond, aksjar og spareprodukt med gode digitale løysingar.

I tillegg har banken avtale med Nordea Liv innanfor livsforsikring- og pensjonsområdet. Selskapet har gode tekniske løysingar og scorer høyt på kundetilfredshet.

Balder Betaling AS

Innanfor betalingsområdet forvaltar Balder Betaling AS banken sin eigarandel i Vipps. Gjennom dette indirekte eigarskapet er me med på å vidareutvikla Vipps saman med dei andre eigarane i selskapet. Balder Betaling AS har i tillegg en koordinerande rolle overfor bankane knytt til opplæring og distribusjon av produkt og tenester, samt bistand med kompetanse innan betaling og ID-området. Dei andre LOKALBANK-bankane er òg medeigar i selskapet.

Verd Boligkredit AS

Verd Boligkredit AS er eit kredittføretak som legg ut obligasjonar med førerett (OMF). Soleis nyttar dei bustadlån som trygd når dei legg ut obligasjonar i marknaden. Selskapet finansierar på denne måten eigarbankane på ein god og rimeleg måte. Dei andre LOKALBANK-bankane er òg medeigar i selskapet.

DNB

Banken har i fleire år hatt avtale med DNB om kontokredit, avregning og utenlandsbetalingar.

EnterCard

Voss Sparebank tilbyr MasterCard frå EnterCard.

RESULTAT OG BALANSE 2024

Resultat

Driftsresultatet før tap og skatt vart kr 125,6 mill. mot kr 112,3 mill. året før. Etter avsetjing av kr 29,1 mill. til skatt og kr 5,7 mill. i tap, er overskotet på kr 90,9 mill. eller 1,43 % av gjennomsnittleg rådveldekapital (79,8 mill., eller 1,34 % i 2023).

Rentenettoen enda på kr 174 mill. (kr 159,2 mill. i 2023), som er 2,73 % av gjennomsnittleg rådveldekapital (2,67 % i 2023). Netto andre driftsinntekter vart kr 24,4 mill. (kr 20,0 mill. i 2023). Samla driftsinntekter vart dermed kr 198,3 mill. (kr 179,3 mill. i 2023).


Driftskostnadene enda på kr 72,7 mill. / 1,14 % av gjennomsnitt rådveldekapital (kr 66,9 mill. / 1,12 % i 2023). I prosent av samla inntekter, ekskl. kursvinstar på verdipapir, utgjorde kostnadene 37,1 % av inntektene (37,4 % i 2023).

Nedskrivningar på utlån er kostnadsført med kr 5,7 mill. (kr 6,7 mill. i 2023).

Etter avsetjing av kr 29,1 mill. i skatt (kr 25,8 mill. i 2023) vart overskotet på kr 90,9 mill. (kr 79,8 mill. i 2023).

Konsernresultat

Dei største endringane i konsernresultatet i høve til morbanken er at renteinntektene vert reduserte med kr 4,1 mill. og rentekostnadene med kr 1,1 mill. Avskrivningar på kr 3,5 mill. knytt til bruksrett av bankbygget (IFRS 16) vert eliminert i konsernrekneskapen. I staden kjem det inn avskrivningar på kr 2,0 mill., av dette kr 0,8 mill. på bankbygget og kr 1,2 mill. på utleigebygg. I tillegg kjem driftskostnadene på kr 1,4 mill. og kr 1,3 mill. i andre driftsinntekter saman med nokre andre mindre inntekts- og utgiftspostar. Grunna underskot i AS Jernvangen i samband med renovering av eigedommen vert skattekostnaden i konsernet redusert med kr 0,4 mill. kroner.



Styret rår til at overskotet for rekneskapsåret 2024 på kr 90.877.715,- vert nytta slik:

Overført til ordinære gåver	kr	7.000.000
Overført til gavefondet	kr	7.000.000
<u>Overført til sparebankfondet</u>	kr	<u>76.877.715</u>
<u>Disponert til saman</u>	kr	<u>90.877.715</u>

Banken har eit gavefond pr. 31.12.2024 på kr 13,0 mill. Det er gjort framlegg om disponering til fondet på kr 7 mill. Fondet inngår i teljande ansvarleg kapital med kr 20 mill. Den samla eigenkapitalen til banken ved utgangen av året er kr 1.176,6 mill. etter tilførsel av disponert overskot for 2024. Teljande ansvarleg kapital, som i sin heilskap er rein kjernekapital, er pr. 31.12.2024 på kr 1.017,7 mill. etter frådrag av kr 159,0 mill. pga. disponering av overskot, eigarinteresser i finansinstitusjonar og forsvarleg verdivurdering av eigedelar til verkeleg verdi.

Finans- og formueskatt

I tråd med skatteforliket vart det fra 2017 innført ein finansskatt på 5 % av løn. I tillegg får ikkje finansnæringa redusert selskapsskatten, slik andre næringar får nytta godt av. I høve utanlandske bankar, med hovudkontor utanfor landet, er ordninga sterkt konkurransevidande. Voss Sparebank har forståing for målet med finansskatten der ein vil korrigera for manglende meirverdiavgift på finansielle tenester, men skatten kunne vore gjennomført på ein meir rettferdig måte. Skatten utgjer om lag kr 1,2 mill. for Voss Sparebank i 2024. Banken lyt vidare betala formueskatt på eigenkapitalen, då denne er eigmद av banken sjølv. Dette utgjorde kr 3,3 mill. i 2024. Formueskatt vert ført som ein driftskostnad, og ikkje som skattekostnad.

BALANSE – INNSKOT, UTLÅN, OBLIGASJONAR, FOND OG AKSJAR

Rådveldekapital


Styret i Voss Sparebank er godt nøgd med marknadsutviklinga til banken. God service, kompetente rådgjevarar og konkurransedyktige prisar er hovudgrunnen til den positive utviklinga. Ved utgangen av 2024 var rådveldekapitalen i morbanken på kr 6.573,0 mrd. mot kr 6,055 mrd. i 2023. Tek ein med lån overført til bustadkredittføretak var rådveldekapitalen kr 6.845,3 mrd. mot kr 6.324 mrd. i 2023.

Innskot

Innskota frå personkundane auka med kr 201 mill. (5,5 %) til kr 3.875 mill. medan bedriftsinnskota auka med kr 165 mill. (16,8 %) til kr 1.147 mill. Samla innskot var ved utgangen av året på kr 5.022 mill. som utgjer 95,8 % av brutto utlån.

Utlån

Brutto utlån til kundar auka med kr 302,4 mill. (5,8 %) til kr 5.512 mill. inkl. lån som er flytta til bustadkredittføretaket Verd. Utlån til personkundar vaks med kr 224 mill. (5,8 %) inkl. lån overført til bustadkreditselskapet, og kr 221 mill. (6,2 %) utan bustadkreditt. Utlån til næring hadde ein auke med kr 78 mill. (5,7 %) til kr 1.449 mill. Utlånsvolumet fordeler seg med 73,7 % til personkundar og 26,3 % til næring. Lån til datterselskap utgjorde kr 60,5 mill. og er inkludert i tala, men vert utlikna i konsernrekneskapen. Sjå meir informasjon under kredittrisiko og note 21.



Nedskrivningar på utlån

I resultatrekneskapen er det kostnadsført kr 5,7 mill. som netto tap og nedskrivningar på utlån og garantiar, mot kr 6,7 mill. i 2023. Til saman har Voss Sparebank no kr 40,0 mill. i samla nedskrivningar til å møta framtidige tap i utlåna, mot kr 47,5 mill. året før. Sum balanseførte nedskrivningar utgjorde ved årsskiftet på om lag 0,76 % av brutto utlån, mot 0,98 % fra året før.

Styret føler seg trygg på at nedskrivningane på utlåna er tilstrekkelege ut frå den risiko som ligg i engasjementa. Sjå note 8.

Obligasjoner, rentefond og aksjar

Banken har strenge krav til finansplasseringane som i stor grad vert gjort i andre bankar, i bustadkredittføretak (OMF), i forsikring, i store kraftselskap og i kommunar/stat. Fullmakta frå styret gjev eksempelvis ikkje høve til plasseringar i skipsfart, eller oljerelaterte næringar.

Ved årsskiftet var kr 540,3 mill. plassert i obligasjoner og sertifikat, og kr 249,9 mill. i aksjar og eigenkapitalbevis (ekskl. datterselskap). Sum aksjar og eigenkapitalbevis svarar til 3,80 % av rådveldekapitalen. Av denne summen utgjorde banken sine langsiktige aksjekjøp (anleggsaksjar) kr 245,9 mill. og kr 4,0 mill. i kortsiktig aksjebehaldning. Etter overgangen til rapportering etter IFRS er banken si aksjebehaldning bokførd til marknadsværdi. Verdiendringane på dei langsiktige plasseringane vert førde over utvida resultat (OCI) medan verdiendringane på dei kortsiktige plasseringane vert førde som ein del av banken sitt ordinære resultat. Verdiendringar på obligasjoner og sertifikat vert førde over banken sitt ordinære resultat. Sjå note 15, 17 og 18. Banken hadde ikkje rentefond ved årsskiftet.

Likviditet

Voss Sparebank har god likviditet. Innskotsdekkninga var ved utgangen av 2024 på 91,1 % mot 89,4 % året før, inkl. lån som er overført til Verd. Utan desse er innskotsdekkninga 95,8 % mot 94,2 % i fjor. Likviditeten vert plassert i Noregs Bank, obligasjoner, rentefond og i korte utlån til andre bankar. Banken sine trekkrettar i Noregs Bank og i avrekningsbanken vart ikkje nytta i 2024. Sjå meir under likviditetsrisiko og note 14.

Konsernbalanse

Voss Sparebank har to datterselskap, Voss Invest AS og Voss Sparebank Eigedom AS.

Voss Sparebank Eigedom AS eig bankbygget i Vangsgata 18. Bankeigedomen med teknisk utstyr er, etter avskriving på kr 0,8 mill., bokført til kr 40,5 mill. i rekneskapen til selskapet. Konsernbalansen er redusert med lånet til selskapet som er på kr 41,8 mill.

Voss Invest AS driv med anna investeringsverksemde. Selskapet hadde per 31.12.2024 ikkje lån frå morbanken.

Voss Invest AS eig AS Jernvangen 100 % og Hanguren AS 100 %.


AS Jernvangen er eit eigedomsselskap som skal drifte og utvikla eigen næringseigedom sentralt på Vossevangen. Selskapet hadde per 31.12.2024 kr 18,8 mill. i lån, av dette kr 10,0 mill. i byggjelån. Konsernbalansen er redusert med dette lånet. Utleigeeigedommen i AS Jernvangen er bokført til kr 33,9 mill.

Hanguren AS driv med anna investeringsverksemde. Selskapet hadde per 31.12.2024 ikkje lån frå morbanken. Datterselskapa har bankinnskot på kr 7,8 mill. som er eliminert i konsernrekneskapen.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Eigenkapitalen til Voss Sparebank var ved inngangen til året på kr 1081,7 mill. og ved utgangen var den kr 1176,6 mill., ein auke på kr 94,9 mill. Av eigenkapitalen er gavefondet på kr 13,0 mill. Heile eigenkapitalen til Voss Sparebank inkludert gavefondet, er rein kjernekapital. Teljande ansvarleg eigenkapital er pr. 31.12.2024 på kr 1.017,7 mill., opp frå kr 933,5 mill. frå året før. Frådraget i teljande ansvarleg kapital for eigarskap i finansinstitusjonar var 147,5 mill. pr. utangen av 2024.

Voss Sparebank er kredittvurdert («kredittrating») til A- av DNB Markets. Eigenkapitalen til Voss Sparebank utgjer ved årsskifte 15,7 % av ikkje-vekta balanse og 32,4 % av vekta balanse for morbanken. På konsolidert nivå er kapitaldekninga 31,1 % på vekta balanse og 15,3 % uvekta. Dette er langt over kravet frå styresmaktene på 14 % i rein kjerne- og samla lovpålagt kapitalkrav på 17,5 % på vekta balanse, og 3 % på uvekta balanse. Banken fekk endeleg pilar 2-krav i frå Finanstilsynet i juli 2023. Kravet er på 2,3 %. I tillegg skal banken ha ein kapitalkravsmargin på min. 1,25 %. Banken oppfyller alle krava med bruk av rein kjernekapital.



Sjølv om verksemda til Voss Sparebank medfører at banken er eksponert mot ei rekke risikoar, vurderer styret den samla risikoeksponeringa til banken som låg/moderat. Styret har vedteke prinsipp for risikostyringa gjennom ulike styringsdokument. Risikotilhøva vert overvaka ved analysar av aktuelle risikoar, med kvartalsvis rapportering til styret. ICAAP-analysane vert oppdaterte ein gong i året. Dei dekkjer alle vesentlege aktivitetsområde og er ein integrert del av Voss Sparebank sitt kvalitetssikringssystem.

Vesentlege område i denne vurderinga er kredit-, marknads-, likviditets-, og operasjonell risiko.

Kreditrisiko

Kreditrisiko er risikoen for tap som fylge av at kundar eller motpartar ikkje har evne til å oppfylla pliktene sine. Kreditrisikoen er det største risikoområdet og vedkjem utlån/kredit, garantiar og verdipapirbeholdninga. Styring av kreditrisikoen skjer ved hjelp av kreditstrategi, fullmaktsystem, risikoklassifisering og andre fastsette retningslinjer frå styret.

73,7 % av alle utlåna er gjevne til hushald/lønstakarar. Det meste mot pant i bustad. All historikk i Voss Sparebank tilseier svært lite tap på private lån. Lån til næringslivet var på 26,3 % av brutto utlån og medfører høgare kreditrisiko. Det er difor nedfelt i kreditstrategien til Voss Sparebank at lån til næring berre skal ytast til verksemder i Voss herad og i nabokommunane. Det er unntak frå dette i høve vossingar som har utflytta

verksemdu. Spesielt gjeld dette lokale investorar med eigedomsinvesteringar til dømes i Oslo. Risikoer for tap på utlån og garantiar vert vurdert som moderat.

Etter innføringa av nytt kredittsystem i slutten av 2013, vart engasjementa frå 2014 risikoklassifiserte etter betalingssevne og vilje (risiko for misleghald/PD) utan omsyn til trygd. Klassifisinga er automatisk og skjer ved bruk av «scoremodell» levert av Tietoevry AS. Modellen predikerer sannsyn for misleghald i komande 12-månadarsperiode. Ved årsskiftet var 92,7 % av utlåna klassifiserte til låg eller moderat risiko for misleghald, likt som i fjor. Engasjement med høgt sannsyn for misleghald er auka til 6,3 %, frå 5,9 %, tapsutsett er 1,0 %, mot 1,4 % i fjor. Bedriftsengasjement med låg eller moderat sannsyn er siste året endra frå 76,3 % til 78,3 %.

Bedriftsengasjement klassifisert med høgt sannsyn for misleghald er ned frå 19,3 % til 18,4 % og tapsutsett innan bedriftsmarknaden ned frå 4,4 % til 3,2 %. Meir informasjon i note 6.

Netto tapsutsette og misleghaldne engasjement var ved årsskiftet på kr 54,8 mill. mot kr 56,7 mill. året før. Dette utgjer om lag 1,0 % av brutto utlån, mot 1,1 % året før. Ved utgangen av året var dei individuelle nedskrivingane av utlån på kr 24,9 mill. mot kr 33,0 mill. året før. I høve overgang til IFRS er det ikkje lengre gruppnedskrivingar, sjå «nedskrivingar etter IFRS9 og utlånsforskrifta» under note 2 for meir informasjon. Til saman er avsetjingane til å møta tap på utlån på kr 40,0 mill. mot kr 47,5 mill. for eit år sidan.

Kreditrisiko i sertifikat- og obligasjonsbeholdninga vert vurdert som relativt låg. Til saman har banken kr 540,3 mill. fordelt mellom hovudsakleg herads- og fylkespapir, og OMF (bustadkreditt) og bank/forsikring. Av dei største postane kan det nemnast kr 289,9 mill. i papir til det offentlege, kr 136,9 mill. i OMF og kr 106,0 mill. i bank/forsikring. Obligasjonsporteføljen er spreidd på 57 ulike obligasjonar, der største eksponering i eitt papir er kr 25 mill. Meir informasjon i note 15 og 16.

Eit engasjement er stort når det utgjer 10 % eller meir av banken sin kjernekapital. Voss Sparebank hadde ingen slike engasjement per 31.12.2024. I tillegg kjem innskota i Noregs Bank og i avrekningsbanken vår, DNB.

Med utgangspunkt i risikoklassifisingar av engasjementa, vurderer styret risiko i personmarknaden som låg og moderat for næringsmarknaden. Styret meiner dei samla nedskrivingane er tilstrekkelege til å dekkja kreditrisiko i engasjementa. Meir informasjon i note 6.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er risiko relatert til rente-, valuta- og kursrisiko. Det samla marknadsrisikonivået er vurdert som tapspotensialet for aksjar, renter og valuta.

Rente- og kreditsprikrisiko

Renterisiko er eit resultat av at rentebindingstida på aktiva- og passivasida ikkje er samanfallande. Banken reknar renterisiko etter IRRBB på balansen (EVE) og resultatet (NII). Banken sin renterisiko består i hovudsak fastrentelån og fastrenteinnskot, rentebinding på plasseringar i sertifikat, obligasjonar og rentefond, rentebinding på banken si finansiering (obligasjonslån og liknande) og NMD-innskot (under dette stabile kjerneinnskot). På finansieringssida har banken i tillegg 1,2 mrd. i eigenkapital. Voss Sparebank tilbyr fastrentelån med binding inntil 5 år og fastrenteinnskot med binding inntil 1 år. Per 31.12.2024 var det kr 152,7 mill. i fastrentelån med ein snittdurasijsn på 2,0 år og kr 421,7 mill. i fastrenteinnskot. Det er ikkje inngått rentebytteavtale då vurdert risiko er innanfor akseptabelt nivå. Obligasjonsbeholdninga er også utsett for «spreadrisiko». Sjå meir i notane.

Aksjerisiko er marknadsrisiko knytt til posisjonar i eigenkapitalinstrument, inkludert derivat. Voss Sparebank har ikkje handel med opsjonar og derivat. Voss Sparebank har ikkje handelsportefølje av aksjar, eigenkapitalbevis eller aksjefond.

Valutarisiko er risikoen for tap når valutakursane endrar seg. Voss Sparebank har ikkje lån i valuta eller andre nemneverdige valutaposisjonar. All valutaomsetnad vert gjort som kommisjonær for valutabank.

Kontantbeholdninga var ved årsskiftet på kr 1,2 mill. omgjort i norske kroner.

Likviditetsrisiko til banken er låg. Ved årsskiftet utgjorde kundeinnskota 91,1 % av brutto utlån, mot 89,4 % året før om ein reknar med lån som er flytta til Verd Boligkreditt. Utlånsporteføljen til Voss Sparebank har forholdsvis lang nedbetalingstid, medan storparten av innskota frå kundar har ingen eller kort oppseiing. Kr 416 mill. av innskota har fast rente inntil eitt år, kr 549,2 mill. har oppseiingstid på tre månader og kr 563,5 mill. har ein månads binding. Sjølv om Voss Sparebank har god likviditet, har ein nokre innlån i finansmarknaden. Pr. 31.12.2024 hadde banken tre seniorobligasjonar på 100 mill. med forfall februar 2025, oktober 2025 og november 2027. Sjå note 33 for detaljar. Seniorlåna til banken er notert på Nordic ABM/Oslo Børs.

Mykje av likviditeten vert lånt ut til andre finansinstitusjonar, plassert i obligasjonar, sertifikat eller i rentefond. Ved årsskiftet hadde Voss Sparebank kontantar og innskot i Noregs Bank på kr 398,5 mill., og kr 125,0 mill. i utlån til og krav på finansinstitusjonar.

Store deler av obligasjons- og sertifikatporteføljen vert vurdert som lett omsetteleg, men obligasjonslåna til bankar har konsentrasjonsrisiko og vil ha svakare likviditet i urolege tider.

Risikoene for bråe svingingar i likviditeten er i tillegg sikra gjennom trekkrettar i Noregs Bank og DNB. Banken har ikkje nyttar seg av trekkrettane gjennom året.

Likviditetskravet Liquidity Coverage Ratio (LCR) var ved årsskiftet på 396 %. Kravet frå styresmaktene er 100 %.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er risikoene for tap som følgje av utilstrekkelege eller sviktande interne prosessar eller system, menneskelege feil, eller eksterne hendingar. Av risikoar som vert vurderte nærmare etter kapitalkravforskrifta, kan nemnast konsentrasjonsrisiko, geografisk risiko, ESG-risiko, omdømerisiko og strategisk risiko.

Styret er oppteken av at strategisk/forretningsmessig risiko og omdømerisiko vert handsama på ein god måte. Styret arbeider difor systematisk med strategiske vurderinger og legg stor vekt på godt samfunnsansvar og gode etiske haldningar. Voss Sparebank skal ikkje gjennomføra investeringar som utgjer ein risiko for at me medverkar til uetiske handlingar, som t.d. grove eller systematiske krenkingar av menneskerettane og/eller alvorlege miljøskadar.

Voss Sparebank er svært avhengig av moderne teknologi, særleg IKT-løysingar. Våre IKT-løysingar vert leverte av Tietoevry AS. Deira retningslinjer for utvikling, leveranse og datatryggleik gjeld for desse tenestene.

Voss Sparebank har eigne retningslinjer for å sikra at drifta er i samsvar med IKT-forskriftene. Etter styret si vurdering, er Voss Sparebank sin bruk av IKT i samsvar med dei lover og reglar som gjeld.

TILSETTE, LIKESTILLING OG HMS

Tilsette

Ved utgangen av året hadde Voss Sparebank 28 fast tilsette. Gjennomsnittleg vart det nyttar 26,5 årsverk.

FinAut – Finansnæringens autorisasjonsordninger

FinAut har ansvar for å driva og vidareutvikla autorisasjonsordningane i finansnæringa. Gjennom utvikling og forvaltning av kompetansestandardar arbeider FinAut for å sikra høg fagleg kvalitet og etisk forsvarleg rådgiving i bransjen. Autorisasjonsordningane gjev tryggleik for både kundar og tilsette ved å stilla klare krav til kunnskap, ferdigheiter og god skikk. Slik bidreg FinAut til å styrkja tilliten til finansnæringa og sikra at kundane får profesjonell og forsvarleg rådgiving i økonomiske spørsmål. For å sikra at rådgjevarane våre har høg kompetanse innan dei ulike fagfelta, er Voss Sparebank innmeldt i dei fire ordningane som FinAut administrerer innan privatmarknaden.

Autorisasjonsordning	Tal tilsette i Voss Sparebank som er autorisert
Sparing og investering (AFR)	9
Kreditt (KRD)	7
Skadeforsikring (SF)	8
Personforsikring (PF)	7

Likestilling og livsfasepolitikk

Voss Sparebank legg stor vekt på å gje kvinner og menn same høve til personleg og fagleg utvikling, løn og karriere. Ved utgangen av året hadde banken 16 kvinner og 12 menn tilsett. I tillegg til adm. banksjef består leiargruppa av to kvinner og to menn. To av fem eksternt valde styremedlemar er kvinner.

Banken legg også vekt på å vera ein open og inkluderande arbeidsplass. Det skal leggjast godt til rette for gode arbeidsforhold, fagleg utvikling, løn og karriere uavhengig av graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonshemming, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder og andre vesentlege forhold ved ein person. Dette i tråd med gjeldande likestillings- og diskrimineringslov.

Godtgjersle

Alle arbeidstakarane, unnateke øvste leiinga, er omfatta av tariffverket innan finanssektoren. Voss Sparebank har ikkje individuell bonus, men innførte i 2014 kollektiv og lik bonusutbetaling til alle tilsette i høve stillingsprosent. Adm. banksjef er ikkje inkludert i denne ordninga, og har ikkje bonusordning i det heile. Sum bonus er avhengig av oppnådde målsetjingar. Samla bonusutbetaling for året 2024 kom på kr 0,98 mill. og kr 40.000pr. årsverk. Det er styret som er godtgjeringsutval i banken.

Forsikringsordningar for dei tilsette

Voss Sparebank har innskotspensjon, uføreforsikring, gruppelivsforsikring, yrkesskadeforsikring, helseforsikring, ulukkesforsikring og reiseforsikring. Dei tilsette i banken er med i AFP-ordninga som i rekneskapsamanheng vert handsama som ei innskotsbasert ordning med løpende kostnadsføring av betalt premie. Meir informasjon om dette i notane.

Styreansvarsforsikring

Banken har i fellesskap med 8 andre finansinstitusjonar teikna forsikring for styret og adm. banksjef for deira moglege ansvar overfor føretaket og tredjepersonar. Styreansvarsforsikringa har ei dekning på kr 120 mill., inkl. omkostningar pr. forsikringstilfelle og samla for alle sikra i løpet av forsikringsperioden.

Helse, miljø og tryggleik (HMS)

HMS er eit viktig element i personalpolitikken og me arbeider systematisk for å oppretthalda eit godt arbeidsmiljø. Lokala i Vangsgata fungerer godt og er på fleire måtar tilrettelagde for å tilfredsstilla ulike behov hjå dei tilsette. Det vert årleg nyttja ressursar på tiltak av både helsefremjande og sosial karakter for å styrkja samhaldet og arbeidsmiljøet. I rekneskapsåret er det ikkje registrert skade på personar. Sjukefråværet var i 2024 på 3,7 %.

Voss Sparebank har eit aktivt bedriftsidrettslag. Medlemene er flinke til å dra i gang ulike aktivitetar. I tillegg tilbyr banken dei tilsette trimavtale med økonomisk kompensasjon og eit trimrom som kan disponerast i fritida.

STYRING AV VERKSEMDA

Voss Sparebank vart stifta 15. november 1843 og banken har soleis skapt verdiar for kundar og Vossabygda i 181 år. Offentleg regulering av verksemda er hovudsakleg gjeven i Lov om finansforetak og finanskonsern med tilhøyrande forskrift. Tilsyn med verksemda vert utført både av Finanstilsynet og Bankenes Sikringsfond.

Føremålet til Voss Sparebank går klart fram av vedtekten. Me skal vera bank for Voss, vossingar og nærliggjande område. Banken kan, innanfor gjeldande regelverk, utføra alle forretningar og tenester som det er vanleg eller naturleg at bankar utfører.

Voss Sparebank driv målretta arbeid for å oppretthalda konkurranseevna på kort og lang sikt. I det ligg mellom anna utvikling av medarbeidarane, produkt og styringssystem. Voss Sparebank har valt å vera sjølvstendig i ein samfunnssektor som er prega av auka sentralisering og større avstand til kundane som fylge av samanslängingar, alliansar og oppkjøp. Ein sjølvstendig lokal sparebank vurderer styret som svært viktig for utviklinga av lokalsamfunnet vårt.

I styringa av banken vert det lagt stor vekt på nærliek til kundane og god service, samstundes som Voss Sparebank skal vera ein konkurransedyktig bank, bygd på tillit, og skal driva etter strenge etiske og sunne økonomiske prinsipp til beste for kundane og lokalsamfunnet.

Generalforsamlinga er Voss Sparebank sitt øvste organ. Det er samansett av 12 medlemar. Ni medlemar og fire varamedlemar er valde av kundane, og tre medlemar med ein varamedlem er valde av dei tilsette. Det er viktig at kundane stiller på det årlege kundevalet og på den måten deltek i utviklinga og styringa av banken. Voss herad stiller ikkje lenger med representantar til generalforsamlinga.

Styret er samansett av totalt seks medlemar og to varamedlemar, der fem medlemar og ein varamedlem er valde av generalforsamlinga, medan ein medlem og ein varamedlem vert valde frå dei tilsette. Valet vert gjort for to år. Leiar og nestleiar vert valde ved særskilde val. Styremedlemene har yrkesbakgrunn frå næringer som er typiske for området til Voss Sparebank. Styret er oppteken av å ha best mogeleg kunnskap om hovudmarknaden til banken og dei kundane som opererer innanfor dette området. Det er ei av føremonene til ein lokalbank.

Styret har valt styreleiar og nestleiar som medlemer til risikoutvalet. Utvalet er eit saksførebuande og rådgjevande arbeidsutval for styret. Av viktige oppgåver for risikoutvalet kan nemnast risikotoleranse, risikostrategi, risikostyring og risikorapportering. Banken har uavhengig risikokontrollfunksjon i samsvar med finansføretakslova. Styret sjølv er revisjonsutval, der hovudoppgåva er gjennomgang og drøfting av kvartalsrekneskap og rapportering.

Styret har utarbeida årsplan for arbeidet sitt og legg vekt på å sikra tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse hjå medlemene. Oppfølging av drifta, strategi, risiko- og kapitalstyring og overvaking av marknader og rammevilkår er viktige fokusområde for styret. Eigenevaluering av arbeidsform, kompetanse, prioriteringar, og evaluering av samarbeidet mellom styre og leiing, vert gjennomført årleg. Styret handsamar alle større kreditsaker og saker av uvanleg art.

Voss Sparebank legg stor vekt på å ha ein veldefinert organisasjon, med klare ansvarsområde og fullmakter. Det er laga stillingsinstruksar for alle leiarstillingane. Det er utarbeidd eit omfattande system av rutinar og styringsdokument.

Adm. banksjef har den daglege leiinga av banken og skal fylgia instruksen og dei pålegg styret har gjeve. Den daglege leiinga omfattar ikkje avgjersler i saker som er av uvanleg art eller særstak tyding. Adm. banksjef skal syta for at rekneskapsføringa er i samsvar med lov og forskrift, og at formuesforvaltinga er ordna på ein trygg måte. Adm. banksjef deltek på styremøta, men er ikkje medlem av styret.

Revisjonen vert utførd i samsvar med gjeldande regelverk. Eksternrevisor gjev kvart år uttale til styret om kvaliteten av internkontrollsystemet, gjennomføringa av kontrollane og utarbeidd ICAAP. Eksternrevisor, Harald Bjotveit, RSM Norge AS, deltek etter behov i styremøta, minimum to gonger i året. Voss Sparebank har ikkje krav om internrevisjon.

Meir informasjon om eigarstyring og leiing av banken er å finna etter notane.

UTSIKTENE FRAMOVER

Banknæringa er i konstant endring, og over dei siste åra har både kundeadferd, dei regulatoriske rammevilkåra og den teknologiske utviklinga ført til store endringa for både Voss Sparebank og næringa generelt. Bankane har synt seg endringsdyktige og har tilpassa seg godt og har klart å oppretthalda eit godt tilbod til kundane sine gjennom mang ein endringsprosess. I 2024 kom Sparebankutvalet med sin rapport, «Norske sparebanker – tradisjon og tilpasning», NOU 2024/22. Utvalet vart sett ned at regieringa i 2023 for å utgreia kapitalstrukturen i sparebanksektoren. Spesielt omtalt var EK-beviset sin funksjon som eit instrument for rein kjernekapital. Utvalet sin rapport har vakt stor debatt i næringa vår, og spesielt kundeutbytte ved disponering av overskot har vore omdiskutert. Utvalet ynskjer å forby denne forma for utbytte då den er einsidig betalt av den eiga lause kapitalen i grunnfondet. Ordninga gjev samstundes skattefrådrag, og soleis aukar avkastinga til aksjonær ved bruken av ordninga. Voss Sparebank leverte høringsuttale til utvalet sin rapport, og slutta seg i stor grad til rapporten sine konklusjonar.

Det er stor geopolitisk uro i Verda rundt oss. Sjeldan har det vore meir usikkert kva nær framtid vil bringa, både med tanke på nasjonal tryggleik, forsyningskjeder, energimarknaden, rentenivå osb. I slike tider er det viktig å vera solid og ha kapital ein kan tæra på. Trass internasjonal uro, er me trygge på at det vert relativt gode forhold for å driva lokalbank vidare inn i framtida. Det er forventa kapitallette for mindre sparebankar når CRR3-regelverket vert gjeldande frå 1. april 2025. Voss Sparebank har ambisjonar om vekst i kundar og porteføljer. Banken er godt kapitalisert og ynskjer å styrka seg ytterlegare i heimeområde og ta meir av marknaden rundt oss. Eit anna viktig område for banken er utflytta vossingar, og andre som er knytt til bygda vår.

Serviceinnstilte og kompetente medarbeidarar som leverer kundeverdi over tid, vil sikra at Voss Sparebank sin plass som ein sjølvstendig, framtdsretta og god sparebank på Voss vil stå seg godt i komande tider.

Styret kjenner ikkje til andre hendingar etter utgangen av rekneskapsåret som vil påverka stillinga til banken.

TAKK TIL KUNDAR, TILSETTE OG TILLITSVALDE

Styret nyttar høve til å takka alle kundar for god oppslutnad om Voss Sparebank og ser fram til framleis godt samarbeid i tida som kjem. Styret rettar ei varm takk til alle tillitsvalde for innsatsen, og ikkje minst til dei tilsette for stor innsats og godt samarbeid.

Voss, 20.03.2025

Styret i Voss Sparebank

Trond Syversen
Trond Syversen
- Styreleiar -

Helene Stråteit
Helene Stråteit
- Nestleiar -

Olav Bjørgum
Olav Bjørgum

Knut O. R. Nestås
Knut Olav Nestås

Gunn Irene
Hommedal Kvitne

Rolf Haukås
Rolf Haukås
- Tilsett -

Jørund Rong
Jørund Rong
- Adm. banksjef -

VOSS SPAREBANK
TOTALRESULTAT

Tal i heile tusen kroner


Resultatrekneskap	Notar	Morbank		Konsern	
		2024	2023	2024	2023
renteinnt. og liknande inntekter					
renteinnt. rekna etter eff. rentemetoden av utlån til og fordringar på kred.inst. og finansføretak		23.160	14.690	23.160	14.690
renteinnt. rekna etter eff. rentemetoden av utlån til og fordringar på kundar		302.019	246.801	297.871	243.834
renteinnt. rekna etter eff. rentemetoden av renteberande verdipapir		23.796	21.322	23.796	21.322
Sum renteinnt. og liknande inntekter	23	348.975	282.813	344.827	279.846
Rentekostnadar og liknande kostnadar					
Rentekostnadar rekna etter eff. rentemetoden på innskot frå og gjeld til kundar		153.821	107.590	153.718	107.509
Rentekostnadar rekna etter eff. rentemetoden på utsteda verdipapir		17.130	11.859	17.130	11.859
Øvrige rentekostnadar	40	4.062	4.126	3.066	3.149
Sum rentekostnadar og liknande kostnadar	23	175.013	123.575	173.914	122.517
Netto rente- og kreditprovsjonsinntekter	23	173.962	159.238	170.913	157.329
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	24	13.704	14.445	13.704	14.445
Provisjonskostnadar og kostnadar ved banktenester	24	2.301	2.546	2.301	2.546
Utbyte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		10.969	8.012	10.969	8.012
Inntekt av eigarinteresser i konsernselskap		-219	-1.763	0	0
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	31	2.224	1.866	2.224	1.766
Andre driftsinntekter		0	0	1.332	999
Netto andre driftsinntekter		24.377	20.014	25.928	22.676
Sum driftsinntekter		198.339	179.252	196.841	180.005
Løn og andre personalkostnadar	25/26/27	31.958	28.103	31.958	28.103
Andre driftskostnadar	40	37.194	35.784	38.546	40.781
Av-/nedskrivningar og vinst/tap på ikkje-finansielle eignelutar	32/40	3.542	3.062	1.988	2.590
Sum driftskostnadar		72.694	66.949	72.492	71.474
Resultat før tap		125.645	112.303	124.349	108.531
Kredittap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	6/8/9/12	5.653	6.678	5.653	6.678
Driftsresultat før skatt		119.992	105.625	118.696	101.853
Skatt på resultat frå videreførd verksemد	28	29.114	25.811	28.758	24.437
Resultat av ordinær drift etter skatt	38	90.878	79.814	89.938	77.416
Andre inntekter og kostnadar					
Andre inntekter og kostnadar som ikkje vil verta omklassifisert til resultat					
Verdiendr. i investeringar i EK-instrument rekneskapsført til verkeleg verdi over utv. resultat	31	20.020	11.606	20.020	11.606
Sum postar som ikkje vil verta omklassifisert til resultat		20.020	11.606	20.020	11.606
Andre inntekter og kostnadar som kan verta omklassifisert til resultat					
Verdiendring finansielle eignelutar rekneskapsført til verkeleg verdi over utvida resultat	31	35	755	35	755
Skatt på andre inntekter og kostnadar som kan verta omklassifisert til resultat	28	-9	-189	-9	-189
Sum postar som kan verta omklassifisert til resultat		26	566	26	566
Sum utvida resultat		20.046	12.172	20.046	12.172
Totalresultat		110.924	91.986	109.984	89.588


VOSS SPAREBANK
BALANSE

Tal i hele tusen kroner


Balanse	Notar	Morbank		Konsern	
		31.12.2024	31.12.2023	31.12.2024	31.12.2023
Kontantar og fordringar på sentralbankar	20	398.511	288.735	398.511	288.735
Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar og finansieringsføretak til amortisert kost	22	125.037	161.409	125.037	161.409
Utlån og fordringar på kundar til verkeleg verdi	3,5,6-9/11/29	3.695.005	3.462.172	3.695.005	3.462.172
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	3,5,6-9/11/29	1.504.682	1.431.175	1.444.172	1.376.388
renteberande verdipapir	15/16/29	540.253	433.818	540.253	433.818
Aksjar, lutar og andre eigenkapitalinstrument	17/18/29	249.866	220.200	249.894	220.228
Eigarinteresser i konsernselskap	1/21	27.857	27.796	0	0
Investeringseigedom	32	0	0	33.853	27.614
Eigarnytta eigedom	32/40	21.253	21.435	40.523	41.363
Andre varige driftsmidlar	32	7.633	7.097	7.633	7.097
Eignelutar ved utsett skatt	28	170	80	446	0
Andre eignelutar		2.747	600	2.792	280
Sum eignelutar		6.573.014	6.054.517	6.538.119	6.019.104
Gjeld og egenkapital					
Innlân frå kreditinstitusjonar og finansieringsføretak til amortisert kost		488	1.675	488	1.675
Innskot og andre innlân frå kundar til amortisert kost	7/14	5.021.803	4.655.563	5.013.987	4.644.153
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	33	303.289	252.369	303.289	252.369
Anna gjeld	35/40	37.902	34.429	13.581	12.187
Pensjonsskyldnadur	27/35	0	24	0	24
Avsetjing for skuldig skatt	28/35	32.260	28.068	32.260	28.125
Avsetjingar på garantiar og unytta rammekredittar	8/34/35	647	688	647	688
Sum gjeld		5.396.389	4.972.816	5.364.252	4.939.221
Grunnfondskapital					
Sparebanken sitt fond		1.035.437	949.554	1.032.679	947.736
Gåvefond		13.000	23.000	13.000	23.000
Sum grunnfondskapital		1.048.437	972.554	1.045.679	970.736
Fond for verdijustering		128.188	109.147	128.188	109.147
Sum eigenkapital	10	1.176.625	1.081.701	1.173.867	1.079.883
Sum gjeld og eigenkapital		6.573.014	6.054.517	6.538.119	6.019.104

Styret i Voss Sparebank
20.mars 2025


Trond Syversen
- Styreleiar -


Knut O.R. Nestås


Knut Olav Røssland Nestås
- Styremedlem -


Helene Stråteit

- Nestleiar -


Olav Bjørgum

- Styremedlem -


Gunn Irene Hommedal Kvite

- Styremedlem -


Rolf Haukås

- Styremedlem -


Jørund Rong
- Adm banksjef -

Eigenkapitaloppstilling

2024 Morbank	Sparebanken sitt fond	Gåvefond	Fond for verdiregulering	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2023	949.554	23.000	109.147	1.081.701
Resultat etter skatt	90.878			90.878
Sum utvida resultat	1.005		19.041	20.046
Totatresultat 31.12.2024	91.883	0	19.041	110.924
Gåver disponert i året	-6.000	-10.000	0	-16.000
Eigenkapital 31.12.2024	1.035.437	13.000	128.188	1.176.625

2024 Konsern	Sparebanken sitt fond	Gåvefond	Fond for verdiregulering	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2023	947.736	23.000	109.147	1.079.883
Resultat etter skatt	89.938			89.938
Sum utvida resultat	1.005		19.041	20.046
Totatresultat 31.12.2024	90.943	0	19.041	109.984
Gåver disponert i året	-6.000	-10.000	0	-16.000
Eigenkapital 31.12.2024	1.032.679	13.000	128.188	1.173.867

2023 Morbank	Sparebanken sitt fond	Gåvefond	Fond for verdiregulering	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2022	879.740	13.000	96.975	989.715
Resultat etter skatt	69.814	10.000		79.814
Sum utvida resultat			12.172	12.172
Totatresultat 31.12.2023	69.814	10.000	12.172	91.986
Eigenkapital 31.12.2023	949.554	23.000	109.147	1.081.701

2023 Konsern	Sparebanken sitt fond	Gåvefond	Fond for verdiregulering	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2022	880.320	13.000	96.975	990.295
Resultat etter skatt	67.416	10.000		77.416
Sum utvida resultat			12.172	12.172
Totatresultat 31.12.2023	67.416	10.000	12.172	89.588
Eigenkapital 31.12.2023	947.736	23.000	109.147	1.079.883

Kontantstraum

Morbank		Alle tal i hele tusen kroner	Notar	Konsern	
2024	2023			2024	2023
315.569	257.170	Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar	23/24	311.421	254.203
-149.888	-103.298	Rente-, provisjons- og gebyrinnbetalingar frå kundar	23/24	-149.785	-103.217
46.461	36.769	Renteinnbetalingar på andre utlån		46.461	36.769
-21.537	-16.914	Renteutbetalingar på andre lån		-21.537	-16.914
11.530	8.641	Innbetalingar av utbytte mv.		12.862	9.640
-41.016	-41.381	Utbetalingar til andre leverandørar for varer/tenester		-40.401	-39.569
-31.418	-27.164	Utbetalingar tilsette, pensjon, arb.g.avgift, sk.trekk mv.	25/26/27	-31.418	-27.164
-25.157	-18.409	Utbetalingar av skatt	28	-25.157	-18.493
104.544	95.414	Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar		102.446	95.255
-309.368	-357.422	Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar	6-9/11/29	-303.477	-348.477
-5.059	-57	Auke (-) / reduksjon (+) i utlån til kundar		-5.059	-57
3.288	0	Auke (-) / reduksjon (+) i utlån til finansinstitusjonar	17/18	3.288	0
-12.546	-10.767	Innbetalingar ved sal av aksjar i andre føretak	17/18	-12.546	-5.767
306.630	581.177	Utbetalingar ved kjøp av aksjar i andre føretak	15/16	306.630	581.177
-413.613	-320.793	Innbetalingar ved sal av andre verdipapir	15/16	-413.613	-320.793
-535	-4.138	Utbetalingar ved kjøp av andre verdipapir	32/40	-7.922	-14.684
-431.203	-112.000	Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar		-432.699	-108.601
362.075	252.620	Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar	7	365.669	249.380
-1.186	-229	Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar		-1.186	-229
50.000	0	Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til finansinstitusjonar		50.000	0
-15.886	-5.074	Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons/sertifikatgjeld		-15.886	-5.074
395.003	247.317	Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar		398.597	244.077
68.344	230.731	Netto kontantstraum for året		68.344	230.731
68.344	230.731	Netto endring likvidar		68.344	230.731
427.396	196.665	Likviditetsbeholdning 1. januar		427.396	196.665
495.740	427.396	Likviditetsbeholdning 31. desember		495.740	427.396
		Likviditetsbeholdninga består av følgjande:			
22.029	17.612	Kontantar		22.029	17.612
376.482	271.123	Fordringar på sentralbanken		376.482	271.123
97.229	138.661	Fordringar på kreditteinstitusjonar utan oppseilingstid		97.229	138.661
495.740	427.396	Sum likviditetsbeholdning		495.740	427.396

Notar

Note I Generell informasjon

Voss Sparebank er ein sjølvstendig sparebank lokalisert på Voss. Banken tilbyr banktenester og forsikringsprodukt for person- og bedriftsmarknaden. Banken har hovudkontor og besøksadresse Vangsgata 18 på Voss.

NÆRSTÅANDE PARTAR

Voss Sparebank Eigedom AS (VSE) (org nr 896 324 012)

Voss Sparebank Eigedom AS er eigd 100% av Voss Sparebank. Føremålet med selskapet er å eiga og drifta bankbygget i Vangsgata 18. VSE sine rekenskapstal vert konsolidert inn i banken sitt konsernrekneskap.

Voss Invest AS (VI) (Org nr 945 665 343)

Voss Invest AS er eigd 100% av Voss Sparebank. Føremålet med selskapet er investeringar, eigarskap og sal av verdipapir og eigedom som ikkje naturleg høyrer inn i banken sin balanse. VI sine rekenskapstal vert konsolidert inn i banken sitt konsernrekneskap.

AS Jernvangen (JV) (Org nr 945 418 311)

AS Jernvangen er eigd 100% av banken sitt datterselskap Voss Invest AS. Banken har også tidlegare år vore deleigar i selskapet gjennom VI, men overtok i desember 2021 dei resterande lutane i selskapet. JV er eit eigedomsselskap som skal drifta og utvikla eigen næringseigdom sentralt på Vossevangen.

Hanguren AS (HA) (Org nr 930 300 322)

Hanguren AS er eigd 100% av Voss Invest AS. Føremålet med selskapet er investeringar, eigarskap og sal av verdipapir og eigedom som ikkje naturleg høyrer inn i banken sin balanse.

Note 2 Rekneskapsprinsipp

Grunnlag for utarbeiding av rekneskapen

Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med rekneskapsstandarden IFRS® Accounting Standards (International Financial Reporting Standards – IFRS), eit regelverk som er fastsett av EU i tråd med § 1-4, fyste og andre ledd b) i forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak.

IFRS 18 skal erstatta den gjeldande IAS 1 og gjera finansrekneskapen meir oversiktleg og lettare å samanlikna mellom selskap. Den nye standarden skal tydelegare syna korleis ulike delar av verksemda bidreg til resultatet.

IFRS 18 skal gjelda frå 2027, og me følgjer med og vil tilpassa oss når tida kjem. IFRS 18 er ikkje venta å påverka innrekning eller måling av rekneskapspostar, men ein vil få endringar i presentasjonen av resultatoppstillinga.

I samsvar med forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak, har banken valt å rekneskapsføra utbyte og konserntilskot frå datterselskap i samsvar med reglane i rekneskapslova.

Banken vil ikkje gje fylgjande notekrav etter IFRS:

1. IFRS 13. Det vert i staden gjeve opplysingar om verkeleg verdi i samsvar med forskrifa § 7-3.
2. IFRS 15.113-128.
3. IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147.

Finansrekneskapen er avlagt i samsvar med føresetnaden om fortsatt drift.

Samandrag av vesentlege rekneskapsprinsipp

Konsolideringsprinsipp

Rekneskapsprinsippa vert nytta konsistent ved innarbeiding av eigarinteresser i datterselskap, og er basert på dei same rapporteringsperiodane som for morbanken.

Konserninterne transaksjonar og konsernmellomverande, inkludert internforteneste og ikkje-realiserde vinstar og tap, vert eliminert ved utarbeiding av konsernrekneskapet.

Dotterselskap vert definert som selskap der morbanken kan utøva kontrollerande makt over drifta i selskapet (faktisk kontroll). Det føreligg kontroll når investor har makt over investeringsobjektet, er utsett for eller har rett til variabel avkasting frå investeringsobjektet, og har høve til å nytta makt til å styra aktivitetar hjå investeringsobjektet som i vesentleg grad kan påverka avkastninga.

Kontrollomgrepet fører med seg at konsolideringsplikt også må vurderast for eigarskap der banken ikkje har aksjemajoritet. I tillegg kan det i visse situasjonar henda at det vert konsolideringsplikt gjennom eit låneengasjement, dersom det ligg omfattande rettar i låneavtalen som er eigna til å gje kontroll. Slike rettar må avgrensast mot ordinære rettar banken har for å tryggja låneengasjement.

Dotterselskap vert konsolidert frå det tidspunktet den reelle kontrollen er ført over til konsernet.

Investeringar i dotterselskap vert rekneskapsført etter eigenkapitalmetoden i selskapsrekneskapen.

Investeringseigedom

Investeringar i investeringseigedom vert gjort gjennom eigne dotterselskap. Desse verdiane kjem difor inn i banken sitt selskapsrekneskap gjennom aksjebehaldninga i datterselskapene. Verdsetjinga av aksjane på kjøpstidspunktet baserer seg på marknadsverdien av den faste eigedommen med tillegg av eventuelle andre målbare eignelutar og frådrag av datterselskapet si gjeld. Den vidare balanseføringa av desse aksjane vert gjort til historisk kostpris med frådrag for mogelege av- og nedskrivingar.

Segmentinformasjon

Driftssegment vert rapportert slik at dei er i samsvar med segmenta etter den interne rapporteringa i Voss Sparebank.

Inntektsføring

Renteinntekter vert inntektsført ved bruk av effektiv rentemetode. Dette gjer at ein må inntektsføra renter løpende med tillegg av amortisering av etableringsgebyr. Den effektive renta vert fastsett ved diskontering av kontraktfesta kontantstraumar innafor forventa lengd på lånet. Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr, samt eventuell restverdi ved utløp av forventa lengd på lånet.

Inntektsføring av renter etter effektiv rentemetode vert nytta for balansepostar som vert vurdert til amortisert kost og for balansepostar som vert vurdert til verkeleg verdi over utvida resultat. For renteberande balansepostar som vert vurdert til verkeleg verdi over resultatet, vert den nominelle renta inntektsført etter kvart, medan verdiendringar vert ført i rekneskapen ved slutten av perioden. Renteinntekter på nedskrivne engasjement vert rekna som effektiv rente av nedskrivne verdi. Gebyr og provisjonar vert ført i resultatet etter kvart som tenesta vert ytt. Gebyr for etablering av låneavtalar går inn i kontantstraumane ved utrekning av amortisert kost og vert ført som inntekt under netto renteinntekt etter effektiv rentemetode. Andre driftsinntekter inneheld mellom anna gebyr og provisjonar knytt til betalingsformidling, kreditformidling og verdipapirtenester. Resultatføringa vert gjort når tenestene er levert.

Utbyte frå investeringar vert resultatført på det tidspunktet det er gjort vedtak om utbyte på generalforsamlinga.

Leigeinntekter vert ført som inntekt etterkvart som dei vert tent opp.

Finansielle instrument – rekna inn og rekna i frå

Finansielle eignelutar og plikter vert rekna inn når banken vert part i instrumenta sine vilkår i kontrakt.

Finansielle eignelutar vert rekna i frå når dei rettane til kontantstraumar frå dei finansielle eignelutane går ut, eller når føretaket overfører den finansielle eigneluten i ein transaksjon, der all eller tilnærma all risiko og mogleg vinst knytt til eigarskap av eigneluten vert overført.

Finansielle plikter vert rekna i frå på det tidspunktet rettane til vilkåra er innfridd, avlyst eller gått ut.

Finansielle instrument – klassifisering

Ved fyrstegongsføring i rekneskapen, vert finansielle instrument klassifisert i ein av fylgjande kategoriar, avhenge av kva type instrument det er og føremålet med investeringa:

- Amortisert kost
- Verkeleg verdi med verdiendring over utvida resultat
- Verkeleg verdi med verdiendring over resultatet

Finansielle plikter vert klassifisert som:

- Finansielle plikter til verkeleg verdi med verdiendringar over resultatet
- Andre finansielle plikter målt til amortisert kost

I høve til klassifisering og måling krev IFRS 9 at alle finansielle eignelutar som er pengekrav, vert klassifisert basert på ei vurdering av banken sin forretningsmodell og kontantstraumane knytt til dei ulike instrumenta. Utlån med flytande rente er klassifisert til amortisert kost. Banken har høve til å overføra utlån med pant i bustadeigedom til Verd Boligkreditt AS dersom lånegrada er under 75 %. Banken sin forretningsmodell tilseier at bustadlån som allereie er på banken sin balanse kan overførast til Verd Boligkreditt AS. Banken har sidan stiftinga av Verd Boligkreditt AS ført over nokre lån frå eigen balanse. Banken har difor valt å klassifisera utlån som kan overførast til Verd Boligkreditt AS, til verkeleg verdi over utvida resultat.

Banken si likviditetsportefølje er klassifisert til verkeleg verdi over resultatet i samsvar med forretningsmodellen som styrer forvaltinga av likviditetsporteføljen. Eigenkapitalinstrumenta som er strategiske investeringar, er klassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat utan resirkulering. Desse eigenkapitalinstrumenta er ikkje derivat eller haldne for handelsføremål.

Finansielle plikter vert målt til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetode. I tilfelle der tidshorisonten for den finansielle plikta sitt forfallstidspunkt er relativt kort, vert den nominelle renta nytta ved utrekning av amortisert kost. Kategorien finansielle plikter til amortisert kost inneheld òg klassane innskot frå og plikter mot kundar og renteberande plikt som sertifikat- og obligasjonsskyldnadene.

Måling

Måling til verkeleg verdi

Verkeleg verdi av finansielle instrument som vert omsett i aktive marknader, vert fastsett ved slutten av rapporteringsperioden med tilvising til noterte marknadsprisar eller kursar frå forhandlar av finansielle instrument, utan frådrag frå transaksjonskostnader. Marknaden er aktiv dersom det er mogleg å hente inn eksterne prisar, kursar eller renter, og desse prisane faktisk representerer reelle marknadstransaksjonar.

For finansielle instrument som ikkje vert omsett i ein aktiv marknad, vert den verkelege verdien fastsett ved hjelp av ein eigna verdsetningsmetode. Slike verdsetningsmetodar omfattar bruk av nyleg gjennomførte marknadstransaksjonar som er gjort på armlengd avstand mellom velinformerte og friviljuge partar om ein har slike tilgjengeleg. Elles til verkeleg verdi av eit anna instrument som praktisk tala er det same, diskontert kontantstraumutrekning eller andre verdsetningsmodellar. Dersom observerte marknadsprisar er tilgjengelege for variablar som går inn i verdsetningsmodellane, så skal desse nyttast.

Ein analyse av verkeleg verdi av finansielle instrument og fleire detaljar om målinga av desse, vert oppgjeve i eigen note i samband med framlegging av årsrekneskapen for 2020.

Måling til amortisert kost

Finansielle instrument som ikkje vert målt til verkeleg verdi, vert målt til amortisert kost, og inntektene vert rekna etter instrumentet si effektive rente. Den effektive renta vert fastsett ved diskontering av kontraktsfesta kontantstraumar innanfor forventa lengd.

Kontantstraumane inneholder gebyr ved etablering og transaksjonskostnader som ikke vert betalt av kunden direkte, i tillegg til eventuell restverdi ved utløp av forventa lengd. Amortisert kost er noverande verdi av slike kontantstraumar, diskontert med den effektive renta.

Måling av finansielle garantiar

Uferda finansielle garantiar vert vurdert til verkeleg verdi, som ved første gongs rekneskapsføring vert sett på som motteke mottying for garantien. Ved etterfylgjande måling vert utferda finansielle garantiar vurdert til den høgaste summen av motteke mottying for garantien, med frådrag for eventuelle resultatførte amortiseringar og beste estimat for mottying ved eventuell innfriing av garantien.

Nedskriving av finansielle eignelutar

Under IFRS 9 skal tapsavsetjingane rekna inn ut i frå forventa tap. Den generelle modellen for nedskrivninga av finansielle eignelutar omfattar dei eignelutane som vert målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi, med verdiendringar over utvida resultat. I tillegg er lånetilsegn, finansielle garantikontraktar som ikke vert målt til verkeleg verdi over resultatet, og krav på leigeavtalar omfatta.

Ved fyrstegongsbalanseføring skal det verta sett av tap for tilsvarande forventa tap på 12 månader. Forventa tap på 12 månader er det tapet som er forventa å inntreffa over levetida til instrumenta men som kan knytast til hendingar som skjer dei fyrste 12 månadene.

Dersom kreditrisikoen for ein eignelut eller ei gruppe av eignelutar vert rekna for å ha auka vesentleg sidan fyrstegongsinnrekning, skal det gjerast ei tapsavsetjing som tilsvarar heile den forventa levetida til eigneluten. Dersom det oppstår eit tap, skal renteinntektene rekna inn ut i frå bokførd sum etter justering for tapsavsetjing.

Banken nyttar ein tapsmodell som er utvikla av Tietoevry AS, der banken avgjer alle føresetnader for utrekning av tap. Modellen bygger på kunde- og kontohistorikk for heile kreditporteføljen til banken, utlån, kreditrammer og garantiar. Tapsestimata er basert på 12 månaders og livslang sannsyn for misleghald frå kunden (probability of default - PD), tap gjeve misleghald (loss given default – LGD) og eksponering ved misleghald (exposure at default - EAD).

Banken grupperer utlåna i tre steg basert på sannsynet for misleghald (PD) på starttidspunktet samanlikna med sannsynet for misleghald på balansedagen:

Steg 1:

Dette er startpunktet for alle finansielle eignelutar omfatta av den generelle tapsmodellen. Alle eignelutar som ikke har ein vesentleg høgare kreditrisiko ved fyrstegongs innrekning får ei avsetjing for tap som tilsvarar 12 månaders venta tap.

Steg 2

Steg 2 i tapsmodellen er eignelutar som på balansedagen har ei vesentleg auke i kreditrisiko sidan fyrstegongsinnrekning, men der det ikke er objektive prov for tap. For desse eignelutane skal det setjast av for venta tap over levetida til instrumentet. Avgrensing mot steg 1 er definert ved å ta utgangspunkt i om engasjementet sitt rekna sannsyn for misleghald (PD) har auka vesentleg. Banken har definert vesentleg auke i kreditrisiko som kvantitative vilkår ut i frå observert endring etter banken sitt risikoklassifiseringssystem. Risikoklassifiseringssystemet klassifiserer alle engasjement i 11 risikoklassar. Risikoklasse A har lægst risiko, og risikoklasse K omfattar engasjement med misleghald. Basert på risikoklassifiseringa, er det definert følgjande risikogrupper:

- Risikogruppe Låg : Risikoklasse A til D
- Risikogruppe Middels : Risikoklasse E til G
- Risikogruppe Høg : Risikoklasse H til J
- Kundar i misleghald : Risikoklasse K

Fylgjande kriterium må vera oppfylt for at ein skal sjå på auka kreditrisiko som vesentleg:

- Endring frå Risikogruppe Låg til Risikogruppe Middels med minst 2 klassar auke
- Endring innan Risikogruppe Middels og Risikogruppe Høg med minst 2 klassar auke
- Misleghald over 30 dagar

Steg 3

Eignelutar som har hatt ein vesentleg auke i kreditrisiko sidan fyrstegongsinnrekning, og der det er objektive prov på tap på balansedagen, vert klassifisert under steg 3. For desse eignelutane skal det setjast av for forventa tap over levetida. Alle engasjement i risikoklasse K (misleghald), kjem inn under steg 3-berekninga.

Utrekning av sannsyn for misleghald, PD

PD vert rekna i eigne modellar levert av Tietoevry AS. Ut frå intern og ekstern informasjon, vert det rekna 12 månadar forventa sannsyn for misleghald. Misleghald er definert ut frå Basel-definisjon med 90-dagar betalingsmisleghald og andre vilkår under «unlikeness to pay».

Utrekning av tap gjeve misleghald, LGD

Estimat for LGD er gjort ut i frå historiske tapstal for eigen og samanliknande bankar. Det er gjort eigne estimat for person- og bedriftskundar.

Utrekning av eksponering ved misleghald, EAD

Estimat for eksponering ved misleghald er gjort med uteståande skuld justert for evt. konverteringsfaktorar for delar av løyingar som ikkje er nytta.

Forventa tap på kreditt basert på forventningar til framtida

IFRS 9 krev at framoverskuande informasjon vert inkludert i vurderinga av venta tap på kreditt.

Forventningar til framtida er utleia av ein makromodell der det vert teke omsyn til tre scenario – base case, best case og worst case – for venta makroøkonomisk utvikling eit til tre år fram i tid. Variablane arbeidsløyse, oljepris, bustadprisar, hushaldningane si gjeld, bankane si utlånsrente og kronekursen inngår i modellen. Variablane er fordelt på fylker for personmarknaden og på bransjar for bedriftsmarknaden. Vekting av scenario vert gjort etter ekspertyrurderingar.

Overtaking av eignelutar

Eignelutar som vert tekne over i samband med oppfylging av misleghaldne og nedskrivne engasjement, vert verdsett ved overtakinga til verkeleg verdi. Slike eignelutar vert klassifisert i balansen etter arten sin. Etterfylgjande verdivurdering og klassifisering av resultateffektar fylgjer prinsippa for den aktuelle eigneluten.

Presentasjon av resultatpostar knytt til finansielle eignelutar og forpliktingar til verkeleg verdi

Realiserte vinstar og tap, samt endringar i estimerte verdiar på finansielle instrument til verkeleg verdi over resultatet vert teke med i rekneskapen under «Netto vinst/(tap) på finansielle instrument» i den perioden dei oppstår.

Vinst, tap og verdiendringar på finansielle instrument vert klassifisert som verkeleg verdi over utvida resultat og vert ført over utvida resultat. Utbyte på aksjar og andre eigenkapitalinstrument vert ført over resultatet når banken sin rett til utbyte er slått fast.

Sikringsbokføring

Voss Sparebank nyttar ikkje sikringsbokføring.

Motrekning

Finansielle eignelutar og finansielle plikter vert motrekna og berre presentert når banken har ein juridisk rett til å motrekna som kan hevdast, og når banken har som føremål å gjera opp på nettogrundlag. Inntekter og kostnader vert ikkje motrekna med mindre det vert kravd eller er tillate i samsvar med IFRS.

Valuta

Transaksjonar i utanlands valuta vert rekna til kursen på tidspunktet for transaksjonen. Pengepostar i utanlands valuta vert rekna om til norske kroner ved å nytta kursen på balansedagen. Ikkje-pengepostar som vert målt til historisk kurs i utanlands valuta, vert rekna om til norske kroner ved å nytta valutakursen på tidspunktet for transaksjonen. Ikkje-pengepostar som vert målt til verkeleg verdi uttrykt i utanlands valuta, vert rekna til valutakursen fastsett på balanseidspunktet. Valutakursendringar vert resultatført etter kvart i rekneskapsperioden.

Rekneskapet vert presentert i norske kroner.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar omfattar bygningar, tomter og driftslausøyre, og er vurdert til kostnaden ved nyskaffing med frådrag for samla avskrivingar og nedskrivingar. Kostnad for nyskaffing av varige driftsmidlar er prisen ved kjøp, inkludert avgift/skattar og kostnader direkte knytt til å setja anleggsmidla i stand til bruk. Utgifter som kjem til etter at driftsmiddelet er teke i bruk, slik som vedlikehald, vert resultatført, medan andre utgifter som ein forventar kjem til å gje framtidige økonomiske føremoner, vert balanseført. Det er nyttå lineære avskrivingar for å dela kostprisen over brukstida til driftsmidla.

Nedskriving av materielle og immaterielle eignelutar

Ved kvart rapporteringstidspunkt og om det ligg føre teikn til fall i verdien på materielle og ikkje-materielle eignelutar, vil den einskilde luten sin attvinnande verdi leggjast til grunn for storleiken på ei mogeleg nedskriving. Attvinnande verdi er det høgaste av eigneluten sin verkelege verdi med fråtrekk av salskostnadar og bruksverdi. Eigneluten sin balanseførte verdi vert nedskriven dersom balanseført verdi er høgare enn estimert attvinnande sum.

IFRS 16 – Leigeavtalar

Ein leigeavtale vert klassifisert som finansiell leigeavtale dersom avtalen i det vesentlege overfører risiko og avkasting bunde til eigarskap. Andre leigeavtalar vert klassifisert som operasjonelle leigeavtalar.

IFRS 16 – Leigeavtalar vart implementert i banken sitt rekneskap med verknad frå og med rekneskapsåret 2021. Standarden fastset prinsipp for innrekning, måling, presentasjon og opplysningar om leigeavtalar. IFRS 16 fjernar skiljet mellom operasjonelle og finansielle leigeavtalar, og set ein felles rekneskapsmodell for slike avtalar. Leigeavtalar skal rekna inn i leidgetakar sin balanse med ein bruksrett og ei tilhøyrande leigeplikt på tidspunktet der leigeavtalen trer i kraft. Leigeplikta vert målt som noverdien av framtidige leigebetalingar i avtaleperioden diskontert ned med ei avtalt diskonteringsrente. Opsjonar i leigeavtalen skal takast omsyn til i utrekninga av leigeplikta sin noverdi dersom det er truleg at desse vil vera nyutta. Leigebetalingar som tidlegare var ein del av banken sine driftskostnadar vert no erstatta med renter på leigeplikta og avskrivingar på bruksretten. Den samla kostnaden vert høgare dei første åra av leigekontrakten (grunna høgare rentedel) og vidare fallande kostnad gjennom leigeperioden. Rentekostnadane vert utrekna ved å nyttja ei avtalt diskonteringsrente på leigeplikta. Banken har valt å nyttja «modifisert retrospektiv»-metode, noko som betyr at det ikkje vert utarbeida samanlikningstal for føregåande år. Ved implementering 1.januar 2021 balanseførde banken ei leigeplikt på 30,6 millionar kroner, rett til bruk-eigneluten er verdsett lik leigeplikta. Implementeringa har soleis ingen innverknad på eigenkapitalen. Sjå note 40 for meir informasjon om leigeavtalen.

Skattekostnad

Skattekostnad er sett saman av skatt som skal betalast og endring i utsett skatt. Utsett skatt/skattefordel er rekna på alle skilnader mellom rekneskaps- og skatteverdi på eignelutar og skyldnadjar.

Utsett skattefordel er rekneskapsført når det er sannsyn for at banken vil ha tilstrekkeleg overskot i seinare periodar til å gjera seg nytte av skattefordelen. På same vis vil selskapet redusera utsett skattefordel i den grada banken ikkje lenger ser det som sannsynleg at han kan gjera seg nytte av den utsette skattefordelen.

Utsett skatt og utsett skattefordel er målt ut i frå forventa framtidige skattesatsar og skattereglar som gjeld på balansedagen, eller som mest sannsynleg er venta stadfesta, og som ein trur skal nyttast når det utsette skattefordelen vert realisert eller når det utsette skatten skal gjerast opp.

Skatt som skal betalast og utsett skatt er rekneskapsført direkte mot eigenkapitalen i den grad skattepostane relaterer eg til eigenkapitaltransaksjonar.

Pensionsskyldnadjar

Pensjonskostnadar og -skyldnadjar fylger IAS 19. I 2015 gjorde banken om den kollektive yttingsbaserte ordninga til ei innskotsbasert ordning for alle tilsette. Banken har i tillegg AFP-ordning. For innskotsordninga betalar banken innskot til eit privat administrert livs- og pensjonsforsikringsselskap. Banken har ingen ytterlegare betalingsforskyldnadjar etter at innskota er betalt. Innskota vert løpende ført som lønskostnad.

AFP-ordninga vert behandla rekneskapsmessig som innskotsordninga.

Avsetjing for skyldnad

Avsetjingar for skyldnad er innarbeidd i balansen i samsvar med IAS 37. Avsetjingar vert rekna inn når det er truleg at banken må gjera opp ei eksisterande skyldnad, som er ei følge av ei tidlegare hending, og skyldnaden kan estimerast påliteleg. Føreslede utbyte og gåver som ikkje er formelt vedteke på balansedagen tilfredsstiller ikkje vilkåra for kva som er ein skyldnad.

Hendingar etter balansedagen

Ny informasjon om selskapet si finansielle stilling på balansedagen, som kjem etter balansedagen, er teke omsyn til i årsrekneskapen. Hendingar etter balansedagen som ikkje påverkar selskapet si finansielle stilling på balansedagen, men som vil påverka selskapet si finansielle stilling i framtida, vert det opplyst om dersom det er vesentleg.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd med utgangspunkt i brutto kontantstraumar frå operasjonelle investerings- og finansieringsaktivitetar. Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar er definert som løpende renter knytt til utlåns- og innskotsverksemda mot kundar, samt utbetalinger som er generert frå omkostninga knytt til den ordinære operasjonelle verksemda. Investeringsaktivitetar er definert som kontantstraumar frå verdipapirtransaksjonar, samt investeringar i driftsmidlar og eigendomar. Kontantstraumar frå utlåns- og innskotsverksemda, opptak og nedbetaling av ansvarlege lån og obligasjonskjeld og eigenkapital er definert som finansieringsaktivitetar. Likvide midlar omfattar kontantar, fordringar på Noregs Bank og fordringar på finansinstitusjonar utan oppseiningstid.

Note 3 Bruk av estimat og skjønnsmessige vurderinger

Ved utarbeiding av årsrekneskapen har leiinga i banken etter beste skjøn nytta estimat basert på føresetnader som er vurdert å vera realistiske. Det vil kunne koma endringar eller situasjonar i marknaden som kan føra til endra estimat, som også kan påverka banken sine eignelutar, gjeld, eigenkapital eller resultat.

Nedskriving for forventa tap på utlån

PD-LGD-modellen byggjer på fleire kritiske føresetnader som vert fastsette av banken. Føresetnadene påverkar storleiken på forventa tap (ECL) på utlån. Dei kritiske føresetnadene er risikoklassifisering, forventa levetid, sannsyn for misleghald (PD) og tap ved misleghald (LGD). I tillegg vert konjunkturutvikling og makrovariablar vekta.

For trinn 1 (friske konti) vert 12-månaders ECL utrekna. For engasjement som er i trinn 2 (vesentleg auke i kredittrisiko) og trinn 3 (objektivt tapsbevis) vert livstids-ECL utrekna. Det er utført stresstest og vurdering av sensitivitet i tapsmodellen i note 9.

Verkeleg verdi for finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje vert omsett i ein aktiv markand vert fastsette ved å nytta ulike verdsettingsteknikkar. I desse vurderingane søker banken i størst mogleg grad å basera seg på marknadshøve på balansedagen.

Verkeleg verdi for finansielle instrument går fram av note 31.

Note 4 Styring av risiko

Risiko er eit sentralt tema ved drift av bankverksemd, og risikostyring og kontroll er grunnleggjande for den daglege drifta av banken og styret si oppfylging. Risikostyring og internkontroll skal bidra til at banken vert styrt på ein måte som støttar opp om dei strategiske målsetjingane til banken for å sikra ei langsigkt verdiskaping. Dei overordna rammene for risikoekspansjon og styring vert vurdert og fastsett årleg i banken sine styrande dokument. Desse vert fylgt opp og rapportert til styret regelmessig. Styret skal gjennom risikorapport og andre rapportar få framlagt status på dei fastsette styringsmål og rammer minst ein gong i kvartalet. Dei viktigaste risikoane er kredittrisiko, likviditetsrisiko, marknadsrisiko og operasjonell risiko.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er faren for tap som følge av at motpartar ikkje har evne eller vilje til å gjera opp skuld, avtalar og plikter dei har mot banken. Voss Sparebank skal utøva kreditverksemda si med låg risiko. Låg risiko tilseier tilstrekkeleg og god beteningsevne og tilfredsstillande trygd. Trygd skal aldri vega opp for manglande beteningsevne.

Banken skal ha ei fordeling mellom privat- og næringsengasjement som gjev eit høveleg nivå på risiko. På lang sikt skal ein styra mot ei fordeling på 75 % / 25 % (brutto utlån), og 70 % / 30 % (engasjement). I enkelte år og periodar med låg vekst innan privatmarknaden vil det kunne vera avvik frå dette.

Marknadsområdet til Voss Sparebank er Voss herad og områda som naturleg soknar til Voss. Innan privatmarknaden ynskjer banken å fylgia vossingar som flyttar ut av heradet og framleis vera hovudbank for dei vidare. Voss Sparebank kan også vera hovudbank for andre privatkundar utanfor marknadsområdet der banken finn dette naturleg. Innan bedriftsmarknaden skal alle kundane/prosjekta vera heimehøyrande i marknadsområdet. Unntak frå dette kan gjerast der kundar heimehøyrande i marknadsområdet får finansiering på enkeltengasjement utanfor marknadsområdet der dette fell naturleg for verksemda deira.

I tillegg til dei overordna policyane er det styringsmål som vert fastsett av styret knytt til største enkeltengasjement, sum av ti største engasjement samt misleghald.

Les meir om kredittrisiko knytt til utlånsportefølje i note 5-8.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko kan skildrast slik: Risikoen for at banken ikkje er i stand til å innfri plikter eller til å finansiera eignelutar (medrekna ynskje om vekst), utan vesentlege kostnader.

Voss Sparebank skal ha ein likviditetsstrategi som sikrar at banken til ei kvar tid har nok likviditet til å kunna oppfylla banken sine økonomiske plikter ved forfall samt dei krav som vert sett av banken sitt styre og styresmaktene. Styret går jamleg gjennom banken sine risikoar og fastset overordna rammer og målsetjingar.

Lang sikt

Tiljengeleg finansiering består av innskot, ansvarleg kapital, obligasjons- og sertifikatlån. Finansieringa skal sikrast til lågast mogeleg pris og risiko.

Mellomlang sikt

Forfall på obligasjons- og sertifikatlân dei neste seks månadene bør som hovudregel i sum utgjera mindre enn kr 100 mill. Dersom forfall på obligasjons- og sertifikatgjeld er meir enn kr 150 mill. dei neste seks månadene skal det setjast i verk refinansiering av gjelda. Naudsynt refinansiering av obligasjonslân eller sertifikatlân skal som hovudregel vera klarert med tilretteleggjar/kredittføretak innan ein månad før forfall.

Kort sikt

Banken skal som hovudregel ha klargjort ei portefølje med bustadlân på minimum kr 100 mill. som på kort tid kan overførast til bustadkredittføretak. LCR og NSFR skal minst vera på nivå med krav fastsett av styresmaktene. Banken sine gjeldande styringsmål på rapporteringstidspunktet tilseier LCR på 160 % og NSFR på 125 %.

Sjå note 14 for meir opplysingar om likviditetsrisiko.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko kan skildrast slik: Risiko for tap som fylgje av endringar i observerbare marknadskursar som renter, verdipapirkursar og valutakursar. Marknadsrisiko er eit samleomgrep for risikoområda aksjerisiko, renterisiko, valutarisiko og «spreadrisiko». Styret har vedteke retningslinjer for kva som er akzeptabel risiko på dei ulike delområda.

Renterisiko

Banken reknar renterisiko etter IRRBB på balansen (EVE) og resultatet (NII). Banken sin renterisiko består i hovudsak fastrentelân og fastrenteinnskot, rentebinding på plasseringar i sertifikat, obligasjonar og rentefond, rentebinding på banken si finansiering (obligasjonslân og liknande) og NMD-innskot (under dette stabile kjerneinnskot). På finansieringssida har banken i tillegg 1,2 mrd. i eigenkapital. Voss Sparebank tilbyr fastrentelân med binding inntil 5 år og fastrenteinnskot med binding inntil 1 år. Per 31.12.2024 var det kr 152,7 mill. i fastrentelân med ein snittdurasjon på 2,0 år og kr 421,7 mill. i fastrenteinnskot. Det er ikkje inngått rentebytteavtale då vurdert risiko er innanfor akzeptabelt nivå.

Valutarisiko

Valutarisiko er definert som risiko for tap som fylgje av kursendring knytt til valutaplassering. Banken kan tilby terminavtalar ved valutahandel. Dette blir gjort gjennom DNB. Kunden informerer om valutasort, sum og kjøpstidspunkt. Ut frå dette vil DNB gi ein avtalt kurs. Banken har til ei kvar tid reiseevaluta i kassa for sal til banken sine kundar. Storleiken på behaldninga tilseier at valutarisikoen er ubetydeleg.

Aksjekursrisiko

Aksjekursrisiko er definert som risiko for tap som fylgje av kursendring knytt til plassering i aksjar, aksjefond og eigenkapitalbevis. Banken si aksjebehaldning består av to hovudgrupper:

- Banken si behaldning av aksjar i selskap som er strategiske samarbeidspartnarar og andre langsiktige investeringar (som til dømes forsikringsselskap, leasingsselskap, andre produktsselskap med meir).
- Banken si behaldning av aksjar som er forretningsmessige investeringar, og som berre blir vurdert ut frå dette. Banken si behaldning av slike aksjar har historisk vore låg.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er risikoen for tap som fylgje av utilstrekkelege eller sviktande interne prosessar eller system, menneskelege feil, eller eksterne hendingar. Av risikoar som vert vurderte kan nemnast konsentrasjonsrisiko, geografisk risiko, omdømerisiko, berekraftsrisiko, IKT-risiko, risiko for kvitvasking og terrorfinansiering og strategisk risiko.

Styret er oppteken av at strategisk/forretningsmessig risiko og omdømerisiko vert handsama på ein god måte. Styret arbeider difor systematisk med strategiske vurderingar og legg stor vekt på godt samfunnsansvar og gode etiske haldningar. Voss Sparebank skal ikkje gjennomføra investeringar som utgjer ein risiko for at me medverkar til uetiske handlingar, som t.d. grove eller systematiske krenkingar av menneskerettane og/eller alvorlege miljøskader.

Voss Sparebank er svært avhengig av moderne teknologi, særleg IKT-løysingar. Våre IKT-løysingar vert leverte av Tietoevry AS. Deira retningslinjer for utvikling, leveranse og datatryggleik gjeld for desse tenestene.

Voss Sparebank har eigne retningslinjer for å sikra at drifta er i samsvar med IKT-forskriftene. Etter styret si vurdering, er Voss Sparebank sin bruk av IKT i samsvar med dei lover og reglar som gjeld.

ESG-risiko

ESG-risiko og særleg klimaendringar og miljøutfordringar er ein risiko med stort fokus i banksystemet. Klimarisiko handlar om risiko knytt til klimaendringar som kan føra til auka kreditrisiko og finansielle tap for banken. Innan kredittområdet er fysisk risiko og overgangsrisiko mest relevant. Fysisk risiko ser ein ved akutte eller kroniske klimaendringar som gjer at panteverdiane går ned. Overgangsrisiko inneber finansiell risiko og omdømerisiko for verksemder i overgangen til eit lågutsleppssamfunn. Banken vurderer ESG-risikoen til BM-kundar i ein eigen modul, og dette er ein integrert del av kredittprosessen.

Når det gjeld operasjonell risiko er banken utsett for og fysisk klimarisiko ved at Voss er særleg utsett for flaum. Banken eig både bankbygget gjennom Voss Sparebank Eigedom AS og Roknebygget gjennom AS Jernvangen. Banken har gjort tiltak for å redusera risiko.

Note 5 Kreditrisiko

Kreditrisiko oppstår i hovudsak i banken si utlånsportefølje. I tillegg til dette vil det kunna finnast kreditrisiko i banken si behaldning av obligasjoner og sertifikat. Utanom balansen finn ein også kreditrisiko innan finanzielle garantiar, unytta trekkrettar og lånetilsegn. Kreditrisikoen vert rekna som ein vesentleg risiko for banken.

Den maksimale kredittekspeseringa til banken per 31.12. :

	31.12.2024	31.12.2023
Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar (utanom Norges Bank)	125 037	161 410
Utlån til kundar til amortisert kost	1 542 657	1 476 621
Utlån til kundar til verkeleg verdi	3 696 999	3 464 418
Sertifikat og obligasjoner	540 253	433 818
Sum kreditrisikoekspesering balansepostar	5 904 946	5 565 498
Garantiansvar	22 303	29 182
Unytta trekkrettar	132 846	200 253
Lånetilsegn	42 531	101 442
Total kreditrisikoekspesering	6 102 626	5 896 375

For å redusera kreditrisiko vert det nytta trygd som kan vera fysisk trygd, garanti og kontantdepot. Fysisk trygd skal som hovedregel vera forsikra og kan mellom anna vera bygningar, bustad eller varelager. Ved vurdering av verdi på trygd for bedriftsmarknaden vert det lagt til grunn ein forventa realisasjonsverdi, noko som indikerer bruk av ulike reduksjonsfaktorar for dei ulike typane trygd. Trygd på bedriftsmarknaden er i hovudsak eigedom eller varige driftsmidlar. For varige driftsmidlar er standard reduksjonsfaktor 80 % og næringseigedom 20 %. På privatmarknaden er trygd i all hovudsak bustad og her vert marknadsverdi lagt til grunn.

Risikoklassar

Ved etablering av eit kundeforhold får kundane ein score. Engasjement i risikoklasse A har låg risiko, medan engasjement i risikoklasse K er misleghaldne engasjement. Det vert skild mellom kundar innanfor privatmarknaden (PM) og bedriftsmarknaden (BM).

Scoremodell for PM- kundane gir poeng basert på 8 variablar. Kundane vert klassifisert i klasse A-K ut ifrå poeng.

Risikoklasse	A-D	E-G	H-J	K
Skildring	Låg risiko	Middels risiko	Høg risiko	Kundar i misleghald/ikkje kreditverdige kundar.

For BM-kundar der banken har offentleg rekneskap tilgjengeleg vert ein scoremodell med 12 variablar nytta. Kundane vert klassifisert i klasse A-K ut ifrå poeng.

For nyetablerte føretak utan avlagt rekneskap eller kundar som ikkje har avlagt rekneskap vert det nytta ein eigen BM-modell tilpassa selskap utan historikk slik ordinære BM-kundar har.

Dei ulike risikoklassane har ulik fare for misleghald. Inndelinga under viser samanheng mellom risikoklasse og nivå på PD.

Risikoklasse	PD
A	[0.00;0.10>
B	[0.10;0.25>
C	[0.25;0.50>
D	[0.50;0.75>
E	[0.75;1.25>
F	[1.25;2.00>

Risikoklasse	PD
G	[2.00;3.00>
H	[3.00;5.00>
I	[5.00;8.00>
J	[8.00;100.00>
K	[100.00]

Risikoklassifisering har noko å seie for oppfølgingsnivå til kunden og inngår som kriterium ved kredittvurdering og kredittavgjerd.

Tapsmodell IFRS 9

Voss Sparebank brukar ein modell frå Tietoevry AS til å rekna ut forventa tap. Tietoevry AS tilbyr to ulike metodar, ein tapsgradmodell og ein PD-/LGD-modell. Voss Sparebank har vald å bruka PD-/LGD-modellen. Banken bestemmer alle føresetnadar for berekning av tap i modellen.

Forventa tap, ECL, er definert slik: $ECL = PD \times LGD \times EAD \times diskonteringsfaktor$,

der PD (probability of default) er sannsyn for misleghald, LGD (loss given default) er tap ved misleghald og EAD (exposure at default) er eksponering ved misleghaldstidspunktet. Vidare vert det gjort ei sannsynsvektning av ECL som vist i tabellen under.

Utfall	Skildring	Faktor for utfall, %	Sannsyn %
Forventa	Forventa	100	80
Pessimistisk	Pessimistisk	500	10
Optimistisk	Optimistisk	50	10

Det er nytta tre ulike segment i modellen, BM fast eigedom, BM andre, og PM. Faktor og sannsyn for forventa tap er likt i alle segment.

Segment	LGD
PM	0,125
BM, fast eigedom	0,200
BM, andre	0,350

For trinn 1 (friske konti) vert 12-månders ECL rekna ut. For trinn 2 (vesentleg auke i kreditrisiko) og trinn 3 (objektivt tapsbevis) vert livstids-ECL rekna ut.

Tilfriskning

For at eit engasjement skal kunne migrere positivt, frå trinn 2 tilbake til trinn 1, må redusert kredittrisiko kunne målast over tid. For migrasjon frå trinn 2 tilbake til trinn 1, gjeld ei karantenetid på tre månader. Dette medfører at dersom ein variabel som fører til at engasjementet er flytta frå trinn 1 til trinn 2 på grunn av betalingslette ikkje lenger gjeld, vert ikkje engasjementet flytta tilbake til trinn 1 før etter tre månader etter at betalingslettemarkeringa er fjerna. For migrasjon ut av trinn 3 og tilbake til trinn 2 eller 1 gjeld også ei karantenetid på tre månader. Unntaket er om engasjementet har hamna i trinn 3 når engasjementet er merka med betatingslette, då er karantenetida 12 månader frå engasjementet hamna i trinn 3.

Bruk av lågrisikounntak

Banken nyttar lågrisikounntak for migrasjon frå trinn 1 til trinn 2 for alle engasjement som er plassert i risikoklasse C eller betre på rapporteringstidspunktet. For slike engasjement vil det dermed ikkje vurderast om det har skjedd ein vesentleg auke i kreditrisikoen frå førstegongsinnrekning til rapporteringstidspunktet.

Validering

Dei bankspesifikke variablane skal validerast jamleg. Det er PD, LGD, innhald i segment, sannsyn for utfall, konsekvens av utfall og andre relevante parameter som skal validerast.

Overvaking

Overvaking av kreditrisiko og oppfylging av tapsutsette engasjement vert lagt stor vekt på i banken. Kredittrisiko vert overvaka gjennom kvartalsvis rapportering til styret. Det er fokus på oppfylging av kundar med restanse og overtrekk og dette vert fylgt opp både internt og mot styret i banken.

Endringar i modellen

Det er ikkje gjort endringar i modellen i løpet av rapporteringsperioden.

Note 6 Engasjement fordelt på risikoklassar og aldersfordeling på forfalte beløp

Banken nyttar både endring i risikoklassar og forfalte krav til å avgjera om kreditrisikoene har auka vesentleg sidan fyrstegongs innrekning. Nedanfor vert det gjeve meir informasjon om omfanget av kreditrisikoene. Her er fordelinga mellom PM og BM gjort ut frå kunden sin registrerte sektorkode.

2024

Risikoklassar

Tabellen syner brutto balanseforde verdiar pr 31.12.2024 for utlån målte til amortisert kost og til verkelig verdi over OCI (FVOCI), fordelte på ulike risikoklassar og kva trinn dei er i tapsmodellen.

BM					Utlån målt til amortisert kost				
Risikoklasse	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Totalt	Risikoklasse	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Totalt
A	17.628	-	-	17.628	A	20.563	2.660	-	23.223
B	124.195	5.788	-	129.983	B	70.764	6.449	899	78.112
C	241.213	2.705	9.722	253.640	C	67.819	1.928	-	69.747
D	169.189	23.650	-	192.839	D	11.038	475	-	11.513
E	90.044	2.914	-	92.958	E	3.648	17.009	-	20.657
F	147.924	4.538	1.000	153.462	F	19.274	-	-	19.274
G	89.587	51.483	-	141.070	G	7.016	-	499	7.515
H	76.530	14.096	-	90.626	H	-	855	-	855
I	14.562	111.041	-	125.603	I	-	-	-	-
J	828	47.530	2.695	51.053	J	31	26	-	57
K	-	-	46.982	46.982	K	-	-	2.616	2.616
Sum konsern	971.700	263.745	60.399	1.295.844	Sum konsern	200.153	29.402	4.014	233.569
Lån til dotterselskap	60.510	-	-	60.510	Lån til dotterselskap	-	-	-	-
Brutto utlån	911.190	263.745	60.399	1.356.354	Brutto utlån	200.153	29.402	4.014	233.569

PM					Utlån målt til amortisert kost				
Risikoklasse	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Totalt	Risikoklasse	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Totalt
A	20.563	2.660	-	23.223	A	376.722	13.363	345	390.430
B	70.764	6.449	899	78.112	B	1.372.485	74.750	-	1.447.235
C	67.819	1.928	-	69.747	C	886.490	38.701	341	925.532
D	11.038	475	-	11.513	D	262.062	39.166	-	301.228
E	3.648	17.009	-	20.657	E	131.274	40.598	-	171.872
F	19.274	-	-	19.274	F	212.534	8.759	-	221.293
G	7.016	18.564	2.181	35.795	G	15.050	-	-	-
H	8.788	30.600	5.689	43.385	H	7.096	-	-	-
I	-	8.788	-	8.788	I	-	8.788	-	-
J	-	6.946	1.455	8.401	J	-	6.946	1.455	8.401
K	-	-	3.953	3.953	K	-	-	3.953	3.953
Brutto utlån	3.263.713	280.235	13.964	3.557.912	Brutto utlån	200.153	29.402	4.014	233.569

BM					Utlån målt til FVOCI				
Risikoklasse	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Totalt	Risikoklasse	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Totalt
A	5.017	-	-	5.017	A	376.722	13.363	345	390.430
B	22.756	2.419	-	25.175	B	1.372.485	74.750	-	1.447.235
C	36.470	-	-	36.470	C	886.490	38.701	341	925.532
D	2.700	-	124	2.824	D	262.062	39.166	-	301.228
E	8.660	-	-	8.660	E	131.274	40.598	-	171.872
F	2.820	4.611	-	7.431	F	212.534	8.759	-	221.293
G	-	6.244	-	6.244	G	15.050	18.564	2.181	35.795
H	-	-	-	-	H	7.096	30.600	5.689	43.385
I	-	-	-	-	I	-	8.788	-	8.788
J	-	-	-	-	J	-	6.946	1.455	8.401
K	-	-	-	-	K	-	-	3.953	3.953
Brutto utlån	78.423	13.274	124	91.821	Brutto utlån	3.263.713	280.235	13.964	3.557.912

PM					Utlån målt til FVOCI				
Risikoklasse	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Totalt	Risikoklasse	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Totalt
A	376.722	13.363	345	390.430	A	342	75	0	417
B	1.372.485	74.750	-	1.447.235	B	75	0	0	75
C	886.490	38.701	341	925.532	C	0	0	0	0
D	262.062	39.166	-	301.228	D	0	0	0	0
E	131.274	40.598	-	171.872	E	0	0	0	0
F	212.534	8.759	-	221.293	F	400	0	0	400
G	15.050	18.564	2.181	35.795	G	0	0	0	0
H	7.096	30.600	5.689	43.385	H	0	0	0	0
I	-	8.788	-	8.788	I	0	0	0	0
J	-	6.946	1.455	8.401	J	0	0	0	0
K	-	-	3.953	3.953	K	0	0	0	0
Brutto utlån	3.263.713	280.235	13.964	3.557.912	Brutto utlån	200.153	29.402	4.014	233.569

Tabellane nedanfor syner omfanget av kreditrisiko pr 31.12.2024 på lånetillegg og garantiar fordelte på ulike risikoklassar og kva steg dei er i tapsmodellen.

BM					Finansielle garantikontrakter				
Risikoklasse	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Totalt	Risikoklasse	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Totalt
A	1212	0	0	1212	A	342	75	0	417
B	8519	77	0	8596	B	75	0	0	75
C	2256	77	0	2333	C	0	0	0	0
D	1667	862	0	2529	D	0	0	0	0
E	73	0	0	73	E	0	0	0	0
F	1250	0	0	1250	F	400	0	0	400
G	880	3890	0	4770	G	0	0	0	0
H	0	290	0	290	H	0	0	0	0
I	0	0	0	0	I	0	0	0	0
J	0	0	0	0	J	0	0	0	0
K	0	0	358	358	K	0	0	0	0
Garantert beløp	15.857	5.196	358	21.411	Garantert beløp	817	75	0	892

PM					Finansielle garantikontrakter				
Risikoklasse	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Totalt	Risikoklasse	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Totalt
A	342	75	0	417	A	342	75	0	417
B	75	0	0	75	B	75	0	0	75
C	0	0	0	0	C	0	0	0	0
D	0	0	0	0	D	0	0	0	0
E	0	0	0	0	E	0	0	0	0
F	400	0	0	400	F	400	0	0	400
G	0	0	0	0	G	0	0	0	0
H	0	0	0	0	H	0	0	0	0
I	0	0	0	0	I	0	0	0	0
J	0	0	0	0	J	0	0	0	0
K	0	0	0	0	K	0	0	0	0
Garantert beløp	817	75	0	892	Garantert beløp	817	75	0	892

Innvilga men ikkje nyttar lån og kredittar					Innvilga men ikkje nyttar lån og kredittar				
BM	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Totalt	PM	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Totalt
Risikoklasse					Risikoklasse				
A	3.340	0	0	3.340	A	43.819	3.936	0	47.755
B	21.902	2.950	0	24.852	B	31.694	1.419	0	33.113
C	12.682	777	0	13.459	C	21.441	456	0	21.897
D	6.212	755	0	6.967	D	7.212	565	0	7.777
E	3.031	45	0	3.076	E	1.906	38	0	1.944
F	6.624	701	0	7.325	F	1.931	0	0	1.931
G	1.970	1.431	0	3.401	G	1.452	9	1	1.462
H	1.360	0	0	1.360	H	0	0	0	0
I	15	12.009	0	12.024	I	0	0	0	0
J	114	333	16	463	J	0	0	0	0
K	0	0	700	700	K	0	0	0	0
Totalt tilsagn	57.250	19.001	716	76.967	Totalt tilsagn	109.455	6.423	1	115.879

Aldersfordeling på forfalne lån

Tabellen syner lån med restanse og overtrekk på kredittar fordelt på tal dagar etter forfall.

Aldersfordeling på forfalne lån 31.12.2024	BM	PM	Totalt
1-30 dager	1.444	3.787	5.231
31-60 dager	1.001	653	1.654
61-90 dager	1.998	-	1.998
Over 90 dager	1.703	3.430	5.133
Sum	6.146	7.870	14.016

2023

Risikoklassar

Tabellen syner brutto balanseforde verdiar pr 31.12.2023 for utlán målte til amortisert kost og til verkelig verdi over OCI (FVOCI), fordelte på ulike risikoklassar og kva trinn dei er i tapsmodellen.

BM	Utlán målt til amortisert kost			PM	Utlán målt til amortisert kost			Totalt
Risikoklasse	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Risikoklasse	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Totalt
A	24.504	-	-	A	36.198	-	-	36.198
B	144.797	-	-	B	75.224	2	-	75.226
C	214.605	5	-	C	62.582	612	-	63.194
D	100.130	8.561	-	D	13.751	279	4.137	18.167
E	116.998	20.968	-	E	9.370	18.146	-	27.516
F	96.734	89.717	-	F	2.008	24	-	2.032
G	95.733	14.100	-	G	20	4.194	-	4.214
H	86.457	32.958	2.501	H	-	599	-	599
I	13.763	77.064	-	I	-	34	-	34
J	6.028	26.669	10.653	J	78	180	-	258
K	-	-	57.719	K	-	-	2.682	2.682
Sum konsern	899.749	270.042	70.873	Sum konsern	199.231	24.070	6.819	230.120
Lán til dotterselskap	54.787	-	-	Lán til dotterselskap	-	-	-	-
Brutto utlán	954.536	270.042	70.873	Brutto utlán	199.231	24.070	6.819	230.120

BM	Utlán målt til FVOCI			PM	Utlán målt til FVOCI			Totalt
Risikoklasse	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Risikoklasse	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Totalt
A	6.987	0	0	A	444.921	0	0	444.921
B	11.875	0	0	B	1.238.776	8.773	0	1.247.549
C	36.527	0	0	C	930.240	11.938	0	942.178
D	12.919	0	0	D	158.334	59.555	0	217.889
E	0	146	0	E	87.975	36.174	0	124.149
F	7.094	0	0	F	258.889	28.761	0	287.650
G	0	280	0	G	7.407	29.884	0	37.291
H	0	0	0	H	2.718	12.039	0	14.757
I	0	0	0	I	46	10.181	0	10.227
J	0	0	0	J	2.356	2.245	0	4.601
K	0	0	0	K	0	0	8.269	8.269
Brutto utlán	75.402	426	0	Brutto utlán	3.131.662	199.550	8.269	3.339.481

Tabellane syner omfanget av kreditrisiko pr 31.12.2023 på lånetilsegn og garantiar fordelte på ulike risikoklassar og kva steg dei er i tapsmodellen.

BM		Finansielle garantikontrakter				PM		Finansielle garantikontrakter			
Risikoklasse	Trinn I	Trinn 2	Trinn 3	Totalt		Risikoklasse	Trinn I	Trinn 2	Trinn 3	Totalt	
A	1905	0	0	1905		A	492	0	0	492	
B	12730	0	0	12730		B	0	75	0	75	
C	2997	0	0	2997		C	0	0	0	0	
D	5261	358	0	5619		D	0	0	0	0	
E	1731	197	0	1928		E	0	0	0	0	
F	61	77	0	138		F	0	0	0	0	
G	1250	0	0	1250		G	0	0	0	0	
H	305	95	0	400		H	0	0	0	0	
I	0	880	0	880		I	0	0	0	0	
J	0	605	0	605		J	0	0	0	0	
K	0	0	163	163		K	0	0	0	0	
Garantert beløp		26.240	2.212	163	28.615	Garantert beløp		492	75	0	567

BM		lån og kredittar				PM		lån og kredittar			
Risikoklasse	Trinn I	Trinn 2	Trinn 3	Totalt		Risikoklasse	Trinn I	Trinn 2	Trinn 3	Totalt	
A	3.136	0	0	3.136		A	48.306	0	0	48.306	
B	26.435	0	0	26.435		B	26.453	13	0	26.466	
C	5.767	300	0	6.067		C	19.094	518	0	19.612	
D	15.269	347	0	15.616		D	4.924	1.010	0	5.934	
E	3.880	989	0	4.869		E	1.647	100	0	1.747	
F	188	524	0	712		F	132	27	0	159	
G	2.614	351	0	2.965		G	0	645	0	645	
H	29.773	480	0	30.253		H	0	5	0	5	
I	0	273	0	273		I	0	0	0	0	
J	202	841	0	1.043		J	0	0	0	0	
K	0	0	7.200	7.200		K	0	0	0	0	
Totalt tilsagn	87.264	4.105	7.200	98.569		Totalt tilsagn	100.556	2.318	0	102.874	

Aldersfordeling på forfalte lån

Tabellen syner lån med restanse og overtrekk på kredittar fordelt på tal dagar etter forfall.

Aldersfordeling på forfalte lån 31.12.2023	BM	PM	Totalt
1-30 dager	97.042	56.865	153.907
31-60 dager	1	6.502	6.503
61-90 dager	-	210	210
Over 90 dager	1.763	11.713	13.476
Sum	98.806	75.290	174.096

Note 7 Engasjement fordelt på kundegrupper og geografi

Konsentrationsrisiko oppstår når banken har eksponeringar mot debitorar med liknande økonomiske eigenskapar eller som er involverte i samanliknbare aktivitetar der desse likskapane gjer at dei samstundes får problem med å halda betalingspliktene sine.

For å vurdera og styra konsentrationsrisikoen vurderer banken følgjande:

- store einskildkunder
- bransjekoncentrasjon
- geografikoncentrasjon
- Trygd med like risikoeigenskapar (til domes eigedom)

Banken nyttar same metode som Finansilsynet for utrekning av konsentrationsrisiko.

I tillegg har banken konsentrationsrisiko knytt til store einskildengasjement. Store einskildengasjement er engasjement som overstig 10% av banken sin kjernekapital.

Voss Sparebank har på rapporteringstidspunktet ingen slike store engasjement.

Tabellane nedanfor syner konsentrasijsnar av risiko, fordelt på kundegrupper og geografi. Tabellane syner engasjement fordelt på utlån, finansielle garantikontrakter og lånetilsegn/unynta trekkrettar. Tala i tabellen er brutto balanseførde verdiar for utlån, eksponering for kreditrisiko for finansielle garantikontrakter, lånetilsegn/unynta trekkrettar og lån som er overført til bustadkreditsforetak.

Kundegruppe	Brutto utlån målt til amortisert kost eller FVOCI		Garantiar		Innvila men ikkje nyttå lån og kredittar	
	31.12.2024	31.12.2023	31.12.2024	31.12.2023	31.12.2024	31.12.2023
Personkunder	3.791.481	3.569.601	967	642	117.738	102.874
Primærnæringer	370.610	334.839	357	1.107	24.701	22.121
Industri/bergverk	46.497	58.012	640	724	20.852	16.410
Bygg/anlegg/kraft	112.611	122.527	5.771	9.095	8.483	8.705
Varehandel	104.679	130.249	7.518	7.825	12.883	12.903
Transport	21.257	20.128	4.943	4.588	874	633
Overnatting/servering	68.811	72.055	-	-	2.978	2.283
Drift/utleige av fast eigedom	569.052	481.789	810	1.185	344	30.243
Fagleg og finansiell tenesteyting	24.117	28.312	-	-	1.206	1.318
Forretningsmessig tenesteyting	47.312	44.178	384	3.102	852	1.100
Anna tenesteyting	83.229	79.190	913	914	2.556	2.854
Brutto utlån/eksponering morbank	5.239.656	4.940.880	22.303	29.182	193.467	201.444
Nedskrivning	39.969	47.533	26	22	621	666
Netto utlån/eksponering morbank	5.199.687	4.893.347	22.277	29.160	192.846	200.778
Lån til dotterselskap	-	60.510	54.787	-	-	-
Netto utlån/eksponering konsern	5.139.177	4.838.560	22.277	29.160	192.846	200.778
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	272.326	268.601	-	-	3.546	3.546

Geografi	Utlån til amortisert kost eller FVOCI		Finansielle garantikontrakter		Innvila men ikkje nyttå lån og kredittar	
	31.12.2024	31.12.2023	31.12.2024	31.12.2023	31.12.2024	31.12.2023
Oslo	373.301	335.575	295	295	3.980	6.114
Rogaland	51.859	54.091	-	-	998	2.146
More og Romsdal	9.197	9.900	-	-	-	-
Nordland	5.592	6.733	-	-	15	30
Akershus / Buskerud / Østfold	151.123	143.856	240	240	4.703	4.775
Innlandet	19.050	12.657	-	-	40	51
Vestfold og Telemark	26.548	27.346	-	-	296	239
Agder	6.091	7.128	-	-	913	1.107
Vestland	4.556.464	4.301.118	21.768	28.647	180.543	186.091
Trøndelag	23.205	17.335	-	-	803	832
Troms og Finnmark	11.546	22.365	-	-	5	15
Utanlands	5.680	2.776	-	-	44	44
Brutto utlån/eksponering morbank	5.239.656	4.940.880	22.303	29.182	192.340	201.444
Nedskrivning	39.969	47.533	26	22	621	666
Netto utlån/eksponering morbank	5.199.687	4.893.347	22.277	29.160	191.719	200.778
Lån til dotterselskap	-	60.510	54.787	-	-	-
Netto utlån/eksponering konsern	5.139.177	4.838.560	22.277	29.160	191.717	200.778

INNSKOT FRÅ KUNDAR FORDELT PÅ SEKTOR OG NÆRING

	Morbank		Konsern	
	31.12.2024	31.12.2023	31.12.2024	31.12.2023
Personkunder	3.874.882	3.673.782	3.874.882	3.673.782
Landbruk	170.729	163.085	170.729	163.085
Industri og bergverk	78.865	52.159	78.865	52.159
Bygg og anlegg	151.512	159.359	151.512	159.359
Varehandel	93.732	87.690	93.732	87.690
Transport	54.149	46.743	54.149	46.743
Overnatting og servering	28.577	26.918	28.577	26.918
Omsæting og drift av fast eigedom	120.761	107.260	112.945	102.479
Fagleg og finansiell tenesteyting	117.419	103.086	117.419	96.457
Forretningsmessig tenesteyting	25.655	26.235	25.655	26.235
Anna tenesteyting	305.524	209.246	305.524	209.246
Sum næringskunder	1.146.921	981.781	1.139.105	970.371
Sum innskot fra kunder	5.021.803	4.655.563	5.013.987	4.644.153

Note 8 Nedskrivning på utlån, garantiar, unytta kredittar og lånetilsagn

PM

Endring i tapsavsetjingar balanseførde lån

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap			
	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	41	978	3.006	4.025
Overført til trinn 1	970	-312	-658	0
Overført til trinn 2	-113	146	-33	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-2	-44	46	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-1.314	535	-574	-1.353
Tapsvurdering, nye lån	1.000	214	0	1.214
Tapsvurdering, avgang lån	-431	-301	-23	-755
Konstatert tap	0	0	0	0
inngang på tidligere konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parametere	-11	3	0	-8
Andre endringar	-34	0	0	-34
Utgående balanse	106	1.219	1.764	3.089

Volumendring balanseførde lån

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap			
	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	3.330.097	224.192	15.312	3.569.601
Overført til trinn 1	73.405	-69.052	-4.353	0
Overført til trinn 2	-194.680	194.894	-213	1
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-2.562	-9.214	11.776	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-122.230	-9.370	-275	-131.875
Tapsvurdering, nye lån	1.075.414	29.411	0	1.104.825
Tapsvurdering, avgang lån	-696.941	-51.223	-4.268	-752.432
Konstatert tap	0	0	0	0
inngang på tidligere konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	726	0	0	726
Utgående balanse	3.463.229	309.638	17.979	3.790.846

Endring utanom balansen

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap			
	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	24	5	0	29
Overført til trinn 1	0	0	0	0
Overført til trinn 2	-2	2	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	0	0	0	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-1	0	0	-1
Tapsvurdering, nye lån	18	0	0	18
Tapsvurdering, avgang lån	-4	-4	0	-8
Konstatert tap	0	0	0	0
inngang på tidligere konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	35	3	0	38

BM**Endring i tapsavsetjingar balanseførde lån**

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap	Venta tap	Venta tap	SUM trinn 1,2 og 3
	trinn 1	trinn 2	trinn 3 / individuelle	
Inngående balanse, 01.01	3.425	6.507	33.576	43.508
Overført til trinn 1	1.214	-1.213	0	1
Overført til trinn 2	-403	6.026	-5.623	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-124	-319	442	-1
Netto endring innanfor kvart trinn	-1.295	-2.164	4.006	547
Tapsvurdering, nye lån	888	241	7.928	9.057
Tapsvurdering, avgang lån	-517	-1.371	-14.438	-16.326
Konstatert tap	-23	0	0	-23
inngang på tidligere konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	3.165	7.707	25.891	36.763

Volumendring balanseførde lån

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap	Venta tap	Venta tap	SUM trinn 1,2 og 3
	trinn 1	trinn 2	trinn 3 / individuelle	
Inngående balanse, 01.01	1.019.146	274.120	78.032	1.371.298
Overført til trinn 1	100.513	-100.513	0	0
Overført til trinn 2	-73.123	97.677	-25.131	-577
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-3.089	-5.493	8.582	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-42.845	14.408	-1.834	-30.271
Tapsvurdering, nye lån	260.970	18.003	18.085	297.058
Tapsvurdering, avgang lån	-150.305	-21.182	-17.211	-188.698
Konstatert tap	0	0	0	0
inngang på tidligere konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	1.111.267	277.020	60.523	1.448.810

Endring utanom balansen

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap	Venta tap	Venta tap	SUM trinn 1,2 og 3
	trinn 1	trinn 2	trinn 3 / individuelle	
Inngående balanse, 01.01	502	87	69	658
Overført til trinn 1	5	-4	0	1
Overført til trinn 2	-374	374	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-1	-36	37	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-30	-79	100	-9
Tapsvurdering, nye lån	18	0	0	18
Tapsvurdering, avgang lån	-21	-31	-8	-60
Konstatert tap	0	0	0	0
inngang på tidligere konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	99	311	198	608

Endring resultat

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap			
	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	3.992	7.577	36.651	48.220
Overført til trinn 1	2.189	-1.529	-658	2
Overført til trinn 2	-892	6.548	-5.656	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-127	-399	525	-1
Netto endring innanfor kvart trinn	-2.640	-1.708	3.532	-816
Tapsvurdering, nye lån	1.924	455	7.928	10.307
Tapsvurdering, avgang lån	-973	-1.707	-14.469	-17.149
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Endring i amortisering fra 31.12.	-68	3	0	-65
Utgående balanse	3.405	9.240	27.853	40.498
Amortisering	0	0	-260	-260
Konstaterte tap	0	0	13.264	13.264
Inngang tidlegare konstaterte tap	0	0	371	371
Resultatført tap	-587	1.663	4.577	5.653

Note 9 Sensitivitet i tapsmodell

Tapsmodell som vert nytta for berekning av forventa tap på engasjementa bygger på fleire kritiske estimat. Modellen og tapsestimata er såleis sårbar for endringar i føresetnadane.

Stresstest

Ei hending i lokalmarknaden gjer at betalingsevna til kundane vert svekka. PD (sannsyn for misleghald) er eit uttrykk for betalingsevne. Så ei hending som gjev svekka evne til å betale kan i modellen skildrast som ei auke i PD. I stresstesten er det lagt til grunn ei auke på 25% i PD for alle nivå, med unntak av dei som allereie har PD 100%.

Som følgje av svekka betalingsevne vil og panteverdien bli svekka. Det kjem fleire objekt på marknaden og prisane på bustad vil falle. LGD, tap ved misleghald, vil auke som følgje av reduserte panteverdiar. Sannsynet for pessimistisk utfall i modellen vil også auke. Det er lite truleg at me får ei dobling av tap frå dagens nivå, og ikkje minst med tapshistoria til Voss Sparebank. Men samstundes er det greitt å sjå at banken er godt nok kapitalisert til å stå støtt i ei potensiell ekstrem hending.

I stresstesten er det lagt til grunn to ulike scenario, moderat og hardt stress.

Fylgjande verdiar er endra i IFRS 9-modulen for å simulera effekten av dei to scenarioa:

LGD/Nedbetalingsplan/Faktor utfall/Sannsyn utfall

Opphavlege verdiar, som nyttast i tapsmodellen i dag

PM :	0,125	100,70,50,30	100,500,50	80,10,10
BM I:	0,200	100,70,50,20	100,500,50	80,10,10
BM 2:	0,350	100,70,50,20	100,500,50	80,10,10

Scenario 1 – moderat stress

PM :	0,175	100,70,50,30	100,500,50	70,20,10
BM I:	0,250	100,70,50,20	100,500,50	70,20,10
BM 2:	0,400	100,70,50,20	100,500,50	70,20,10

Her er LGD justert opp med 5 prosentpoeng på alle tre gruppene.
Sannsyn for pessimistisk utfall vert auka med 10 % til 20%.

Scenario 2 – hardt stress

PM :	0,225	100,70,50,30	100,500,50	60,30,10
BM I:	0,300	100,70,50,20	100,500,50	60,30,10
BM 2:	0,450	100,70,50,20	100,500,50	60,30,10

Her er LGD justert opp med 10 prosentpoeng på alle tre gruppene.
Sannsyn for pessimistisk utfall vert auka til 20 % og 30 %.

Tapsavsetjingane i denne noten er knytt til dei modellberekna tapsavsetjingane i steg 1,2 og 3.
Eventuelle individuelle avsetjingar for engasjement i trinn 3 er helde utanfor.

Avsett for tap på utlån, kredittar og garantiar	Opphaveleg	Scenario 1	Scenario 2
Trinn 1	6,5 mill.	13,6 mill.	20,5 mill.
Trinn 2	7,4 mill.	15,0 mill.	22,1 mill.
Trinn 3	2,9 mill.	4,7 mill.	6,9 mill.
SUM	16,8 mill	33,3 mill	49,5 mill

Det er ikkje hendingar i dag som gjer at banken ser for seg at tapskostnaden i framtida vil verta merksamt større enn det banken har hatt historisk. Dei siste åra har det vore lite tap i Voss Sparebank, og sjølv om det rår ei uvisse knytt til dei makroøkonomiske tilhøva, er det forventa at avsetjingane er store nok òg for tida framover.

NOTE 10 Kapitaldekning

Ansvarleg kapital	Morbank		Konsern	
	31.12.2024	31.12.2023	31.12.2024	31.12.2023
Sparebanken sitt fond	1.028.437	949.554	1.024.893	947.736
Gåvefond	20.000	23.000	20.000	23.000
Fond for verdijusteringer	128.188	109.147	128.188	109.147
Sum bokført eigenkapital	1.176.625	1.081.701	1.173.081	1.079.883
Framlegg til disponering for ålmennytige føremål	-7.000	-16.000	-7.000	-16.000
Frådrag for ansv. Kap. i andre finansinst.	-147.463	-128.041	-147.463	-128.041
Verdijustering for krav om forsv. Verdifastsetjing	-4.487	-4.118	-4.487	-4.118
Rein kjernekapital	1.017.675	933.542	1.014.131	931.724
Fondsobligasjoner	0	0	0	0
frådrag i kjernekapital	0	0	0	0
Kjernekapital	1.017.675	933.542	1.014.131	931.724
ansvarleg lånekapital	0	0	0	0
frådrag i tilleggskapital	0	0	0	0
Ansvarleg kapital	1.017.675	933.542	1.014.131	931.724
Eksponeringskategori (vekta verdi)				
Statar	0	0	0	0
Lokale/regional styresmakter	37.038	24.898	37.038	24.898
Offentleg eigde føretak	0	0	0	0
Institusjonar	57.230	59.054	57.230	59.054
Føretak	44.883	112.658	44.883	112.658
Massemarknad	313.477	626.152	313.477	626.152
Pant i fast eidegod	2.077.418	1.700.724	2.027.685	1.645.946
Forfalte engasjement	65.314	139.375	65.314	139.375
Engasjement med høg risiko	3.585	22.608	3.575	22.608
Obligasjoner med fortrinnsrett	34.336	16.247	34.336	16.247
Fordr. på institusjonar/føretak med korts. rating	0	0	0	0
Lutar verdipapirfond	0	0	0	0
Eigenkapitalposisjonar	292.972	262.940	271.962	241.931
Andre eignelutar	42.640	40.588	90.182	107.057
CVA-tillegg	0	0	0	0
Sum utrekningsgrunnlag for kreditrisiko	2.968.893	3.005.244	2.945.682	2.995.926
Utrekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	324.661	268.246	324.661	268.246
Frådrag for ansv. Kap. i andre finansinst.	-147.463	-128.041	-147.463	-128.041
Utrekningsgrunnlag	3.146.091	3.145.449	3.122.880	3.136.131
Rein kjernekapitaldekning %	32,35 %	29,68 %	32,47 %	29,71 %
Kjernekapitaldekning %	32,35 %	29,68 %	32,47 %	29,71 %
Kapitaldekning %	32,35 %	29,68 %	32,47 %	29,71 %
Uvekta kjernekapitaldekning %	15,67 %	15,51 %	15,69 %	15,60 %
Konsolidering av samarbeidande grupper I)				
Ansvarleg kapital	1.146.264	1.046.012	1.144.446	1.044.194
Kjernekapital	1.133.055	1.035.468	1.131.237	1.033.650
Rein kjernekapital	1.120.796	1.026.682	1.118.978	1.024.864
Utrekningsgrunnlag	3.709.961	3.671.233	3.686.759	3.661.915
Kapitaldekning i %				
Kapitaldekning %	30,91 %	28,49 %	31,04 %	28,51 %
Kjernekapitaldekning %	30,55 %	28,20 %	30,68 %	28,23 %
Rein kjernekapitaldekning %	30,22 %	27,97 %	30,35 %	27,99 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	15,61 %	14,98 %	15,31 %	15,07 %

I) Samarbeidande grupper er i dette høvet

- Verd Boligkreditt - banken eig 0,94% av selskapet
- Brage Finans AS - banken eig 2,26% av selskapet

Note 11 Kreditsvekka engasjement

Banken deler kreditsvekka engasjement inn i tre grupper:

- Mislegheldne engasjement over 90 dagar. Dette er engasjement som har vore mislegheldne i 90 dagar eller meir.
- Andre tapsutsette engasjement : Dette er lån som har fått vesentleg betalingslette og andre engasjement der banken har gjort individuell avsetjing for tap.
- Engasjement med betalingslette elles. Dette er engasjement med betalingslette som ikkje er rekna med ovanfor.

	MORBANK		KONSERN	
	31.12.2024	31.12.2023	31.12.2024	31.12.2023
Misleghaldne engasjement over 90 dagar (trinn 3)				
Brutto misleghaldne engasjement - personmarknad	3.430	12.957	3.430	12.957
Brutto misleghaldne engasjement - bedriftsmarknad	3.860	2.496	3.860	2.496
-Nedskrivningar i steg 3	2.879	2.254	2.879	2.254
Netto misleghaldne engasjement	4.411	13.199	4.411	13.199

	31.12.2024	31.12.2023	31.12.2024	31.12.2023
Andre tapsutsette engasjement				
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement - personmarknad	14.691	3.150	14.691	3.150
Brutto tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement - bedriftsmarknad	60.720	74.721	60.720	74.721
-Nedskrivningar i steg 3	24.975	34.399	24.975	34.399
Netto tapsutsette engasjement	50.436	43.472	50.436	43.472

	31.12.2024	31.12.2023	31.12.2024	31.12.2023
Lån med betalingslette elles				
Personmarknad	63.087	85.723	63.087	85.723
Bedriftsmarknad	14.542	16.367	14.542	16.367
SUM lån med betalingslette elles	77.629	102.090	77.629	102.090

Note 12 Forventa tap fram i tid

Voss Sparebank reknar med eit relativt stabilt og lågt tapsnivå i komande tid. Det har vore noko auke i førespurnadar om betalingslette gjennom 2024, medan misleghaldet om lag er stabilt. Det er venta eit noko lågare rentenivå gjennom 2025 kombinert med reallønsvekst, og dette vil letta på gjeldsbyrda for både hushalda og næringslivet.

Note 13 Inntektsførde renter på lån i steg 3

	2024	2023
Rente / provisjonsinntekter, tapsmerkte lån	4.845	3.849
+/- Amortisering, tapsmerkte lån	-153	496
+/- Tilbakeførde renter	-2.115	-1.799
= Inntektsførde renter på lån med individuell nedskriving	2.577	2.546

Note 14 Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er definert som risikoen for at banken ikkje er i stand til å innfri skyldnadene og/eller ikkje maktar å finansiera auke i eignelutar, herunder ønska vekst, utan at det oppstår vesentleg auka kostnadene i form av prisfall på eignelutar som må realiserast, eller i form av auka finansieringskostnadene. Nedanfor synast ei forfallsanalyse på dei finansielle eignelutane og skyldnadane (herunder finansielle garantikontrakter). Denne syner dei attverande kontraktsregulerte forfalla (udiskonterte beløp):

31.12.2024

Eignelutar	0- 1 mnd	1-3 mnd	3 mnd-1 år	1- 5 år	Over 5 år	Samla
Kontantar	22.029	-	-	-	-	22.029
Fordringar på sentralbanken	376.482	-	-	-	-	376.482
Fordringar på finansføretak	97.229	-	-	27.846	-	125.075
Fordringar på kundar	28	683	359.028	149.473	4.730.444	5.239.656
Renteberande verdipapir	-	117.253	191.231	221.971	9.798	540.253
Aksjar og andre eigenkapitalinstrument	4.033	-	230.131	15.702	-	249.866
Sum Morbank	499.801	117.936	780.390	414.992	4.740.242	6.553.361
Utlån til datterselskap	-	-	-	-	60.510	60.510
Sum Konsern	499.801	117.936	780.390	414.992	4.679.732	6.492.851

Skyldnadene

Skyldnadene	0- 1 mnd	1-3 mnd	3 mnd-1 år	1- 5 år	Over 5 år	Samla
Innskot frå bankar	489	-	-	-	-	489
Innskot og andre innlån frå kundar	3.490.588	1.112.637	418.578	-	-	5.021.803
Gjeld stifta ved utferding av verdipapirer	-	100.000	100.000	100.000	-	300.000
Sum utbetalinger	3.491.077	1.212.637	518.578	100.000	-	5.322.292
Finansielle garantikontrakter	22.303	-	-	-	-	22.303
Innvilga, men ikkje nytta lån og kredittar	192.846	-	-	-	-	192.846
Sum morbank	3.706.226	1.212.637	518.578	100.000	-	5.537.441
Innskot frå datterselskap	7.816	-	-	-	-	7.816
Sum konsern	3.698.410	1.212.637	518.578	100.000	-	5.529.625

31.12.2023

Eignelutar	0- 1 mnd	1-3 mnd	3 mnd-1 år	1- 5 år	Over 5 år	Samla
Kontantar	17.612	-	-	-	-	17.612
Fordringar på sentralbanken	271.123	-	-	-	-	271.123
Fordringar på finansføretak	138.625	-	-	22.785	-	161.410
Fordringar på kundar	551	739	352.392	161.773	4.425.425	4.940.880
Renteberande verdipapir	-	98.858	87.470	237.348	10.142	433.818
Aksjar og andre eigenkapitalinstrument	2.054	-	203.140	15.006	-	220.200
Sum Morbank	429.965	99.597	643.002	436.912	4.435.567	6.045.043
Utlån til datterselskap	-	-	-	-	54.787	54.787
Sum Konsern	429.965	99.597	643.002	436.912	4.380.780	5.990.256

Skyldnadene

Skyldnadene	0- 1 mnd	1-3 mnd	3 mnd-1 år	1- 5 år	Over 5 år	Samla
Innskot frå bankar	1.675	-	-	-	-	1.675
Innskot og andre innlån frå kundar	3.353.249	1.005.531	296.783	-	-	4.655.563
Gjeld stifta ved utferding av verdipapirer	-	50.000	-	200.000	-	250.000
Sum utbetalinger	3.354.924	1.055.531	296.783	200.000	-	4.907.238
Finansielle garantikontrakter	29.160	-	-	-	-	29.160
Innvilga, men ikkje nytta lån og kredittar	201.444	-	-	-	-	201.444
Sum morbank	3.585.528	1.055.531	296.783	200.000	-	5.137.842
Innskot frå datterselskap	11.410	-	-	-	-	11.410
Sum konsern	3.574.118	1.055.531	296.783	200.000	-	5.126.432

Summane for finansielle garantikontrakter og lånetilsagn er den største summen som kan trekkest under eit lånetillegg, eller som kan verta utbetalt ved ein finansiell garantikontrakt. Begge er inkludert i den tidlegaste perioden utbetalung kan finna stad.

Note 15 Obligasjonar / sertifikat

Børsnoterte	Risiko-vekt	Pålyande verdi	Kostpris	Bokførd/marknads-verdi
Av det offentlege	20%	281 000	279 120	281 920
Av andre (OMF)	10%	136 000	136 320	136 973
Av andre	20%	105 000	104 887	106 050
SUM		522 000	520 327	524 943

Gjennomsnittleg effektiv rente omløpsobligasjonar og sertifikat : 4,71% i 2024, mot 4,33% i 2023.

Endringar i perioden	SUM
Inngående saldo	418 685
Kjøp	366 293
Utrekning / sal	260 270
Rekna renter	496
Verdiendring IFRS	-261
Utgående saldo	524 943

Note 16 Ansvarleg lånekapital i andre selskap

Børsnoterte	Risiko-vekt	Pålyande verdi	Kostpris	Bokførd/marknads-verdi
Ansvarleg lånekapital bokført som obligasjonar	100%	15 000	15 000	15 310
Sum ansvarleg lånekapital		15 000	15 000	15 310
Av dette <i>ansvarleg lånekapital til andre finansinstitusjonar</i>		15 000	15 000	15 310

Note 17 Aksjar, andelar og eigenkapitalbevis med verdiendring over utvida resultat

Langsiktige plasseringar	Org.nummer	Vår del, tal aksjar	Eigardel prosent	Kostpris	Marknads-/ fullverdi
Eiendomskredit AS	979 391 285	195 391	3,64	20 826	33 713
Kreditforeningen for sparebanker	986 918 930	1 840	3,68	1 895	2 201
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA	817 244 742	222 050	9,99	7 506	68 836
Frende Holding AS	991 410 325	54 608	0,81	10 176	28 396
Verd Boligkredit AS	994 322 427	14 505	0,94	15 053	15 702
Brage Finans AS	995 610 760	2 994 551	2,26	53 605	83 997
Balder Betaling AS	918 693 009	347 194	1,22	8 153	10 644
Norne Secirities AS	992 881 828	277 720	1,51	51	1 236
Visa INC	-	-	-	-	191
VN Norge AS	821 083 052	-	-	-	483
Andre langsiktige plasseringar				1 933	435
Sum aksjar og eigenkapitalbevis over utvida resultat				119 198	245 834
Av dette børsnoterte				7 506	68 836

Note 18 Aksjar, andelar og eigenkapitalbevis med verdiendring over ordinært resultat

Kortsiktige plasseringar	Org.nummer	Vår del, tal aksjar	Kostpris	Marknads-/ fullverdi
Flekkefjord Sparebank	937 894 627	14 670	1 592	1 643
Sparebank I SR-bank ASA	937 895 321	5 000	536	733
Sparebank I Helgeland	937 904 029	5 186	535	749
Sparebank I Nord-Norge	952 706 365	6 000	492	741
Sparebanken Sør	937 894 538	840	100	166
Sum aksjar og eigenkapitalbevis over ordinært resultat			3 255	4 032
Av dette børsnoterte			3 255	4 032

Note 19 Behaldning av rentefond

Banken hadde ikkje behaldning av rentefond pr. 31.12.2024

Note 20 Valutarisiko

Voss Sparebank har berre ein liten del av eignelutane i utanlandsk valuta (1,1 mill i kontantbehaldning), og ingen postar på gjeld og eigenkapital. Valutarisikoen blir vurdert som ubetydeleg.

Note 21 Eigarinteresser i datterselskap

Voss Sparebank Eigedom AS (VSE) (org nr 896 324 012)

Voss Sparebank Eigedom AS er eigm 100% av Voss Sparebank. Føremålet med selskapet er å eiga og drifta bankbygget i Vangsgata 18. VSE sine rekneskapstal vert konsolidert inn i banken sitt konsernrekneskap.

Voss Invest AS (VI) (Org nr 945 665 343)

Voss Invest AS er eigm 100% av Voss Sparebank. Føremålet med selskapet er investeringar, eigarskap og sal av verdipapir og eigedom som ikkje naturleg hører inn i banken sin balanse. VI sine rekneskapstal vert konsolidert inn i banken sitt konsernrekneskap.

Jernvangen AS (JV) (Org nr 945 418 311)

Jernvangen AS er 100% eigm av banken sitt datterselskap Voss Invest AS. Banken har også tidlegare år vore deleigar i selskapet gjennom VI, men overtok i desember 2021 dei resterande lutane i selskapet. JV er eit eigedomsselskap som skal drifta og utvikla eigen næringseigedom sentralt på Vossevangen.

Konsoliderte datterselskap nyttar NGAAP. Det er ingen vesentlege skilnader ved innarbeiding av datterselskapa etter IFRS-regelverket. Investeringar i datterselskap er førde etter eigenkapitalmetoden i rekneskapen til banken. Det har ikkje vore kjøpt eller selt vesentlege eigneluter mellom banken og datterselskapa. Datterselskapet Voss Invest AS kjøpte i desember 2021 alle aksjane i AS Jernvangen. Selskapet er konsolidert frå oppkjøpstidspunktet.

Konsoliderte datterselskap:	Voss Sparebank		Sum
	Eigedom AS	Voss Invest AS	
Bokført verdi 1.1.	5 434	22 362	27 796
Årets resultat	-228	9	-219
Konsernbidrag	50	230	280
Kapitalauke	0	0	0
Bokført verdi 31.12	5 256	22 601	27 857
Eigardel	100 %	100 %	
Stemmedel	100 %	100 %	
Forretningskontor	Voss herad	Voss herad	

Morbanken sitt mellomverande med datterselskapa

	2024	2023
Utlån til kundar	41 758	42 623
Innskot frå kundar	7 489	8 168

Morbanken sine transaksjonar med datterselskapa

	2024	2023
Renter av utlån til kundar	3 104	2 758
Renter på innskot frå kundar	91	71
Husleige banklokale	4 284	3 720

I tillegg til selskapa nemnt ovanfor, eig datterselskapet Voss Invest AS 100 % av aksjane i følgjande selskap heimehøyrande i Voss herad; Oppheimstunet AS er eit tomt selskap utan aktivitet. Kostnadene i selskapet er dekkja av Voss Invest AS, og er omsynteke i konsernrekneskapen. Hanguren AS er eit nystifta selskap i 2022 utan drift. AS Jernvangen vart kjøpt i desember 2021, og er innrekna i konsernrekneskapen frå kjøpstidspunktet. Bokført verdi av aksjane i AS Jernvangen og mellomværande med banken:

Dotterdotterselskap	Org.nr.	Bokf. verdi	Utlån 31.12	Innskot 31.12
AS Jernvangen	945 418 311	18 000	18 752	327

Note 22 Renterisiko

Renterisiko oppstår ved at det er ulik rentebindingstid på banken sine krav og skyldnadar.

Oversikt over avtalt rentebinding.

31.12.2024	0- 1 mnd	1-3 mnd	3 mnd-1 år	1- 5 år	Over 5 år	Totalt
Kontantar	22.029	-	-	-	-	22.029
Utlån til og fordringar på kreditteinstitusjonar	501.519	-	-	-	-	501.519
Utlån til kundar I)	351	5.102.400	31.207	105.698	-	5.239.656
Sertifikat og obligasjonar	-	530.455			9.798	540.253
Finansielle derivat	-	-	-	-	-	-
Sum eignelutar med renteeksponering	523.899	5.632.855	31.207	105.698	9.798	6.303.457
Innskot frå bankar	489	-	-	-	-	489
Innskot frå kundar	83.707	4.695.978	238.440	3.678		5.021.803
Ansvarlege lån	-	-	-	-	-	-
Andre rentebærende lån	-	300.000	-	-	-	300.000
Sum skyldnadar med renteeksponering konsern	84.196	4.995.978	238.440	3.678	-	5.322.292
Netto renteeksponering morbank	439.703	636.877	-	207.233	102.020	9.798
Lån til dotterselskap	-	-	60.510	-	-	60.510
Innskot frå dotterselskap	-	-	7.816	-	-	7.816
Netto renteeksponering konsern	439.703	568.551	-	207.233	102.020	9.798
						912.839

31.12.2023	0- 1 mnd	1-3 mnd	3 mnd-1 år	1- 5 år	Over 5 år	Totalt
Kontantar	17.612	-	-	-	-	17.612
Utlån til og fordringar på kreditteinstitusjonar	432.533	-	-	-	-	432.533
Utlån til kundar I)	-	4.813.691	5.866	121.323	-	4.940.880
Sertifikat og obligasjonar	-	423.887			9.931	433.818
Finansielle derivat	-	-	-	-	-	-
Sum eignelutar med renteeksponering	450.145	5.237.578	5.866	121.323	9.931	5.824.843
Innskot frå bankar	1.675	-	-	-	-	1.675
Innskot frå kundar	-	4.393.613	261.950			4.655.563
Ansvarlege lån	-	-	-	-	-	-
Andre rentebærende lån	-	250.000	-	-	-	250.000
Sum skyldnadar med renteeksponering konsern	1.675	4.643.613	261.950	-	-	4.907.238
Netto renteeksponering morbank	448.470	593.965	-	256.084	121.323	9.931
Lån til dotterselskap	-	-	54.787	-	-	54.787
Innskot frå dotterselskap	-	-	11.410	-	-	11.410
Netto renteeksponering konsern	448.470	550.588	-	256.084	121.323	9.931
						874.228

I) Banken tilbyr utlån til fastrente med avtaletid opp til 5 år. Låna er fordelt med kr 31,7 mill til BM og kr 121,0 mill til PM. Gjennomsnittleg restløpetid på låna er om lag 2,2 år. Renterisikoen ved ein renteauke på til dømes 1,0 prosentpoeng vil soleis utgjera om lag kr 2,9 mill over heile perioden.

Note 23 Netto rente- og provisjonsinntekter på inn- og utlån

	2024		2023	
	PM	BM	SUM PM og BM	SUM PM og BM
Renteinntekter på finansielle eignelutar målt til effektiv rente metode				
Renteinntekter av lån til og krav på kreditinstitusjonar og finansføretak	-	23.160	23.160	14.690
Renteinntekter av lån til og krav på kundar	74.772	95.249	170.021	136.998
Renteinntekter av rentebærande verdipapir	-	23.796	23.796	21.322
Andre renteinntekter	-	-	-	-
Sum renteinntekter på finansielle eignelutar målt til effektiv rente metode	74.772	142.205	216.977	173.010
Renteinntekter på finansielle eignelutar målt til verkeleg verdi over utvida resultat (OCI)				
Renteinntekter av lån til og krav på kreditinstitusjonar og finansføretak			-	-
Renteinntekter av lån til og krav på kunder	127.850	-	127.850	106.836
Renteinntekter fra rentebærande verdipapir	-	-	-	-
Andre renteinntekter	-	-	-	-
Sum renteinntekter på finansielle eignelutar målt til verkeleg over utvida resultat (OCI)	127.850	-	127.850	106.836
Sum renteinntekter Konsern	202.622	142.205	344.827	279.846
Rentekostnadar rekna på finansielle skuldnadar målt til amortisert kost				
Rentekostnadar på skuldnadar til kreditinstitusjonar og finansieringsføretak	-	-	-	-
Rentekostnadar på innskot frå og skuldnadar til kundar	127.736	25.982	153.718	107.509
Rentekostnadar rekna på utsteda verdipapir	-	17.130	17.130	11.859
Andre rentekostnadar	-	3.066	3.066	3.149
Rentekostnadar rekna på finansielle skuldnadar målt til amortisert kost	127.736	46.178	173.914	122.517
Rentekostnadar rekna på finansielle skuldnadar målt til verkeleg verdi				
Andre rentekostnadar	-	-	-	-
Sum rentekostnader konsern	127.736	46.178	173.914	122.517
Netto renteinntekter konsern	74.886	96.027	170.913	157.329
Renteinntekter frå dotterselskap	-	4.148	4.148	2.967
Rentekostnadar til dotterselskap	-	1.099	1.099	1.058
Netto renteinntekter morbank	74.886	99.076	173.962	159.238

Note 24 Netto provisjonsinntekter

Provisjonsinntekter	2024	2023
Garantiar	345	310
Betalingsformidling	7 500	6 749
Forsikring	3 370	4 564
Bustadkredittføretak	463	688
Anna kreditformidling	486	277
Verdipapirformidling og forvaltning	1 050	950
Andre gebyr	490	907
Sum provisjonsinntekter	13 704	14 445
 Provisjonskostnadar	 2 301	 2 546
 Netto provisjonsinntekter	 11 403	 11 899

Note 25 Godgjersle til tillitsvalde og leiande tilsette

	2024	2023	I heile tusen		2024	2023
Tal årsverk pr. 31.12	28,0	24,0	Løn og anna godtgjersle til:			
Gjennomsnittleg årsverk	27,7	26,2	Adm. banksjef :			
Tal tilsette 31.12.	28	24	Løn inkl naturalytingar	1.788	1 700	
Av desse			Pensjonspremie	503	479	
<i>16 kvinner</i>			Sum løn leiargruppa u/ adm. banksjef			
<i>12 menn</i>			(4 tilsette, 4,0 årsverk)	3.716	3.457	
			Styreleiar	140	130	
			Andre styremedlemer	450	429	
			Medlemar Generalforsamling	20	30	
			Valnemd	119	107	

Adm. banksjef har innskotspensjon på line med dei andre tilsette. Det er gjort tilleggsavtale om pensjonsalder på 65 år. Det 6 er månader gjensidig oppseiingstid og det er ikkje avtale om etterløn. Adm. banksjef tek ikkje del i bonusordninga som gjeld for dei tilsette, og har berre fast godtgjersle.

Godtgjersle til revisor (I heile tusen kroner eks MVA)	2024		2023	
	Morbank	Konsern	Morbank	Konsern
Lovpålagd revisjon	634	654	469	489
Andre attestasjonstenester	77	84	129	129
Andre tenester	77	90	115	126
SUM	788	828	713	744

Note 26 Lån og garantiar – tillitsvalde og tilsette

<i>Beløp i heile tusen kroner</i>	2024	2023
Tilsette	63 941	61 178
Adm. banksjef	2 233	2 491
Medlemmer i styret	13 236	16 878
Medlemmer generalforsamling	12 008	14 564

Adm. banksjef og tilsette har tilbod om lån på vilkår fastsett som funksjonærlån.
 Rentesubsidiar til tilsette og pensjonistar utgjorde kr 1.022.498 i 2024 mot kr 401.221,- i 2023.
 Summen er førd som renteinntekt i banken sin rekneskap og var skattepliktig inntekt for dei tilsette.
 Dei tillitsvalde får lån til vanlege vilkår i banken.

Note 27 Pensjon

Banken er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og har etablert pensjonsordning som tilfredsstiller krava i lova.

Frå 1. februar i 2011 vart den kollektive ytингspensjonen lukka og frå 1.1.2015 gjekk alle tilsette, med unntak av ein tilsett i delvis langtidssjukefråver og i tillegg dåverande banksjef, over til innskotspensjon med maksimale satsar; 7,0 % mellom 0-7,1G og 25,1 % mellom 7,1-12G. Utrekna framtidig tap ved å gå over frå ytings- til innskotsbasert pensjon, vert kompensert i skattepliktig løn.

Pensjonskostnadane for året omfattar innskotspensjon, ny AFP og avsetjing pensjon adm. banksjef.

Pensjonskostnadar:

	2024	2023
Innskotspensjon	1 820	1 505
Avsett pensjon adm. banksjef (innskotspensjon)	295	479
Ny AFP	455	321
Endring i pensjonsskuld o.l.	24	-35
= Sum pensjonskostnad	2 594	2 270

PENSJONSSKULDING:

	2024	2023
	Sikra	Usikra
	Sikra	Usikra
Avsett pensjonsskulding	-	-
= Balanseført pensjonsansvar	-	24

Note 28 Skatt

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både periodens betalbare skatt og endring i utsett skatt(efordel). Utsett skatt / skattefordel er rekna med 25% (22% for konsernselskap) på grunnlag av dei mellombelse skilnadane som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar ved utgangen av rekneskapsåret. Formuesskatt er etter IFRS rekna som andre driftskostnader.

	Morbank		Konsern	
	2024	2023	2024	2023
Skatt				
Resultat før skattekostnad (inkl utvida resultat)	140.047	117.986	138.751	114.215
Permanente skilnadar :				
Nettoresultat datterselskap	219	1.763	0	0
Inntekt ikkje skattepliktig – aksjevinst, verdiendring o.l.	-29.194	-19.298	-29.398	-19.298
Kostnadar utan rett til frådrag	4.724	3.549	4.724	3.705
Sum permanente skilnader	-24.251	-13.986	-24.674	-15.593
Mellombelse skilnader :				
Endring driftsmidlar, pensjon, vinst- og tapskonto	360	-1.720	2.079	1.186
Skattegrunnlag (alminneleg inntekt)	116.156	102.280	116.156	99.808
Betalbar skatt, 25 % / 22 % av alminneleg inntekt	29.039	25.570	29.039	25.026
Formuesskatt (ført som skattekostnad)	0	0	0	0
Avsett for lite (mykke) tidlegare år	174	0	174	0
Endring utsett skatt/utsett skattefordel	-90	430	-446	-400
Skattekostnad på totalresultatet	29.123	26.000	28.767	24.626
Skattekostnad på totalresultat er fordelt slik:				
Skatt på resultat frå vidareført verksemd	29.114	25.811	28.758	24.437
Skatt på andre inntekter og kostnader	9	189	9	189
Formuesskatt (andre driftskostnader frå 2020)	3.221	3.048	3.221	3.048
Betalbar skatt på avgitt konsernbidrag		-550	0	0
Skuldig betalbar skatt i balansen	32.260	28.068	32.260	28.074
Utsett skatt (utsett skattefordel)				
Vinst- og tapskonto	1.048	1.311	1.262	1.579
Varige driftsmidlar	0	0	0	0
Overfinansiering, pensjon	0	0	0	0
Sum positive skilnader	1.048	1.311	1.262	1.579
Varige driftsmidlar	-610	-824	-1.944	-493
Pensjonsansvar, andre avsetjingar mv.	-1.118	-807	-1.118	-807
Nedskrivning finansielle instrument	0	0	0	0
Sum negative skilnader	-1.728	-1.631	-3.062	-1.300
Netto midlertidige skilnader	-680	-320	-1.800	279
Netto utsett skattefordel (25 % / 22%)	-170	-80	-446	51
Sum skatteforplikting i balansen	32.260	28.068	32.260	28.125

Note 29 Verdsetjingshierarki finansielle instrument til verkeleg verdi

31.12.2023

Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Sum Totalt
Utlån til kundar til verkeleg verdi over utvida resultat			3.462.172	3.462.172
Obligasjoner til verkelig verdi over resultat		433.818		433.818
Rentefond til verkelig verdi over resultat		0		0
Aksjer til verkelig verdi over resultat	2.055			2.055
Aksjer til verkelig verdi over utvidet resultat	53.736		164.437	218.173
Sum	55.791	433.818	3.626.609	4.116.218

31.12.2024

Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Sum Totalt
Utlån til kundar til verkeleg verdi over utvida resultat			3.695.005	3.695.005
Obligasjoner til verkelig verdi over resultat		540.253		540.253
Rentefond til verkelig verdi over resultat		0		0
Aksjer til verkelig verdi over resultat	4.033			4.033
Aksjer til verkelig verdi over utvidet resultat	68.836		176.997	245.833
Sum	72.869	540.253	3.872.002	4.485.124

Avstemming av nivå 3	Utlån til kundar	Aksjar	Sum nivå 3
Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi 31.12.2023	3.462.172	164.437	3.626.609
Realisert vinst/tap	0	1.005	1.005
Urealisert vinst/tap ført mot resultat	252	0	252
Urealisert vinst/tap ført mot utvidet resultat	34	8.629	8.663
Kjøp verdipapir / nye lån	236.272	5.210	241.482
Tilbakekjøp / sal	-3.725	-2.284	-6.009
Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi 31.12.2024	3.695.005	176.997	3.872.002
Avstemming	0	0	0

Verkeleg verdinålingar og opplysninger klassifisert etter nivå

I tabellane vert det nytta følgjande inndelingar i nivå:

Nivå 1: I nivå 1 ligg finansielle instrument som vert verdsette ved bruk av noterte prisar i aktive marknadar for like eignelutar og skyldnadar.
I denne kategorien ligg børsnoterte aksjar, sertifikat og statsobligasjonar som vert omsett i aktive marknadar.

Nivå 2: I nivå 2 ligg finansielle instrument som vert verdsette ved bruk av informasjon som ikkje har noterte prisar, men der prisar er direkte eller indirekte observerbare for eignelutar og skyldnadar, inkludert noterte prisar frå ikkje aktive marknadar for like eignelutar og skyldnadar.
I kategorien ligg sertifikat og obligasjonar som vert omsett i ikkje aktive marknadar.

Verdivurderinga i nivå 2 baserer seg i hovudsak på observerbar marknadsinformasjon i form av rentekurver, valutakursar og kredittmarginar til dei ulike sertifikata og obligasjonane.

Nivå 3: I nivå 3 ligg finansielle instrument som ikkje kan verdsetjast ut frå direkte og indirekte observerbare prisar. Her ligg aksjer som ikkje vert omsett i aktive marknadar og utlån til kundar som ligg i IFRS 9-kategorien "Verkeleg verdi over utvida resultat". Pris/bok prinsippet vert i stor grad lagt til grunn der det ikkje finns transaksjonar eller eit fungerande marknad der prisen vert sett, då vert P/B lik 1.

Verdivurderinga i nivå 3 byggjer på vurdering av eignelutar og gjeld i selskap, forventa kontantstraumar, og andre verdsetjingsmodellar som byggjer på opplysningar som ikkje er observerbare eller eksternt verifiserbare. Utlån i kategorien "Verkeleg verdi over utvida resultat" vert nedskrive i tråd med reglane for amortisert kost etter IFRS 9. Nedskrivninga i steg 1 er modellutrekna og vil truleg ikkje påverke verdien av utlånet ved eit eventuelt sal. Verkeleg verdi på utlån til "Verkeleg verdi over utvida resultat" er soleis vurdert til amortisert kost utan nedskrivning i steg 1.

Banken sine verdsetjingsmetodar maksimerer bruken av observerbare data der dette er tilgjengelig og byggjer minst mogeleg på banken sine eigne vurderingar.

Note 30 Klassifisering av finansielle instrument

	Finansielle eignelutar og gield vurdert til amortiser kost	Finansielle instrument til verkeleg verdi med verdienhending over resultat (FVTPL)	Finansielle instrument til verkeleg verdi over utvida resultat (FVOCI)	Sum
Eignelutar				
Kontantar og tilsvarande	22 029	-	-	22 029
Utlån og fordringar på kreditinstitusjonar og finansieringsføretak	501 519	-	-	501 519
Netto utlån til og fordringar på kundar I)	1 504 682	-	3 695 005	5 199 687
Renteberande verdipapir	-	540 253	-	540 253
Finansielle derivat	-	-	-	-
Aksjar, lutar og andre eigenkapitalinstrument	-	4 033	245 833	249 866
Sum eignelutar	2 028 230	544 286	3 940 838	6 513 354
Gjeld				
Innlån frå kreditinstitusjonar og finansieringsføretak	489	-	-	489
Innskot og andre innlån frå kundar	5 021 803	-	-	5 021 803
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	300 000	-	-	300 000
Finansielle derivat	-	-	-	-
Anna gjeld	44 902	-	-	44 902
Avsetjingar	32 906	-	-	32 906
Ansvarleg lånekapital	-	-	-	-
Fondsobligasjonskapital	-	-	-	-
Sum gjeld	5 400 100	-	-	5 400 100

I) Det er balanseført fastrentelån til kundar lydande på kr 152,7 mill. Marknadsverdien på desse låna utgjorde kr 149,3 mill.

Note 31 Netto vinst / tap på finansielle instrument

	2024	2023
Netto vinst/tap på finansielle instrument til verkeleg verdi		
Netto vinst/tap på valuta	561	629
Netto verdienhending på utlån	-	-
Netto vinst/tap på renteberande papir	1.278	1.070
Netto vinst/tap på aksjar	386	167
Netto vinst/tap på finansielle instrument til verkeleg verdi	2.225	1.866
Netto vinst/tap på finansielle skuldnadar til amortisert kost	-	-
Netto vinst/tap på finansielle eignelutar målt til amortisert kost	-	-
Netto vinst/tap på inv. i aksjar målt til FVOCI	20.020	11.606
Netto vinst/tap på andre finansielle eignelutar målt til FVOCI	26	566
Netto vinst/tap på finansielle instrument målt til FVOCI	20.046	12.172
Netto vinst/tap på finansielle instrument	22.271	14.038

Note 32 Varige driftsmidlar

Faste eigedomar (både investeringseigedom og eigarnytta eigedom) og andre varige driftsmidlar vert i balansen førde til kostpris, ordinære avskrivingar og mogelege nedskrivingar vert trekte frå. Ordinære avskrivingar er baserte på kostpris, og avskrivingane vert fordelte likt over driftsmidlane si levetid. Dersom den verkelege verdien av eit driftsmiddel er monaleg lågare enn den bokførde verdien, og nedgangen ikkje er mellombels, vert driftsmiddelet skrive ned til verkeleg verdi. Driftsmidlane vert verdsette kvar for seg. Bankbygget er dekomponert i bygg og tekniske installasjonar samt tomt. Frå og med år 2021 er det i morbanken teke med bruksrett etter IFRS 16 knytt til bankbygget. For nærmere omtale av IFRS 16, sjå note 40. Konsernet har ingen leigeavtalar etter IFRS 16.

MORBANK	IFRS 16 Bruksrett	Maskiner, inventar o.l	Kunst- gjenstandar	Varige driftsmidlar
Nyskaffingskostnad 01.01	30 621	11 992	7 097	49 710
+ Kjøp i året	3 360	0	536	3 896
- Sal i året	0	0	0	0
= Nyskaffingskostnad 31.12	33 981	11 992	7 633	53 606
Samla avskrivingar pr. 31.12	12 728	11 992	0	24 720
Samla nedskrivingar pr. 31.12	0	0	0	0
Bokført verdi 31.12.24	21 253	0	7 633	28 886
Årets avskrivingar	3 542	0	0	3 542
Økonomisk levetid	10 år	0-10 år		

KONSERN	Investerings- eigedom	Eigarnytta eigedom	Maskiner, inventar o.l	Kunst- gjenstandar	Varige driftsmidlar
Nyskaffingskostnad 01.01	29 860	73 334	11 992	7 097	122 283
+ Kjøp i året	7 386	0	0	536	7 922
- Sal i året	0	0	0	0	0
= Nyskaffingskostnad 31.12	37 246	73 334	11 992	7 633	130 205
Samla avskrivingar pr. 31.12	3 393	23 461	11 992	0	38 846
Samla nedskrivingar pr. 31.12	0	9 350	0	0	9 350
Bokført verdi 31.12.24	33 853	40 523	0	7 633	82 009
Årets avskrivingar	1 147	841	0	0	1 988
Økonomisk levetid		0-10 år			
Levetid tekniske installasjonar		10 år			
Levetid bygg	20 år	50 år			

Avskrivingsplan – økonomisk levetid for varige driftsmidlar

EDB-maskiner	3 år	Transportmidlar	5 år
Andre maskiner	3/5 år	Bankbygg	50 år
Inventar m.v.	5/10 år	Faste, tekniske installasjonar i bygg	10 år
Leigeavtale bankbygg	10 år	Kunst: vert ikkje avskrive	

Avskrivingsplanen er ikkje endra frå tidlegare år.

Oppstilling over konsernet sine faste eigedomar inkl. tomteverdi

		Bokført verdi
Dotterselskap – Vangsgata 18	Bankbygg	40 523
Dotterselskap – Uttrågata 8 og 10	Utleigebygg	33 821
Dotteselskap – Istadosen	Tomt	32
Sum fast eigedom		74 376

Verkeleg verdi av banken sine investeringseigedommar vert vurdert omlag lik bokførd nedskrivne kostpris, då tyngda av verdiane er innkjøpt i desember 2021 og omsynteke omfattande pågående oppussing i 2023 / 2024.

Note 33 Verdipapirgjeld

Verdipapirgjeld	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi		Rentevilkår
				31.12.2024	31.12.2023	
Sertifikat- og obligasjonslån						
NO0010924707	12.02.2021	12.02.2024	100.000	-	50.000	3 mnd. NIBOR + 0,43 %
NO0010874381	04.02.2020	04.02.2025	150.000	100.000	100.000	3 mnd. NIBOR + 0,66 %
NO0011117210	07.10.2021	07.10.2025	150.000	100.000	100.000	3 mnd. NIBOR + 0,47 %
NO0013116384	11.01.2024	11.01.2027	100.000	100.000	-	3 mnd. NIBOR + 0,86 %
Periodiserte renter på verdipapirgjeld				3.289	2.369	
Sum gjeld ved utferding av verdipapir				303.289	252.369	

Endringar i verdipapirgjeld i perioden	Balanse		Forfalle innløst	Andre endringar	Balanse 31.12.2024
	31.12.2023	Emitert			
Sertifikatgjeld	0	0	0	0	0
Obligasjonsgjeld	252.369	100.000	-50.000	920	303.289
Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir	252.369	100.000	-50.000	920	303.289

Tilleggsinformasjon, hending etter 31.12.2024

Refinansiering av NO0010874381 februar 2025

Verdipapirgjeld	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande verdi	Bokf. verdi		Rentevilkår
				17.01.2025	31.12.2024	
NO0013460733	17.01.2025	17.11.2027	150.000	100.000		3 mnd. NIBOR + 0,66 %

Note 34 Garantiar

	2024	2023
Betalingsgarantiar	15.240	17.515
Kontraktsgarantiar	5.487	10.090
Lånegarantiar	-	-
Garantiar for skatt m.m.	100	100
Anna garantiansvar	1.477	1.477
Samla garantiansvar, morbank	22.304	29.182

Garantiansvaret er ikkje kontragarantert av andre finansinstitusjonar.

Note 35 Avsetjingar / anna gjeld

	2024	2023
Skatte- og avgiftsgjeld	34.657	30.504
Bankremisser/ advisert giro	133	365
Interimskonti	3.317	2.714
Leverandørgjeld	830	1.073
Gåver, ikkje utbetalte	1.345	1.030
Avsetjingar for pensjonsskulnadar	-	24
Leigeavtale bankbygg	22.781	22.709
Avsetjingar for tap på garantiar og unytta kredittar	647	688
Konsernbidrag	2.860	2.500
Andre kreditorar	4.239	1.602
Morbank	70.809	63.209
Konsern	46.488	41.024

Det er ikkje særskilde vilkår knytt til gjeldspostane i balansen.

Banken har ikkje gjeld i valuta.

Note 36 Gjennomsnittleg effektiv rente

Gjeldspostar :	2024	2023
Gjeld til kredittinstitusjonar	-	-
Innskot frå kundar u/ avtalt bindingstid	2,42 %	1,79 %
Innskot frå kundar m/ avtalt bindingstid	3,40 %	2,92 %
Sertifikatlån	-	-
Obligasjonslån	5,67 %	4,74 %
Gjennomsnittleg effektiv rente	3,29 %	2,45 %

Gjennomsnittsaldo månadleg.

Andre gjeldspostar har ikkje rentekspонering.

Note 37 Vinst/tap anlegg

Det er ikkje bokført vinst eller tap ved realisasjon av anleggsmedialar i 2024.

Note 38 Ordinært resultat i høve rådveldekapital

(konserntal)	2024	2023
Rådveldekapital, middelverdi	6.278.612	5.847.535
Resultat av ordinær drift etter skatt	89.938	77.417
Resultat i prosent av rådveldekapital	1,43%	1,32%

Note 39 Postar utanom balansen

Garantiar, sjå note 34.

Eigneluter stilt som trygd :

Ihendehavarobligasjoner stilt som trygd for D-lån i Noregs Bank : 66,0 mill bokførd verdi.

Banken har ikkje nytta D-lån i rekneskapsåret.

Banken er medeigar i Verd Boligkredit AS, og har ført over lån pålydande 272,3 mill kroner.

Dette kjem i tillegg til den balanseførde verdien av utlån til kundar.

Note 40 Hendingar etter balansedagen

Obligasjonslån NO0010924707 lydande på kr 100 mill med forfall 12.februar 2025 vart refinansiert den 17.januar 2025.

Det nye lånet, NO0013460733, lyder på kr 150 mill og er trekt opp med kr 100 mill. Lånet har forfall 17.november 2027.

Det er ikkje identifisert vesentlege hendingar etter balansedagen som gjev ny informasjon om tilhøve som eksisterte på balansedagen, og som medfører justering av dei avgangde rekneskapstala.

Note 41 Leigeavtalar etter IFRS 16

Det er nyttar ein neddiskonteringsrente på 4,0 % i nettonoverdiberekninga på avtalen mellom Voss Sparebank og Voss Sparebank Eigedom. Banken har berre ein leigeavtale og årleg leigesum utgjorde kr 3.720.000 til og med rekneskapsåret 2023. frå og med rekneskapsåret 2024 er leigerett og leigeplikt konsumprisjustert. Ny leigesum er då rekna til 4.284.000.

Leigeskuldnadar	31.12.2024	31.12.2023
Inngåande balanse	22.709	25.452
Konsumjusering	3.360	-
Husleigebetaling	-4.284	3.720
Kapitalisert rente	996	977
Utgående balanse	22.781	22.709

Balanseførd bruksrett	31.12.2024	31.12.2023
Inngåande balanse	21.435	24.497
Konsumjusering	3.360	-
Avskrivingar	-3.542	3.062
Utgående balanse	21.253	21.435

Resultatpostar	31.12.2024	31.12.2023
Avskriving bruksrett	3.542	3.062
Rentekostnad leieforpliktingar	996	977
Sum rente- og avskrivingskostnadar bankbygg	4.538	4.039

Forfallsstruktur leigeavtale

År	Avskriving leigeskuldnad	Avskriving bruksrett	Rente- kostnad	Sum leige- kostnad
2021	3 720	3 062	1 167	4 229
2022	3 720	3 062	1 064	4 126
2023	3 720	3 062	977	4 039
2024	4 284	3 542	996	4 538
2025	4 284	3 542	860	4 402
2026	4 284	3 542	722	4 263
2027	4 284	3 542	577	4 118
2028	4 284	3 542	428	3 969
2029	4 284	3 542	270	3 811
2030	4 284	3 542	107	3 648
SUM	41 148	33 980	7 168	41 148

Voss Sparebank

Offentliggjering av opplysningars om ansvarleg kapital pr 31.12.2024

Transitional own funds disclosure template

Tal i heile tusen kroner / amount in 1.000 NOK		(A)	(B)	(C)
Rein kjernekapital : Instrument og opptent kapital		Beløp på dato for offentlig-gjering	Referansar til artiklar i forordninga (CRR)	Beløp omfatta av overgangsreglar
(Common Equity Tier 1 capital (instruments and reserves)		Amount at disclosure date	Regulation (EU) No 575/2013 article reference	Amounts subject to pre- regulation (EU) NO 575/2013 Treatment or prescribed residual amount of regulation (EU) NO 575/2013
2	Opptent eigenkapital i form av tidligare års tilbakeheldne resultat	1 176 625	26 I) (C)	
	- Avsett til gåver med planlagd utbetaling i 2025	7.000		
6	Rein kjernekapital før regulatoriske justeringar	1 169 625		
8	Immaterielle eignelutar redusert med utsett skatt	-	36 (I) (b) og 37	
18	Direkte behaldning av rein kjernekapital i andre selskap innan finansiell sektor	-147 463	36 (I) (i), 43, 45, 47, 48 (I) (b), 49 (I) til (3) og 79	
	Verdijustering for krav om forsvarleg verdifastsetjing	-4 487	34 og 105	
28	Sum regulatoriske justeringar i ren kjernekapital	-151 950		
29	Rein kjernekapital	1 017 675		
45	Kjernekapital	1 017 675		
59	Ansvarleg kapital	1 017 675		
60	Berekningsgrunnlag	3 146 091		
61	Rein kjernekapitaldekning	32,35%		
62	Kjernekapitaldekning	32,35%	92 (2) (b)	
63	Kapitaldekning	32,35%	92 (2) (c)	
64	Kombinert bufferkrav som prosent av berekningsgrunnlaget	9,50%	CRD 128, 129, 130, 131 og 133	
65	Av dette : kapitalbevaringsbuffer	2,50%		
66	Av dette : motsyklistisk buffer	2,50%		
67	Av dette : systemrisikobuffer	4,50%		
68	Rein kjernekapital tilgjengeleg for oppfylling av bufferkrav	24,35%	CRD 128	
72	Behaldning av ansvarleg kapital i andre selskap i finansiell sektor der institusjonen har ei ikkje vesentleg investering, og som samla er under grensa på 10 %.	-147 463	36 (I) (h), 45, 46, 472 (10), 56 (c), 59, 60, 66 (c), 69 og 70	
75	Utsett skattefordel	170	36 (I) (c), 38 og 48	

Eigarstyring og leiing av banken

Vedtekter

Voss Sparebank sitt føremål er fastsett i vedtekten. Banken er ikkje aksjebank og har ikkje utferra eigenkapitalbevis. Innanfor gjeldande lover skal banken utføra alle forretningar og tenester som det er vanleg eller naturleg at banken gjer.

Visjon, strategi og verdiar

Voss Sparebank sin visjon er å vera det naturlege fyrstevalet for bank på Voss og i bygdene rundt. Voss Sparebank skal hjelpe kundane med å ta gode økonomiske val gjennom livet. Samstundes skal banken driftast på ein god måte, og soleis skapa verdi for lokalsamfunnet. På denne måten bidreg banken til å gjea bygda betre.

Voss Sparebank skal vera ein lokal sparebank med personleg kontakt, fleksible løysingar og snøgge svar. I kontakt med banken skal kundane oppleva kjerneverdiane *personleg, hjelpsam og trygg*.

Styret går årleg gjennom banken sine strategidokument, og fastsett overordna styringsmål og strategiske rammer. På grunnlag av dei vert det utarbeidd budsjett og handlingsplanar. Dei tilsette har delteke aktivt med å utarbeida den strategiske plattforma til banken.

Dei sentrale organa i Voss Sparebank er generalforsamlinga og styret.

Generalforsamlinga er banken sitt øvste styringsorgan og er sett saman av to grupper. Ni medlemmar er valde av kundane, tre er valde av dei tilsette. Generalforsamlinga ser til at banken verkar etter føremålet sitt i samsvar med lover, vedtekter og generalforsamlinga sine vedtak.

Generalforsamlinga vel styre, valnemnd og revisor. Generalforsamlinga godkjenner årsrekneskapen og godkjenner gåver til ålmennytige tiltak, vedtek godtgjersle til dei tillitsvalde og pensjonsavtale for dei tilsette. Opptak av ansvarleg lånekapital, er også lagt til generalforsamlinga. Etter framlegg frå valnemnda vel generalforsamlinga medlemer til styret.

Styret har seks medlemar. Ein medlem og ein varamedlem skal veljast mellom dei tilsette. Adm. banksjef er ikkje medlem av styret, men har plikt og rett til å vera til stades i styremøta. Styret står ansvarleg for at verksemda er i samsvar med lover, vedtekter og nærmare føringer av generalforsamlinga.

Styret har ansvaret for at dei midlane banken rår over vert forvalta på trygg og føremålstenleg måte og skal syta for tilfredsstillande organisering av verksemda. Styret tilset adm. banksjef og fastset tilhøyrande instruks. Styret skal sjå til at banken har god internkontroll for å oppfylla dei krava som gjeld for verksemda. Inn under dette kjem òg verdigrunnlag og etiske retningslinjer.

Styret har valt to av medlemene til risikoutval som førebuande utval for styret i samband med risikotoleranse og risikostrategi, vurdering av kvartalsvise risikorapportar og årleg ICAAP-rapport. Heile styret fungerer som revisjonsutval, som eit førebuande og rådgjevande organ for styret i samband med reknesaksrapportering, lovfesta revisjon og val av revisor.

I 2024 har styret hatt 11 ordinære møter og 3 omframme møter. Styret har rutinar for evaluering av eige arbeid og kompetanse.

Valnemnda i banken førebur både valet av kunderepresentantar til generalforsamlinga og val av representantar til styret og valnemnd.

Revisor utfører oppgåvene sine i samsvar med gjeldande regelverk og god revisjonsskikk. Revisor gjev merknader og meldingar til styret og til generalforsamlinga. Revisor har minst eitt årleg møte med styret om sentrale tema som rekneskap, rapportering og det interne kontollarbeidet i banken.

Adm. banksjef har resultatansvaret for verksemda, og har den daglege leiinga av verksemda i samsvar med gjeldande lover, vedtekter og retningslinjer som generalforsamlinga og styret gjev. Adm. banksjef førebur styresakene og har fullmakt til å avgjera alle vanlege bankforretningar.

Banken sine etiske retningslinjer og samfunnsansvar er utarbeidde av styret, og vert årleg gjennomgått av dei tilsette. Styret legg stor vekt på at all bankverksemde skal utøvast med stor vekt på etikk og godt samfunnsansvar.

Informasjon og kommunikasjon
På banken si nettside vert det publisert finansiell og annan relevant informasjon til kundane og andre interesserte.

Voss, 20. mars 2025


Stadfesting frå styret og adm. banksjef


Me stadfestar at:


Voss Sparebank sin årsrekneskap for 2024 etter beste vitande og vilje er utarbeidd etter gjeldande rekneskapsstandard, og at informasjonen i rapporten syner eit rettvisande bilet av banken sine eignelutar, skuldnadar, resultat og finansielle situasjon.


Det vert vidare stadfesta at årsmeldinga frå styret syner eit rettvisande bilet av banken si utvikling og vurdering av risikosituasjonen innan dei mest sentrale risikoområda.

Styret i Voss Sparebank


Trond Syversen
- Styreleiar -



Helene Stråteit
- Nestleiar -


Gunn Irene
Hommedal Kvitne


Knut O. R. Nestås
Knut Olav Nestås


Olav Bjørgum


Rolf Haukås
- Tilsett -


Jørund Rong
- Adm. banksjef -

Skildring av nytta begrep og nykeltal

	2024	2023
Rådveldekapital (mill.)	6 573,0	6 054,5
Gjennomsnittleg rådveldekapital (mill.)	6 370,9	5 956,2
Forretningskapital (mill.)	6 845,3	6 323,1
Kostnadar i prosent av inntekter	37,1 %	37,7 %
Tap i prosent av brutto utlån	0,11 %	0,14 %
Innskotsdekning	95,8 %	94,2 %

Alternative resultatmål er antan justerte nykeltal eller nykeltal som ikkje er definert under IFRS. Voss Sparebank nyttar alternative resultatmål i årsmelding og rekneskap for å gje tilleggsinformasjon om korleis banken vert drifta.

EK-avkastning

Ordinært resultat før OCI i prosent av snitt eigenkapital i rekneskapsåret.
Nykeltalet er rekna ut både før og etter skatt.

OCI

Resultatpostar som går direkte til eigenkapitalen utan å gå via resultatrekneskapen.

Rådveldekapital

Summen av av banken sine eigenlutar, og likeeins summen av banken si gjeld og eigenkapital.

Gjennomsnittleg rådveldekapital

Rekna på månadsbasis for rekneskapsåret.

Forretningskapital

Summen av banken sin rådveldekapital og lån som er overførde til Verd Boligkreditt AS.

Kostnadar i prosent av inntekter

Sum driftskostnadar i prosent av sum inntekter unntake vinst på valuta og verdipapir.

Tap i prosent av utlån

Tap på utlån, garantiar og trekkrettar i prosent av brutto utlån til og fordringar på kundar.

Innskotsdekning

Innskot frå kundar i prosent av brutto utlån til og fordringar på kundar i banken sin balanse (lån som er overførde til Verd Boligkreditter ikkje med i utrekninga).

Rein kjernekapitaldekning

Banken sin teljande eigenkapital (etter tillegg og frådrag) i prosent av risikovekta eignelutar (sjå note 10). Voss Sparebank har ikkje anna enn rein kjernekapital, og summen er soleis lik også for kjernekapital og eigenkapital.

Utlånsvekst

Netto auke (nye lån minus nedbetaling på lån) i prosent av brutto balanseførde lån.

Innskotsvekst

Netto auke (nye innskot minus uttak) i prosent av brutto balanseførde innskot.
Godskrivne renter er ein del av denne veksten.

PM-kundar

Privatkundar som er registrerte med sektorkode 8500 (innanlands) og 9800 (utanlands).

BM-Kundar

Bedriftskundar, andre kundar enn PM-kundar, bankar og finansføretak.

Til generalforsamlinga i Voss Sparebank

Miltzows gata 2, 5700 Voss
Org.nr: 982 316 588 MVA

T +47 56 52 04 00
F +47 56 52 04 01

www.rsmnorge.no

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Me har revidert årsrekneskapen for Voss Sparebank som er samansett av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2024, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoен og notar, medrekna vesentlege opplysningar om rekneskapsprinsipp, og
- konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2024, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna vesentlege opplysningar om rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav,
- gjev selskapsrekneskapen eit rettvisande bilet av banken si finansielle stilling per 31. desember 2024 og av resultata og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak § 1-4, 2. ledd b og IFRS Accounting Standards som godkjent av EU med mindre anna fylgjer av forskrifter, og
- gjev konsernrekneskapen eit rettvisande bilet av konsernet si finansielle stilling per 31. desember 2024 og av resultata og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak § 1-4, 1. ledd b og IFRS Accounting Standards som godkjent av EU med mindre anna fylgjer av forskrifter.

Vår konklusjon er konsistent med vår tilleggsrapport til revisjonsutvalet.

Grunnlag for konklusjonen

Me har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisionsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revision av årsrekneskapen*. Me er uavhengige av banken og konsernet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.


Me er ikkje kjend med at me har levert tenester som er i strid med forbodet i revisjonsforordninga (EU) No 537/2014 artikkel 5 nr. 1.

THE POWER OF BEING UNDERSTOOD
ASSURANCE | TAX | CONSULTING

RSM Norge AS (organisasjonsnummer 982316588), RSM Advokatfirma AS (organisasjonsnummer 914095573),
RSM Norge Kompetanse AS (organisasjonsnummer 925107492).

RSM Norge AS er medlem av RSM-nettverket og driver under navnet RSM. RSM er forretningsnavnet som brukes av medlemmene i RSM-nettverket. RSM Advokatfirma AS og RSM Norge Kompetanse AS er selskapér tilknyttet RSM Norge AS.

Hvert medlem i RSM-nettverket er et selvstendig revisjons- og rådgivningsfirma med uavhengig virksomhet. RSM-nettverket er ikke selv en egen juridisk person av noen form i noen jurisdiksjon.



Me blei første gong vald som revisor for Voss Sparebank i forstandarskapsmøte 18. april 2012 og har no vore revisor samanhengande i 13 år, med årleg attval på generalforsamlinga, sist den 15. mars 2024. I samsvar med revisjonsforordninga (EU) No 537/2014 artikkel 17 er samla tenestetid medrekna samanslåing av revisjonsverksemder i perioden. I samsvar med revisjonsforordninga vart det gjennomført anbod på revisionstenester i 2022 med attval av RSM Norge AS som ekstern revisor, og det må veljast ny revisor seinast med verknad for rekneskapsåret 2032.

Sentrale tilhøve ved revisjonen

Sentrale tilhøve ved revisjonen er dei tilhøva me meiner var av størst betydning ved revisjonen av årsrekneskapen for 2024. Desse tilhøva blei handtert då revisjonen vart utførd og då me danna oss ei meining om årsrekneskapen totalt sett, og me konkluderer ikkje særskilt på desse tilhøva.

Verdien av utlån til kundar

Utlån utgjer ein vesentleg del av verdien av eignelutane i balansen. Banken sine rutinar og system for å fylgja opp utlån og identifisering av utlån med nedskrivingsbehov samt vurderinga av desse utlåna er sentrale. Vurdering av nedskrivingar er basert på eit modellbasert rammeverk med element som krev at leiinga nytta skjøn. Rammeverket er komplekst og omfattar store mengder data og skjønsmessige parameter. Leiinga si bruk av skjøn kan ha innverknad på resultatet for perioden, og kan vidare ha innverknad i høve kapitaldekningsregelverket. Me har fokus på verdien av utlån til kundar på grunn av at utlån utgjer ein vesentleg del av balansen, samt verknaden av det skjøn leiinga utevær som del av rutinen ved vurderinga av nedskrivingsbehov.

I samsvar med IFRS 9 skal nedskrivingane på utlån byggja på framoverskodande vurderingar, slik at nedskrivingane reflekterer venta tap. Etter IFRS 9 skal banken fordela engasjementa i 3 steg ved utrekning av venta tap (ECL) på utlån og garantiar som er omfatta av nedskrivingsreglane. Ved utrekning første gong og dersom kreditrisikoen ikkje har auka vesentleg, skal engasjementa vera plassert i steg 1 og det skal avsetjast for venta tap komande 12 månader. Dersom kreditrisikoen har auka vesentleg skal engasjementa overførast til steg 2 og det skal avsetjast for venta tap over heile levetida. Dersom kreditrisikoen vert ytterlegare svekka og engasjementa enten er i misleghald eller det vert føreteke individuell nedskriving, skal engasjementa overførast til steg 3. Desse vurderingane er påverka av skjøn.

Banken sine utlån er i hovudsak til personkundar og SMB-segmentet, og modellen som er utvikla skal estimera nedskrivingar til dette segmentet. Me har i revisjonen særleg fokus på:

- Leiinga sin prosess for identifisering av utlån som skal overførast til steg 3, og føresetnadene som leiinga legg til grunn ved utrekning av nedskrivingsbeløp for utlån i steg 3
- Leiinga sin prosess for utrekning av nedskrivingar for utlån i steg 1 og 2
- Leiinga sin prosess for oppfølging av banken sine største engasjement

Handtering av sentrale tilhøve i vår revisjon

Våre revisjonshandlingar inkluderer forståing og testing av den interne kontrollen og effektiviteten av dei viktigaste kontrollane innanfor utlån og prosedyrar for nedskriving for mogelege tap på utlån. Vår testing av kontrollane gir oss eit grunnlag for avklaring av type, tidspunkt og omfanget av våre andre revisjonshandlingar. Me har skaffa oss ei forståing av banken sin kredittpolicy, og vurdert prosessane for identifisering av nedskrivingsbehov i samsvar med IFRS 9.

Me har opparbeidd oss ei detaljert forståing av prosessen og relevante kontollar retta mot å sikra:

- utrekningar og metode som vart nytta i modellen
- at modellen som vart nytta er i samsvar med rammeverket
- pålitelegskapen og nøyaktigheita av data som vert nytta i modellen

Me har vidare kontrollert at banken overheld rutinane i kreditprosessen på eit utval av kundar med fokus på betalingsevne og trygd. For eit utval av misleghaldne og tapsutsette engasjement har me kontrollert leiinga sin prognose for kontantstraumar og verdivurdering av trygd. Me har evaluert konsistensen av dei viktigaste føresetnadane, medrekna gjeldande marknadssituasjon, og samanlikna desse med vår eigen forståing av aktuelle parameter. Me har vurdert leiinga sine utrekningar for å stadfesta storleiken av bokførde nedskrivingar.

I tillegg har me på eit utval av friske engasjement vurdert om låntakar si betalingsevne og trygd er tilfredsstillande, og at det ikkje føreligg indikasjonar på nedskrivningsbehov. Utvalet er basert på oversikt over banken sine største engasjement, løyvingsprotokoll og risikoklassifiseringssystemet.

Banken sine notar 2 - 9 og 11 - 12 til årsrekneskapen er relevante for skildringa av banken sin tapsmodell og for korleis banken estimerer tapsavsetjingane i samsvar med IFRS 9. Me har lest notane og vurdert om informasjonen knytt til tapsmodell, ulike parameter og skjønsmessige vurderingar var tilstrekkelege og dekkjande.

Ytterlegare informasjon

Styret og adm. banksjef (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller anna ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, anna ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap me har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon inneholder vesentleg feilinformasjon. Me er pålagde å rapportere om årsmeldinga eller anna ytterlegare informasjon inneholder vesentleg feilinformasjon. Me har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen me har opparbeidd oss i revisjonen, meiner me at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneholder dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeida årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilet i samsvar med forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak § 1-4, 1. og 2. ledd b og IFRS Accounting Standards som godkjent av EU med mindre anna følger av forskrifter. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta.

Ved utarbeidninga av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til banken og konsernet si evne til å halde fram med drifta, og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen med mindre leiinga enten har til hensikt å avvikle konsernet eller legge ned verksemda, eller ikkje har noko realistisk alternativ til dette.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneholder konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan ventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tek på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver me profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår me risikoene for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta. Me utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoene for at vesentleg feilinformasjon som følge av misleg framferd ikkje blir avdekkja, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilskikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, medvitne utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.

- opparbeider me oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meinig om effektiviteten av banken og konsernet sin interne kontroll.
- evaluerer me om rekneskapsprinsippa som er nytta, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer me på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden er føremålstenleg og, basert på innhenta revisjonsbevis, om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om banken og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom me konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må me i revisjonsmeldinga gjera merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at me modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta fram til datoene for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at banken og konsernet ikkje kan halde fram drifta.
- evaluerer me den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggende transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilet.
- innhentar me tilstrekkeleg og føremålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meinig om den konsoliderte årsrekneskapen. Me er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Me åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Me kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde innhaldet i revisjonen, tidspunkt for revisjonsarbeidet, og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, medrekna vesentlege svakheiter i den interne kontrollen som me avdekker gjennom revisjonen.

Me gjev ein uttale til revisjonsutvalet om at me har etterlevd relevante etiske krav til uavhengigkeit, og kommuniserer med dei alle relasjonar og andre tilhøve som innanfor rimelege grenser kan tenkjast å kunne påverke uavhengigheit vår, og, der det er relevant, om tilhøyrande åtgjerder.

Av dei tilhøva me har kommunisert med styret, tek me standpunkt til kva for tilhøve som var av størst betyding for revisjonen av årsrekneskapen for den aktuelle perioden, og som difor er sentrale tilhøve ved revisjonen. Me omtaler desse tilhøva i revisjonsmeldinga om ikkje lov eller forskrift hindrar at tilhøvet vert gjort offentleg, eller dersom me, i ekstremt sjeldne tilfelle, avgjer at eit tilhøve ikkje skal omtalast i revisjonsmeldinga sidan ein må rekne med at dei negative følgjene av ei slik offentleggjering innanfor rimelege grenser oppveg allmenta si interesse av at tilhøvet vert omtala.

Voss, 28. mars 2025
RSM Norge AS


Harald Bjotveit
statsautorisert revisor



@vossabanken

→ Ved å vera kunde i Voss Sparebank er du med på å skapa verdiar som kjem lokalsamfunnet til gode i form av gåver og støtte til lokale lag og organisasjonar.

